Samnanger kommune
der du vil leva og bu



Skisseprosjekt sjukeheimen

BUDSJETT 2013

Rådmannen sitt framlegg
Merknader

1. INNHALD	
2. INNLEIANDE MERKNADER	**3**
3. VIKTIGE FØRESETNADER	**4**
4. GENERELLE MERKNADER	**9**
5. KOMMENTARAR TIL DEI EINSKILDE EININGANE	**16**
Rådmannen sitt kontor	**17**
Kyrkjeleg føremål	**18**
Næring	**19**
Eining for interne tenester	**20**
Teknisk	**22**
Sosial og helse	**25**
Pleie og omsorg	**28**
Kultur, skule og barnehage	**30**
Kultur	**31**
Skule	**36**
Barnehage	**42**
6. MERKNADER TIL INVESTERINGSBUDSJETTET	**45**
7. BUDSJETT	
Framlegg til driftsbudsjett på funksjonsnivå	**49**
Framlegg til investeringsbudsjett (2013 – 2016)	**53**
8. VEDLEGG	
1. Skriv frå fylkesmannen i Hordaland om framlegg til statsbudsjett	**53**
2. Utdrag av fylkesmannen sitt skriv om fordeling av skjønsmidlar	**55**
3. Prognosemodellen brukt på Samnanger	**67**

Budsjett 2013 har vore avansert balansekunst

2. INNLEIANDE MERKNADER/OPPSUMMERING

Dårlegare rammevilkår enn føresett i økonomiplanen
- **Mindre inntekter**
- **Dyrt lønsoppgjer**

Det er på tide å sette tæring etter næring

Samnanger kommune opplever at til tross for at me har auke i folketalet går inntektene frå rammetilskot og skatt ned. Dette skjer fordi det skjer endringar i befolkningsstrukturen vår i visse aldersgrupper – 1-åringar og skuleelevar - som gir oss til dels stort tap. Mobiliteten er vanlegvis høgast hjå familiar med små barn. Det er derfor viktig å legga til rette for auka innflytting også for å få auka inntekter. På den andre sida har me ein auke i tal innbyggjarar over 90 år, med påfylgjande auke i tilskotet, men denne veg ikkje opp for tapet som kjem som fylgje av redusert barnetal.

Inntektene frå sal av konsesjonskraft har stupt. Det er å håpa at prisane tek seg opp att. I økonomiplan legg med det til grunn. Både som fylgje av retaksering og fleire anlegg kan me rekna med vesentleg meir inntekter frå eigedomsskatten. Dette vegar opp for ein del av inntektsbortfallet.

Lønsoppgjeret i 2012 vart vesentleg dyrare enn føresett. I statsbudsjettet er lønsauken rekna til 4%, men for Samnanger er den minst 5%. Direkte og indirekte lønsutgifter utgjer minst 75% av kommunen sine driftsutgifter, og 1% større vekst gir store utslag.

Samnanger kommune har gjennom vedtak om økonomiplan bestemt at driftsutgiftene våre skal reduserast. Dette er naudsynt for å få plass til store investeringar som sjukeheimen. I tillegg til at det er naudsynt for å få balanse i budsjettet utover i økonomiplanperioden er det også eit "krav" frå sentralt hald om å ha eit netto driftsresultat på 3%. Ved kvar einaste budsjetthandsaming har me brukt opp pengane. Me har vore samde om at det bør settast av midlar på eit eller fleire "bufferfond" . Men me har ikkje fått det til.

Ambisjonsnivået er høgt i Samnanger når det gjeld å byggja samfunnet og yta gode tenester. Det er planar om mange nye tiltak. Mange av desse er naudsynte dersom me skal nå målet om å verta fleire innbyggjarar og gje gode tenester. Men skal me gå laus på nye oppgåver må gamle oppgåver ut eller i alle fall gjerast rimelegare.

- **Økonomiplan 2013 – 2016 gir rammene og har vore styrande for prioriteringane**
- **Samnanger får mindre auke i dei frie midlane enn gjennomsnittet av kommunane. Auken dekker ikkje løns- og prisauken.**
- **Samnanger bruker mykje pengar**

Gjeldande økonomiplan, som vart vedteken i juni har vore styrande for rådmannen sitt arbeid med årsbudsjettet for 2013. Økonomiplanen er laga ut frå lokale mål nedfelt i m.a. kommuneplan og ut i frå statlege føringar. I økonomiplan er det lagt til grunn same driftsnivå i 2013 som i 2012.

Framlegg til budsjett er langt på veg i samsvar med dette, men det har det vore vanskeleg å få det til. Rådmannen har hatt ei stor utfordring sidan inntektene våre svikta og lønsutgiftene har vokse ut over det som låg i ramma. Alle steinar er snudd, så godt som alle reserver er henta inn. Me har måtte stryke postar til meir vedlikehald, vikarbudsjett er krympa etc.. I det heile tatt er budsjettet for 2013 strammare enn på lenge. Me har m.a. lagt til grunn at me vil ha den same låge rentesatsen som me har i dag i heile 2013. Med så godt som ingenting på driftsfond og 0 på konto for tilleggsløyving set det store krav til budsjettdisiplin.

Einingane sine framlegg til budsjett er delt i to – konsekvensjustering av eksisterande drift og framlegg til nye tiltak. Sidan dei økonomiske føresetnadane vart slik dei vart, har rådmannen ikkje kunne gå inn i listene med nye tiltak.

Det er frustrerande å sjå at me får overført langt mindre frie midlar enn forventa. Til tross for auke i folketal får me mindre enn me hadde rekna med. I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein gjennomsnittleg auke i dei frie midlane på 4 %. Samnanger sin auke er på 2,5 %. Når me i tillegg har minst 1 % høgare lønsvekst enn staten legg til grunn får me i staden for ein vekst i frie inntekter ein tilbakegang på minst 1,8%.

Når det gjeld investeringsbudsjettet, er dette slik rådmannen ser det fastsett for lang tid framover. Det er gjort framlegg om eit par små nye tiltak som av ulike grunnar tvingar seg fram. Hadde der vore disponible driftsmidlar ville det vore like naturleg å føra tiltaka her.

Det er gjort ein del grep særleg innan skule for å få ned ressursbruken. Her ligg me i 2011 under gjennomsnittet. Det bør likevel takast ein diskusjon om me bruker pengane på rett måte. Jmf storleiken på ressursane som går til spesialundervisning. På det andre store område – pleie og omsorg – ligg me høgt. Dette kan skuldast strukturelle tilhøve som me kanskje får endra gjennom dei store investeringsprosjekta vore. Det er likevel all grunn til å sjå nærare på tenestene her. Skal me makta å redusera drifta i den storleik som er naudsynt, må alle tenestene under lupa.

Rådmannen legg ikkje opp til ein diskusjon om me har råd til å gjennomføra dei mange store investeringsprosjekta.Eit initiativ om ein slik diskusjon forventar eg må koma frå politikarane.

3. VIKTIGE FØRESETNADER

Opplegget i statsbudsjettet - inntektssystemet
Kommunane sine frie inntekter består av rammetilskot og skatteinntekter. Dette er inntekter som kommunar kan disponera fritt utan andre føringar frå staten enn gjeldande lover og regelverk. I 2013 er det lagt opp til realvekst i dei frie inntektene på 0,8 %. Dvs. at det kjem i tillegg til at dei frie inntektene er auka for å møta nye oppgåver som er lagt inn i statsbudsjettet samt at dei er justert for løns- og prisauken frå 2012 til 2013.
Denne realveksten skal dekka forventa meirutgift som fylgje av demografi og auka pensjonskostnad. Nye oppgåver som er lagt opp til i statsbudsjettet er t.d. valfag på ungdomsskulen og kulturskulesatsing på barnetrinnet.

Det overordna formålet med inntektssystemet er å jamna ut kommunane sine føresetnader for å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Ved fordeling av rammetilskotet vert det teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane sine kostnader (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Det vert og gjeve tilskot til kommunar som har ein vekst i rammetilskotet som er lågare enn kr 335 pr innbyggjar. (*Inntektsgarantiordninga INGAR*). Inntektssystemet inneheld også tilskot som er grunngjeve ut frå regionalpolitiske målsettingar. *Nord-Noreg- og Namdalstilskot*, *småkommunetilskot* og *distriktstilskot Sør-Noreg*. I tillegg vert det gitt skjønstilskot for å korrigera for tilhøve som ikkje vert godt nok ivareteke i fordelingssystemet elles. Kommunar med særleg høg befolkningsvekst får eit eige *veksttilskot.*

Skatteinntekter

Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2012 til 2013 med 5,4 prosent. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år. Skatteøyret vert m.a fastsett på grunnlag av gjeldande målsetting om at skatteinntektene i kommunane skal utgjere 40 % av kommunen sine samla inntekter. Den er halde uendra på 11,6 % for 2013 I skatteprognosen for 2013 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2011 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2011. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Inntektsutjamninga jamnar ut skilnader i skatteinntekter mellom kommunane, og den omfattar

inntekts- og formuesskatt frå personlege skatteytarar og naturressursskatt frå kraftføretak. For kommunane vart det i 2005 innført ei ordning med symmetrisk inntektsutjamning. For 2013, som for 2012, får kommunar med skatteinntekter under landsgjennomsnittet kompensert 60 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Kommunar med skatteinngang over landsgjennomsnittet vert trekt med 60 % av differansen mellom eigen skatteinngang og landsgjennomsnittet. Det er ingen endringar i tilleggsutjamninga. Kommunar med skatteinntekt under 90 % vert som før kompensert for 35 % av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Finansieringa av tilleggskompensasjonen skjer ved at kvar kommune vert trekt med ein lik sum pr. innbyggjar. Samnanger har dei siste åra lagt på ca 94% av landsgjennomsnittet før det vert teke omsyn til inntektsutjamning. Inkludert inntektsutjamning ligg Samnanger på ca 96 % av landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga for den einskilde kommune vert berekna fortløpande ti gangar i året etter kvart som skatteinngangen er kjend. Dette betyr at det er inntektsutjamning ved alle ti terminutbetalingar av rammetilskot. Endeleg fordeling vil skje når skattetala for 2012 ligg føre i februar 2013..

Rammetilskot

Rammetilskotet består av Innbyggjartilskot, omfordeling (f.eks utgiftsutjamning, inntektsgarantiordninga INGAR) og regionalpolitisk tilskot (f.eks småkommunetilskot og skjønn). *Innbyggjartilskotet* blir i utgangspunktet fordelt mellom kommunane med eit likt beløp pr innbyggjar som i 2013 er på kr 21 786,- (20 887 kr i 2012) , deretter skjer ei *omfordeling* mellom kommunane i høve til kriteriedata og kostnadsnøklar (*utgiftsutjamning*), korreksjonsordning for elevar i statlege og private skular og inntektsgarantiordninga (INGAR)

Omfordeling:

Utgiftsutjamninga i inntektssystemet er grunngjeve med at tilhøve av demografisk, geografisk og sosial art gir strukturelle kostnadsskilnader som kommunane i liten grad kan påverka. For at kommunesektoren skal kunne gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine, må det

takast omsyn til slike strukturelle kostnadsskilnader ved fastlegging av dei økonomiske rammene til den einskilde kommune. Eksempel på slike kostnadsskilnader er ulik aldersfordeling eller reiseavstand innan kommunen. Det er også nødvendig å foreta inntektsutjamning av skatteinntektene for å oppnå ei rimeleg utjamning av dei økonomiske føresetnadane.

I 2011vart kostnadsnøklane endra for første gong sidan tidleg 90-tal. Målet med kostnadsnøkkelen er å jamna ut ufrivillege kostnadsulemper i kommunal tenesteproduksjon. Det er kommunane som tilbyr dei viktigaste velferdstenestene som grunnskule og pleie- og omsorg. Det er derfor avgjerande at kostnadsnøkkelen er oppdatert. Det blir lagt opp til revisjon kvart 4. år. I 2012 vart kostnadsnøklane likevel endra pga. innføring av samhandlingsreforma. Dette medfører m.a at eldre innbyggjarar får høgare vekt i utgiftsutjamninga. Frå august 2012 vart ordninga med kontantstøtte til 2-åringar avvikla og gjeld no berre 1-åringar. Kriteria i utgiftsutjamninga (kostnadsnøklane) er derfor justert frå og med 2013. Kriteria innbyggjarar 3 – 5 år og borna 1 -2 år utan kontantstønad blir erstatta med kriteria innbyggjarar 2 – 5 år og born 1 år utan kontantstønad. Vektinga på kriteria i utgiftsutjamninga blir og justert.

Utgiftsutjamninga gjer at Samnanger kommune får eit tillegg på kr 5 572 kr pr innbyggjar, totalt kr 13 478 000 . Tilsvarande tal i 2012 var kr 6 101 pr innbyggjar, totalt kr 14 673 000. Dette er ein reduksjon på 1,195 mill.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot, oppgåveendring og endringar i kriteriedata. For Samnanger kommune sin del slår endringa i kriteriedata negativt ut. Veksten i rammetilskotet er på landsbasis kr 635 pr innbyggjar. Samnanger kommune har fått kr 239 pr innbyggjar , dvs kr 396 lågare enn landsgjennomsnittet. Med 2419 innbyggjarar gjev dette eit "tap" på kr 1 mill. For å kompensere får kommunen eit INGAR-tilskot på kr 83 000. I 2012 vart me trekt kr 167 000.

Regionalpolitiske tilskot
Småkommunetilskotet vert gitt til kommunar med færre enn 3200 innbyggjarar For å få småkommunetilskot må kommunen i tillegg ha ei gjennomsnittleg skatteinntekt dei siste tre åra som er lågare enn 120 prosent av landsgjennomsnittet. Samnanger kommune mottek småkommunetilskot i 2013 med kr 5.161 (kr 4.996 i 2012)..

Skjønstilskotet skal brukast til å kompensera kommunar for spesielle lokale forhold som ikkje er fanga opp i den faste delen av inntektssystemet. Fylkesmannen fordeler den tildelte fylkesramma på etter retningslinjer gitt av departementet. Skjønsramma er redusert for 2013, men kommunen fekk same summen som i 2012. Tildelinga til Samnanger er m.a. grunngjeve med tung brukar i pleie og omsorg og førstehjelpsbilen. Den ufordelte ramma på kr 25 mill. vil bli nytta til omstillings- / utviklingsprosjekt og til generell fordeling i løpet av 2013.

Særlege ordningar i 2013 i og utanføre rammetilskotet

Barnehagar
Maksimalpris for foreldrebetaling er i framlegg til statsbudsjett vidareført på same nominelle nivå som i 2012. Kompensasjon til kommunane for manglande prisjustering av foreldrebetaling blir lagt inn som ein auke i rammeoverføring.

Opptrapping med sikte på likestilling mellom kommunale og ikkje-kommunale barnehagar blir vidareført. Minimumstilskotet til ikkje - kommunale barnehagar aukar frå 92 til 94

prosent av det dei kommunale barnehagane i gjennomsnitt får i offentleg finansiering, frå 01. august 2013. Det er framlegg om ei løyving på kr. 58 mill. i auka rammeoverføring til dette føremålet i 2013 (halvårsverknad). I tillegg kjem kompensasjon av heilårsverknad av opptrappinga i 2012.

Nytt valfag i ungdomsskulen
Det blir innført 1 ½ time valfag (to «skuletimar») i veka pr. års trinn i ungdomsskulen. Det er innført for 8.trinn frå hausten 2012, blir utvida til 9.trinn frå hausten 2013 og til 10. trinn frå hausten 2014.

Det er lagt inn auka kompensasjon i rammetilskotet for 2013 for heilårsverknad for 8.trinn og 5/12 - effekt for 9.trinn.

Tilskot - fleire lærarar i ungdomsskulen
Regjeringa gir framlegg om etablering av ei fireårig tilskotsordning frå skuleåret 2013-2014 med sikte på å få fleire lærarar i ungdomsskulen. Kommunar som har ungdomsskular med både grunnskulepoeng under gjennomsnittet og gruppestorleik over 20 elevar pr. lærar, får tilbod om å vere med i prosjektet. Desse kommunane kan søkje om midlar årleg over fire år til nye lærarårsverk. Det blir vist til nærare opplysningar frå Kunnskapsdepartementet.

Innføring av kulturskuletilbod i skulen/SFO
Regjeringa har framlegg om å innføra ein veketime frivillig og gratis kulturskuletilbod i skule- eller SFO-tida på barnetrinnet (1.- 4. trinn) frå hausten 2013. For Samnanger betyr det ein auka utgift på ca 40.000 kroner i 2013.

Kommunalt barnevern
Barnevernet i kommunane blei frå og med 2011 styrka med eit nytt øyremerka tilskot. Tilskotet er i hovudsak nytta til nye stillingar i barnevernet i kommunane. Samnanger var mellom dei første kommunane som søkte og fekk tilskot.

Samhandlingsreform
Reforma er innført frå 01. januar 2012 men er planlagt opptrappa over fleire år. I 2012 blei det lagt inn i rammeoverføring i overkant av kr. 5 mrd. til kommunal med-finansiering og kr. 560 mill. til utskrivingsklare pasientar. Desse midlane blir vidareført i rammeoverføring for 2013 og er prisjustert til 2013 - kroner.

Tapskompensasjon
Det blir gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som dei siste åra ville hatt høgare forbruk innan kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasientar dersom kommunane hadde hatt dette betalingsansvaret - og det dei no vil få overført ordinært gjennom rammeoverføring.
Samla kompensasjon for landet var kr. 305 mill. i 2012 og denne er prisjustert til 2013-kroner.

Tapskompensasjonen inngår i rammeoverføring, men midlane blir fordelte særskilt og ikkje etter dei faste kriteria i inntektssystemet. Fordelinga mellom kommunane vil vere den same i ein periode på tre år (2012 - 2014).

Døgnopphald - hjelp
Det blir ein plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med behov for hjelp med ein gong. Det er lagt opp til ei gradvis innføring av ordninga for å sikra at kommunane får tid til å bygga opp tenesta.

I statsbudsjettet er det lagt til grunn at dette tilbodet inneber ei avlastning for kommunane si medfinansiering av spesialisthelsetenesta. Det blir difor gjennomført eit trekk på kr. 83 mill. i rammeoverføring til kommunane i 2013.

Tilbod om aktivitet på dagtid for heimebuande

Det er ei målsetjing at alle kommunar innan 2015 skal kunne tilby dagaktivitetstilbod for demente. For å stimulera til utbygging av tilbodet blei eit eige øyremerka tilskot innført i 2012 med kr. 150 mill. Det er framlegg om å auka dette øyremerka stimuleringstilskotet med kr. 100 mill. i 2013.

Det er sjølve etableringskostnadene med tilbodet som er planlagt finansierte av det øyremerka tilskotet, medan driftskostnadene til nye årsverk må finansierast innafor den generelle veksten i dei frie inntektene.

Sjukeheimsplassar og omsorgsbustader

I 2013 blir maksimalt investeringstilskot kr.840.000,- for omsorgsbustader og kr.1.120.000,- for sjukeheimsplassar. Maksimalt berekningsgrunnlag (øvre investeringsramme) aukar frå kr. 2,29 mill. i 2012 til kr. 2,8 mill. i 2013.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Innlemming av tilskot til kommunalt rusarbeid i rammetilskotet

Regjeringa gjer framlegg om å innlemma kr. 333 mill. av det noverande øyremerka tilskotet til kommunalt rusarbeid i rammetilskotet til kommunane frå 2013. Det er ikkje lagt inn midlar til Samnanger kommune.

Regjeringa gir framlegg om å vidareføra kr. 100 mill. av det noverande øyremerka tilskotet til rusarbeid til følgjande føremål; auka rekruttering av psykologar i kommunane (kr. 20 mill.), stimuleringstilskot til etter- og vidareutdanning (kr. 25 mill.) og utprøving av samhandlingsmodellar samt vidareføring av tilskot til sprøyterom (kr. 55 mill.).

Ressurskrevjande tenester

Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester blei lagt om frå og med 2008. Kompensasjonsgraden er etter omlegging den same for kvar kommune. Tilskotsordninga er for personar under 67 år. Det er førebels ikkje lagt opp til endringar i ordninga.

Det er lagt opp til følgjande for 2013:

- Kompensasjonsgraden er 80 % for netto utgifter utover innslagsnivået.
- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka pr. brukar frå kr. 935.000,- til kr. 975.000,- for netto utgifter i 2012. Dette svarer til påreknа lønsvekst frå 2011 til 2012.
- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2013 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap i 2012. Kommunane skal inntektsføra den påreknа kompensasjonen i same året som utgiftene har vore.

Tilskot gjennom rammeoverføring for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) blir trekt frå i berekningsgrunnlaget. Dette gjeld også for eventuelle øyremerka tilskot.

For meir informasjon om statsbudsjettet og kommunane sjå vedlagde skriv frå fylkesmannen i Hordaland om framlegg til statsbudsjett.

4. GENERELLE FØRINGAR - SAMNANGER

Samnanger kommune får ein realnedgang i dei frie inntektene på 1,8 %.

Samnanger kommune har ein lønsvekst frå 2012 til 2013 på minst 5 %. Basert på at veksten i dei frie inntektene våre er 2.5 % og at me har den same prisauken som er føresett i statsbudsjettet tilseier det ein reell nedgang i dei frie inntektene på minst 1,8 %.

Dei frie inntektene utgjer utgjer meir enn halvparten av inntektene. Når me i realiteten har ein nedgang i desse inntektene, seier det seg sjølv at det er vanskeleg å oppretthalda drifta.

Inntekter

Samnanger har hatt gode inntekter samanlikna med dei fleste andre kommunane. Variasjonar mellom kommunane i kor mykje midlar ein har til rådvelde kan delvis forklarast med utgiftsvariasjon, t.d. svært ulik samansetting i befolkningsstrukturen. Andre tilhøve kan vera skilnad mellom kommunar med og utan eigedomsskatt.

Figuren under viser at medan dei andre kommunane har jamn vekst i inntektene i perioden 2002 til 2011 har Samnanger har hatt til dels store variasjonar. Me har i heile perioden lagt godt over landsgjennomsnittet og snittet av kommunane i Hordaland, men under gruppe 2 . I 2011 har me større brutto driftsinntekter målt pr innbyggjar enn gruppe 2. Me finn tilsvarande auke når me berre ser på dei frie inntektene – rammetilskot/skatt. Hovudforklaringa på "hoppet" vårt i 2011 må nok tilskrivast at dei endringane som vart gjort i modellen for utreking av rammetilskotet i 2011 var svært positive for Samnanger. For 2013 vil endringa i kostnadsnøklane gi kommunen redusert rammetilskot pr innbyggjar samanlikna med 2012. Det er samansettinga av befolkninga som gir denne effekten, og dei negative utslag kjem som fylgje av nedgang i barnetalet. Her har me samla verknader på om lag 2,5 mill. kroner. I den andre enden får me eit positivt bidrag sidan me har fleire personar over 90 år i 2012 enn i 2011. Tapet vårt vert som tidlegare vist berre berre minimalt kompensert for gjennom INGAR.



Samhandlingsreforma. Det er fleire postar i statsbudsjettet som er knytt til samhandlingsreforma. Den største delen er medfinansiering (kommunen skal ta 20% av kostnaden knytt til behandling på

sjukehus) og betaling for utskrivingsklare pasientar (kr 4.000 pr. døgn). I statsbudsjettet er det lagt til grunn at løyvinga i 2012 er tilstrekkeleg på desse to områda for dei fleste kommunane. Det er derfor berre føreteke ei prisjustering i overføringane. Basert på rapport for første halvår 2012 og med dei føresetnader som staten har sett ser overføringane til Samnanger å vera riktig.

Samnanger kommune tilliks med andre kommunar saknar midlar til førebyggjande arbeid. Betre arbeid på dette området er sett som ein føresetnad for at ein skal lukkast med reforma. Samnanger har hatt moglegheit til å ta imot dei utskrivingsklare pasientane slik at det knapt er betalt for å ha pasientar liggjande på sjukehuset ut over avtalt tid. Det har gjort at me har kunne nytta delar av midlane til delfinansiering av stilling til ein folkehelsemedarbeidar.

Saman med Os og Fusa kommune har det vore arbeidd med innføring av reforma. Her er det m.a. konkludert med at det bør etablerast felles team rundt problemstillingane kols og diabetes. Desse prosjekta har fått innvilga søknad om statstilskot, men det krev kommunal medfinansiering for å koma i gang. I rådmannen sitt framlegg er det ikkje lagt inn midlar til tiltaka. Det er her snakk om kostnader i 2013 på 130.000 kroner for Samnanger sin del.

Samnanger kommune har av ulike grunnar vald å venta med etablering av ØH-senger (øyeblikkeleg hjelp eller observasjonssenger). Det betyr at me ikkje vil søkja eller få tildelt midlar av den potten som staten har avsett pengar til det i 2013. Me har då liten forståing for at det i rammetilskotsordinga er trekt inn midlar alt no til finansieringa av dei kommunane som startar tidlegare enn 2016.

Eigedomsskatt verk og bruk

I Samnanger er det eigedomsskatt på verk og bruk med 7 promille, og inntekta kjem i all hovudsak frå kraftanlegga i kommunen. Eigedomskattegrunnlaget for kraftverk blir fastsett av skatteetaten. Dei nye reglane som kom inn i lova i 2004 om maks-tak betyr at kommunar som har kraftutbygging i kommunen men som ikkje er eigarar av kraftverk (utbygge) ikkje har fått del i verdistiginga som har vore dei siste åra. Ei berekning gjort for skatteåret 2010 viser eit inntektstap på kr 4,2 mill for Samnanger. LVK (Landsamanslutninga av Vasskraftkommunar) arbeidar med å heva / fjerna dette taket, men me reknar ikkje med at maks-taket vil verta fullstendig fjerna i denne 4-års perioden. Maks-taket er i 2012 og for 2013 vedtatt inflasjonsjustert. Me føreset at regjeringa vil fortsetta å inflasjonsjustera maks-taket, og at taket blir heva i 2015 og 2016.

Samnanger kommune får eigedomskatt på bygging av Sima- Samnanger i byggeperioden. Dette er estimert til å gje 722 500 kr i 2013 og 933 000 kr i 2014 når anlegget/linja står ferdig.

Det blir i 2012 gjennomført taksering av verk og bruk i kommunen som ikkje er kraftverk. Det er ikkje fatta vedtak pr oktober, men fleire av dei større anlegga er ferdig taksert og auken i eigedomsskatt er estimert til 1 mill. kr. Dette er lagt inn i framlegget.

Totalt sett er det budsjettert med 11 969 500 kr i eigedomsskatt. Dette er ein auke på 2,58 mill kr. frå 2012

Konsesjonskraft

Samnanger kommune har 22 321,1 MWh, og inntektene frå salet av denne har vore og er viktig for kva tenester me kan gje. Det er mykje som påverkar kraftprisen. I 2012 har prisane stupt, m.a. som fylgje av mykje nedbør og relativt sett varm vinter med påfylgjande lite forbruk. Situasjonen i Europa på fleire område påverkar straumprisen i same negative retning. Slik prognosane er og har vore for 2013 har me vald å venta med å selja konsesjonskrafta i håp om at prisane tek seg noko opp. Estimat for 2013 gjev oss ein pris på rundt 4 mill kroner, noko som også er lagt inn for 2013. Det er 1,6 mill kroner mindre enn føresett i økonomiplanen. I resten av økonomiplanperioden legg me til grunn 5 mill kroner.

Kommunen står fritt til å bruka konsesjonskrafta. Dvs. at me kan bruka den til oppvarming av eigne bygg. Dette har tidlegare vore uinteressant sidan me har hatt større vinst på å selja krafta i marknaden enn å selja til oss sjølve. Det er inngått god fastprisavtale for kjøp av straum for 2013. Me vil i løpet av 2013 sjå nærare på om det vil løna seg for kommunen å bruka noko av krafta sjølv.

Inntekter frå sal av konsesjonskraft



Kommunale gebyr og avgifter

Dei fleste kommunale tenestene er arbeidsintensive. Det er derfor naturleg at satsane vert justert i takt med lønsauken. Ein kan på den måten oppretthalda om lag same inndekning gitt at det ikkje skjer endringar i aktivitet, andre kostnader m.m. I statsbudsjettet er det lagt til grunn ein prisindikator på 3,3% og lønnsvekst som inngår i denne med 4 %. Lønsauken i Samnanger er vesentleg høgare, rundt 5%.

For nokre tenester er det staten som bestemmer satsane. Dette gjeld foreldrebetalinga i barnehagen (eks. betaling for mat), makstakst for kulturskulen og for nokre grupper også betaling for heimebaserte tenester. For andre type tenester har staten sett som føresetnad at brukar betalar det det kostar – sjølvkostprinsippet. Dette gjeld dei fleste tenester som teknisk eining kan ta betalt for.

Kommunestyret vil med det første vedta nytt regulativ for oppmåling/ matrikkel, byggje-, deling- og plansaker. Budsjettframlegget er i tråd med framlegg til regulativ. Inntektene våre på desse områda kan aukast vesentleg som fylgje av det nye regulativet men også som fylgje av auka aktivitet.

Utgangspunktet for fastsetjing av avgiftene er budsjettframlegget for 2013. For dei tenestene som ikkje er definert som sjølvkost, har me lagt til grunn ein auke på 4,5 %. Dvs. noko mindre enn

lønsauken. Kommunen har høge avgifter/gebyr for vassforsyning. Over mange år har me likevel måtte subsidiera abonnentane. I 2012 er det lagt til grunn eit mindre overskot. Det same har me gjort for 2013. Dette er i samsvar med regelverket. Me foreslår at auken her vert mindre enn forventa lønsauke, og har budsjettert med ein auke på 3,5%. Når det gjeld avløp, er det lagt til grunn ein auke på 5,5% på årsavgifta og 3,5% på tilknytingsavgifta. Me bruker likevel ein mindre sum av driftsfond avløp til å få balanse. For feiing er det gjort eit påslag på 6%. Prisen er fortsett ikkje høg, og det er eit mål om snarast å koma opp på eit nivå som tilseier at brukarane betalar det det koster å gjennomføra tilsyn og feiing.

Husleigene i kommunale bygg er foreslått justert med ca 3,5 %.

Sjukepengerefusjon
I utgangspunktet vert det ikkje budsjettert med inntekter frå sjukerefusjon. Dvs. at det heller ikkje er vert sett av vikarmidlar til denne type fråvær. I pleie og omsorg vart det etter inititativ frå dei tillitsvalde oppretta sokalla bufferstillingar som skulle finansierast med sjukepengerefusjon. Bruken av desse stillingane er redusert, noko som viser att i budsjett 2013 ved at både inntekter og utgifter er redusert. Det vert vidare budsjettert med refusjon knytt til omsorgspermisjon der me er kjend med at det vert permisjon. Her budsjetterer me også med vikarutgifter.

Driftsutgifter

Samnanger har som vist tidlegare høge inntekter målt pr innbyggjar. Grafen underviser at me bruker desse pengane i drifta. I 2011 har me også eit høgare forbruk enn gruppe 2.
Lønsutgifter til eigne tilsette utgjer rundt 2/3 av driftsutgiftene. Endringar her vil få store konsekvensar på totaliteten. Det var m.a. ein auke i netto lønsutgifter frå 2010 til 2011 på 9,3 %, og med eit dyrt lønsoppgjer i 2012 gjer det handlingsrommet vårt mindre enn me kunne ønska.

Brutto driftsutgifter pr. innbyggjar (i 1.000kr)



Lønsauke
2013 er eit mellomoppgjer. Rådmannen hadde forventingar om at hovudoppgjeret i 2012 skulle verta moderat, men tilsette i kommunesektoren fekk store tillegg. For mange er det snakk om lønsauke på meir enn 5%. For 2013 er det rekna med tillegg på rundt 3%. Den ikkje kjende lønsauken er budsjetter på fellesutgifter i eining for interne tenester.

Pensjon
Etter informasjon frå pensjonsselskapa er premiesatsane som vist under lagt inn i lønsbudsjettet. Tal for 2012 i parentes. I 2012 er det budsjettert med 64,55 % avsetting til folkevalte. Når den folkevalde passerer 65 år, vil kostnad for kommunen vera kostnad på folkevald-avtala i DNB. For 2013 kan me derfor budsjettera med ein pensjonskostnad på 10 %.

DNB	KLP	Staten
18,91 % (19,2)	19,17 % (21,15)	**11,31 % (11,24)**

Me har i 2013 som for 2012 budsjettert med å bruka kr 1,5 mill av DNB- fondet. I tillegg reknar me med å bruka kr 90 000 av premiefond i KLP. Dette vil ikkje påverka utgiftene kommunen har til pensjon sett i samanheng med premieavviket, men det vil påverka det akk. premieavviket som frå 2012 vert fordelt på 10 år mot 15 år tidlegare. Me skal heller ikkje betala arbeidsgjevaravgift av fondsbruken.

Premieavvik og akk. premieavvik inkl. arbeidsgjevaravgift



I oversikten er det budsjettert med bruk av fond kr 1,5 mill kvart år. Me bør vurdera å bruka meir av fondet for å halda det akkumulerte premiavviket nede. Frå 2012 skal akkumulert premiavvik fordelast over 10 år i staden for over 15 år som i dag. Det vil seia at eit positivt premieavvik som er ei inntekt år 0 vil bli ein større utgift dei neste 10 åra. Endringa vil ikkje få tilbakeverkande kraft.

Lånegjeld.
Kommunen vil pr 31.12.12 ha ei netto lånegjeld på 136,5 mill kr mot 116,5 mill kr i 2011. Den blå søyla viser lån som er tatt opp pr oktober 2012.



Kommunen har finansiert mesteparten av investeringar i 2013 med lån. Nokre av investeringane er prosjekt som ikkje er komne så langt som forventa eller som ikkje er starta opp i 2012. Lån til desse prosjekta er alt tatt opp og vil bli brukt i 2013. Lånefinansiering i 2013- budsjettet er på kr 40,9 mill. Kr 20 mill er opptak av nytt lån og kr 20,9 er bruk av unytta lånemidlar pr 31.12.2012 (estimat). Kommunen skal i 2013 ta opp lån til både skule og sjukeheim. Her bør me be Husbanken om eit lånetilbod. Husbanken har flytande rente som ligg under Kommunalbanken og gjev betre tilbod på fastrentebinding.

Rente

I framlegg til budsjett for 2013 er det lagt til grunn ei flytande rente på 2,3 % i 2013 og 3 % i 2014 og 4 % resten av perioden. Den flytande renta er pr oktober 2,26 % i Kommunalbanken og 1,99 % i Husbanken. Styringsrenta er pr oktober 1,5 % og har stått uendra sidan mars 2012. Neste rentemøte i Norges bank er 31.10.12. Me har i budsjettframlegget lagt til grunn at den blir uendra.

Det er pr august 2012 valt fastrente på ca 29 % av lånegjelda. Finansreglementet vårt kap 7 b) sei fylgjande om rentebinding *Minimum 30% av gjeldsporteføljen skal ha flytande rente (rentebinding kortare enn eitt år), minimum 20 % skal ha fast rente, medan 50 % skal verta vurdert ut i frå marknadssituasjonen.*

Over tid vil det sjeldan svara seg å binda renta, men ein vil få sikkerheit i forhold til forventa utgifter. Alternativet til å binda renta er at det vert sett av midlar på eit rentefond som kan ta desse svingingane. Med høg lånegjeld og relativt liten del av lånegjelda på fast rente, er kommunen meir økonomisk sårbar for endring i renta. Det er ikkje lagt opp til margin i rente-estimatet eller til avsetting til rentefond. Utan eit rentefond eller pengar på konto for tilleggsløyving ligg det her ein risiko for meirforbruk.
Med dagens lånegjeld vil ei endring i renta på 0,1 % utgjere ein meirkostnad på i underkant av kr 100 000

Lånevilkår

Lån og rentevilkår pr 31.augustr 2012 (tal pr august 2011 i parentes)

	Lånegjeld	Fastrente	Flytande
Husbanken	Kr 23,98 mill (25,4)	1,9 % - 5,7%	**1,99 %**
Kommunalbanken	Kr 113,3 mill (91,8)	3,12 % og 5,6%	**2,26 %**

Det er budsjettert med kr 4,1 mill (3,2 mill) i renteutgifter og kr 5,4 mill (5 mill) i avdragsutgifter i 2012. Det er budsjettert med at renter på lån i byggeperioden skal bokførast i investeringsrekneskapen. For 2013 utgjer denne summen kr 1 mill. Belastinga på driftsrekneskapen blir såleis mindre. Nokre av låna som kommunen har gjeld forvaltningslån (startlån) og skal betalast av låntakar. Andre gjeld lån til sjølvkostområde og inngår indirekte i sjølvkostrekneskapet. Her vil nedbetalingstid kontra avskrivingstid og rentedifferansen mellom lånerenta og kalkulatorisk rente kunne gje driftsutgifter ut over sjølvkost.



Grafen tek omsyn til renter som blir ført i investeringsrekneskapen med kr 1 mill i 2013, kr 1,6 mill i 2014 og kr 1,1 mill i 2013

5. KOMMENTARAR TIL TENESTEOMRÅDA

Samnanger kommune hadde i 2011 meir driftsmidlar enn andre kommunar målt i kroner pr. innbyggjar. Me brukte og meir. Ved kvar einaste budsjetthandsaming har me brukt opp dei midlane som var tilgjengeleg. Dvs. at me ikkje har makta å ha eit netto driftsresultat på 3 % slik god budsjettdisiplin tilseier.



Med dei relativt sett høge driftsinntektene våre skulle det ligga vel til rette for den innsparinga som er naudsynt for å møta utfordringane som kjem som fylgje av store låneopptak.

Samanslåing av dei to barneskulane har gitt kommunen vesentlege innsparingar i drifta. Ut over dette ser det ikkje ut til at me har makta å spara. Auka barnehagetilbod har auka utgiftene våre, og etter våre utrekningar har ikkje statstilskotet (auka rammetilskot) dekkja meirutgiftene. Kostnaden til barnehage vil gå ytterlegare opp i 2012 og 2013 som fylgje av utvida tilbod og "nytt" barnehagebygg. Kommunen sine utgifter på dette området, målt pr. barn, har direkte innverknad på tilskotet kommunen skal betala til private barnehagar.

%- vis fordeling av netto driftsutgifter til dei ulike områda målt i høve til totale netto driftsutgifter

	Samnanger kommune						Gruppe 2	Landet
	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2011	2011
Adm. og styring	10,0	10,2	10,6	10,4	10,8	10,1	11,1	8,5
Barnehage	1,3	1,7	2,1	2,6	2,4	13,6*	11,6	14,6
Skule	36,4	33,8	35,3	33,5	31,2	23,4	26,3	25,0
Helse	6,5	5,9	6,5	6,7	6,5	5,4	5,2	4,2
Pleie og omsorg	37,6	35,5	40,1	40,7	39,8	35,3	33,2	30,3
Sosialteneste	3,6	3,2	3,6	3,5	4,6	5,0	3,1	5,4
Barnevern	4,5	3,2	2,8	2,5	2,6	3,1	2,8	3,1
Kultur	2,5	2,7	1,7	2,7	1,5	2,8	3,5	3,9
Kyrkja	2,2	2,1	2,2	2,4	2,5	2,7	1,6	1,2
Næring	-11,6	-3,5	-7,2	-8,1	-6,2	-4,1	-1,4	-0,5
Andre	7,0	5,2	2,3	3,1	4,3	2,7	3,0	4,3

*Fram til 2011 vart det gitt øyremerkja tilskot til barnehagen som vart ført direkte på funksjonen.

Når me samanliknar oss på denne måten, må me også ha i mente at Samnanger har eit større netto driftsbudsjett enn dei andre. Det gjer at tal kroner bak kvar prosent er høgare hjå oss enn dei me samanliknar oss med. Særleg gjeld dette i samanlikninga med landsgjennomsnittet.

For 2013 er det eit spørsmål om me kan snakka om dei "høge" inntektene. Som vist under kap 4 vil kommunen få vesentleg mindre midlar i 2013 både samanlikna med økonomiplanen og med 2012. Dette gir oss utfordringar!

Prioriterte arbeidsoppgåver i 2013
Med utgangspunkt i kommuneplanen -samfunnsdelen – har leiargruppa drøfta kva arbeidsoppgåve som bør få prioritet framover.

Nytta dråpen som samlande symbol

Gi god sørvis

Ha god kvalitet på tenestene.

Dette er tiltak som gjeld alle einingane og sentraladministrasjonen.Budsjettframlegget frå rådmannen inneber uendra til redusert økonomisk driftsramme. Dvs. at det ikkje er sett av eigne midlar til å arbeida med dei prioriterte områda. Innkjøp av verktøy og/eller konsulent vil vera naudsynt for delar av arbeidet med dei prioriterte område. Sjølv om det ikkje vert sett av prosjektmidlar, vil rådmannen og einingsleiarane arbeida for å nå dei måla som er sett på desse områda i kommuneplanen. Dette må primært skje ved eigne krefter og evt. ved omdisponering av ressursar.

RÅDMANNEN SITT KONTOR

Under denne overskrifta finn me i tillegg til rådmannen sitt kontor også funksjonen for pedagogiske tenester. I budsjettframlegget ligg løyvingane tilnærma uendra samanlikna med 2012.

Prioritering av arbeidsinnsatsen

Hovudoppgåvene for rådmann og ass. rådmann bør vera leiing, styring og samfunnsutvikling. Det er eit høgt aktivitetsnivå i Samnanger med mange prosjekt gåande samstundes, noko som er ei utfordring både for politikarane som ikkje får levert slik dei har føresett og for administrasjonen som ikkje får levert som ønska korkje på tid eller på kvalitet. I arbeidet med innføring av styringsverktøyet *Betre styring* er det svært tydeleg at det er sett forventningar som ikkje er mogleg å leva opp til med eksisterande bemanning. I samfunnsdelen av kommuneplan er det m.a. lista opp 134 tiltak. Ansvaret for vel 80 av dei ligg til rådmannen og ass. rådmann. Her må det til strenge prioriteringar både frå rådmannen sjølv men også frå politisk hald.

Av ulike grunnar må rådmann og ass. rådmann engasjera seg i mange driftsoppgåver om ikkje direkte så indirekte gjennom råd- og rettleiing. Døme på dette er å vera møtesekretær. Slik

bemanningssituasjonen elles er i organisasjonen vert det ikkje foreslått endringar, men rådmannen ser klart at andre oppgåver vert skadelidande. Internkontroll og beredskap er to ansvarsområde som ikkje vert fulgt opp slik det burde.

Kontoret for pedagogiske tenester

Auka tilbod i barnehagen både kva gjeld omfang og innhald har sett nye krav til kommunen både som barnehageeigar og som fagleg lokal tilsynsmynde. Dette ansvaret er lagt til fagansvarleg for barnehage og skule. Arbeidsoppgåvene er nyleg gjennomgått, og det er laga ny stillingsomtale som m.a. sikrar at kommunen har eit system for å ivareta dette ansvaret. Det inneber m.a. at det må kjøpast barnehagefagleg kompetanse i samband med tilsyn.

Til den same personen er også lagt ansvaret for vaksenopplæring. Med stadig fleire innvandrarar er etterspurnaden etter vaksenopplæring aukande. Her er det også tilskotsordningar som står i høve til tal personar som har rett på opplæring. Overskytande midlar vert sett av på fond og evt. nytta seinare.

Utgiftene til dette området er delt på to. Organisatorisk ligg alt til rådmannen, men delar av utgiftene vert ført under ansvar 1.2, skule og barnehage.

Kyrkjelege føremål m.m.



Her finn me hovudsakleg tilskot til Samnanger kyrkjestyre, men og ein mindre sum til livssynsorganisasjonar. Livssynsorganisasjonane skal ha utbetalt ein sats pr. medlem som vert utrekna på bakgrunn av tilskotet til statskyrkja. Med auka løyvingar til kyrkja dei siste åra, og med færre medlemmer av statskyrkja og fleire i andre organisasjonar aukar utgiftene våre til tilskot livssynsorganisasjonar. Tilskotet er i 2012 budsjettert for lågt, og me har derfor måtte auke det i 2013.

I 2012 kom det i stand ein avtale mellom kyrkja og kommunen der kommunen tek det praktiske ansvaret med stell og vedlikehald av kyrkjegarden. Tilskotet til kyrkja er redusert med den summen kyrkja har lagt inn i 2012 til dette arbeidet.



Kyrkja er eit eige rettssubjekt. Kommunen har plikt til å sjå til at kyrka har tilstrekkeleg med midlar. I Samnanger bruker me ein god del meir enn andre på dette området målt i kr pr. innbyggjar. Strukturen vår er ikkje særleg kostesam samanlikna med andre kommunar, sjølv om det å ha to kyrkjer sjølvsagt er fordyrande.

Tilskotet til kyrkja er lagt inn som i 2012 men korrigert for at kyrkjegarden er lagt til teknisk.

Næring, konsesjonskraft m.m.

Funksjonane som ligg under kap. 1.14 omfattar m.a.

- Sommarjobb ungdom
- Konsesjonskraft
- Verdibrev til ungdom
- Næringsverksemd med m.a.
    - Kraftsenteret

Konsesjonskraft er omtala under den generelle delen. Verdibrev og sommarjobb ungdom er kommentert under eining interne tenester.

Næring

Arbeid med næringsutvikling er eit område som me burde ha jobba meir med. Arbeidet vår vert tilfeldig. Som medlem i BRB (Business Region Bergen) ligg det ordningar der som me i for liten grad maktar å få formidla ut til næringsdrivande eller potensielle næringsdrivande.

Samnanger kommune sitt engasjement i arbeidet med næringsutvikling er i det alt vesentlege finansiert med midlar frå næringsfondet. Innsatsen vår ligg først og fremst på arbeid med infrastrukturtiltak. Dei siste åra har me brukt store ressursar på Ytre-Tysse og på utarbeiding av områdeplan for Bjørkheim. Det er no lagt godt til rette for vidare utvikling av områda.

Kommunen, då særleg ved ordføraren deltek aktivt på samlingar i regi av fylkesmannen, fylkeskommunen m.fl. for å halda kommunen oppdatert om ordningar som finst for næringsutvikling og for å marknadsføra dei tiltaka og dei utfordringar Samnanger har. Statlege og ikkje minst fylkeskommunale instansar har lytta til innspela frå kommunen, og kommunen har motteke ein del tilskot siste åra. Samnanger kommune har også teke ansvar for å oppretthalda Bjørnefjorden Næringsutvikling på eit nivå som gjer at regionen får tilført midlar frå regionalt fond. Rådmannen har m.a. vore sekretær for BNU..

Delmål i kommuneplan på dette området:

- **Samnanger kommune skal ha ledige tomteareal tilgjengeleg til ei kvar tid.**
- **Nytta næringsfondet og andre offentlege støtteordningar aktivt for å fremja næringsutvikling.**
- **Ha ei positiv og open haldning til og dialog med næringsdrivande**
- **Samt ha eit apparat for råd og rettleiing for næringslivet.**
- **Leggja til rette for bygdeutvikling**

Samnanger kommune har ikkje ledige areal til næringsetablering pr d.d. Planarbeid er sett i gang med tanke på å fram tomter, og reguleringsplan for øvre del av Rolvsvåg er i sluttfasen. Arbeidet med tilrettelegging av tomter kan no ta til. Jmf. investeringsbudsjettet. Kommunen har og løyvd midlar i 2012 til å starta planarbeid for eit nytt område – Tenane-. Dette er for å imøtekoma ynskje frå ein mogleg etablerar.

Næringsfondet til kommunen vert årleg tilført i underkant av 1 mill. kroner. Delar av dette vert brukt til direkte støtte til næringsdrivande. I tillegg nyttar kommunen sjølv ein god del av fondet til delfinansiering av ulike tiltak.

Kommunen har vore aktivt med i ulike prosjekt hjå fylkesmannen/fylkeskommunen under ulike headingar – livOGlyst, folk i husan m.fl. Det har ført til fleire mindre prosjekt som har engasjert mange og som har gitt nokre mindre verksemder ein del både av auka kompetanse og direkte tilskotsmidlar. I budsjettet for 2013 er det ikkje øyremerkja midlar til evt. kommunal eigendel, men kommunen vil engasjera seg dersom det kjem "kampanjar" som kan hjelpa oss til å få realisert prosjekt.

Samnanger kommune har teke initiativ til og arbeidd for etablering av eit senter innan småskala energi- og klimatiltak gjennom for-prosjektet *Kraftsenteret.* Samnanger har brukt årleg kr 300.000 av næringsfondet til prosjektet i tillegg til arbeidsinnsats i sentraladministrasjonen. Forprosjektet er no inne i sitt siste år, men det vert fortsett arbeidd for å sjå kva moglegheit det er for å få eit permanent senter slik tanken opphavleg var. Endeleg konklusjon om dette er ikkje trekt. Det vert arbeidd mot interessentar og mot potensielle kundar av eit senter for å få til ei avklaring. I påvente av ei slik avklaring har rådmannen sett inn kr 100.000 til senteret. Summen er finansiert ved bruk av næringsfondet.

EINING FOR INTERNE TENESTER

Her ligg fylgjande ansvarsområde

- Politisk nivå og revisjon
  - Kommunestyret, andre utval
  - Stønad politiske parti
  - Stortingsval
  - Ungdomsrådet
  - Kommunerevisjon
  - Kontrollutval
- Økonomi, løn og personal
- Fellestenesta – arkiv, ekspedisjon, politisk sekretariat
- Felles IKT og IKT skule
- Reinhald kommunehuset
- Diverse fellesutgifter – som tilleggsløyving, premiefond
- Sysselsetting ungdom
- Verdibrev

Når det gjeld kontrollutvalet sitt budsjett (kontrollutval og revisjon), har rådmannen ikkje teke stilling til deira budsjettframlegg. Jmf. budsjettrutinar for kontrollutvalet. For å få ein total oversikt må det leggjast inn eit budsjettframlegg. Me har lagt til grunn same ramma i 2013 som i 2012. Framlegg til budsjett for kontrollutval 2013 fylgjer som vedlegg. Formannskapet må konkret ta stilling til dette.

Dei to siste åra har innføring av nye digitale verktøy for rekneskap og løn og personal teke mykje tid. Eininga har til desse prosjekta fått tilført nye midlar som også inkluderte auka stillingsbudsjett. F.o.m. 2013 er det tilbake til "normal" bemanning. Me er svært usikre på om dei nye verktøya vil frigje tid, då dei i mykje større grad krev oppdatering lokalt. Me ser likevel at nokre arbeidsoppgåver kan gjerast meir effektive men ikkje av alle. T.d gjeld det arbeidsoppgåvene rundt

tilvising av rekningar er tilvisarane har fått mindre å gjera medan økonomikontoret har heller fått meir. I 2012 har einingа også stått for prosjektet "digitale politikarar". Dette er nytt også for administrasjonen, men me ser at det etter kvart vil frigje noko tid.

I budsjettframlegget er det i det alt vesentlege føresett same aktivitetsnivå i 2013 som i 2012.

Politisk nivå og revisjon
Løyvingane er haldne på same nivå som i 2012. Sidan det er val til stortinget neste år, er det sett av midlar til den delen som fell på kommunen. Pensjonskostnader til ordførar går vesentleg ned som fylgje av alder. (Endringar ved fylte 65 år). Det er og lagt inn ein auke i ordførargodtgjersla med tanke på årleg justering. I 2012 vert det utbetalt vesentleg meir i møtegodtgjersle politikarar enn budsjettert, noko som har gjort at me har måtte auka opp den med knapt 100.000 kroner.

Verta betre på sørvis

Økonomi, løn og personal og fellestenesta
Det er eit aukande behov for dokumentasjon av kva som er gjort og sagt, og handtering av post i ulike fasongar er derfor vesentleg for eit godt resultat. Det opne samfunnet med stadig krav til informasjon og innsyn er krevjande, og her vert kommunane vege og samanlikna. Samnanger kommune har ikkje sett seg mål om å vera best, men det er klart at me må, m.a. med tanke på omdømme vårt, arbeida for å koma høgare opp i rangeringane. Dette krev stadig arbeid med heimesidene våre, m.a. at det vert teke i bruk digitale skjema. Ein del av dette kostar pengar – lisensar, nye program – i tillegg til at arbeidet må prioriterast.
I budsjettframlegget er det ikkje funne rom til meir midlar, så ytterlegare innsats her må skje ved omprioritering.



Når det gjeld **IKT**, er det behov for å oppretthalda same storleiken på løyvinga til skulane som tidlegare. Av ulike grunnar vart denne halvert i 2012 til kr 100.000. I framlegget er den auka opp, men slik situasjonen no har vorte er det grunnlag for å diskutera dette.

Felleskostnader alle tilsette
Her er fleire utgifter som får årlege justeringar som fylgje av løns- og prisauke - kontingentar t.d.-. I tillegg har me auka utgift til styringsverktøyet "betre styring", årleg kostnad på kr 70.000. Kr 50.000 er ført over frå rådmannen sitt budsjett i 2012 til dekking av denne utgifta.

Summen til **velferdstiltak** for tilsette er vidareført i 2013 med ei løyving på kr 40.000. Med ein slik storleik er det mogleg å få til eit godt arrangement.

Lønsoppgjer
I tillegg til å budsjettera med midlar til resultatet av tiningane i 2013 er her også sett av midlar til delar av lønsoppgjeret for 2012 då dette ikkje vert ferdig forhandla før medio november. 2013 er eit mellomlønsoppgjer. 2012 vart eit dyrt lønsoppgjer for Samnanger. Me reknar med lønstillegg i overkant av 5%. Delar av tillegget vart gitt med verknad 1.8.2012. Det gjer at det er eit betydeleg overheng som vil ha verknad for dei tillegga som kjem i 2013. Lønsoppgjer 2013 har me sett til 2.1 mill kroner, noko som utgjer 3%. I tilegg er det sett av vel 600.000 kroner til resterande del av 2012.

Det er ikkje sett av midlar på konto for **generell tilleggsløyving**. Sidan det heller ikkje er midlar på driftsfond, betyr det at uventa ikkje budsjetterte utgifter må varslast om i god tid, og at dei budsjettansvarlege må venta krav om inndekking på eige budsjett.

Dei to neste områda er flytta frå næring (ansvar rådmann) til einingа for interne tenester av praktiske grunnar.
Løyvinga til **sysselsetting av ungdom** under 18 år vart auka i 2012 til netto 82.000 kroner. Summen vert vidareført i 2013.

Verdibrev for ungdom vil det enda vera utbetalingar i tilknyting til. Det er vanskeleg å veta kor store summar ein må rekna med sidan verdibrevet kan løysast inn fram til dei fyller 35 år. Det er mange enda som kan koma til å fylla vilkåra. Ut frå venta utbetaling i 2012 vert summen sett ned med kr 25.000 til kr 100.000.

TEKNISK

Innan dette området finn me desse tenestene

- 1.1600 Stab
  - administrasjon, plan, byggje- og deling, oppmåling, brann og feiing, renovasjon
- 1.1601 VVA
  - veg, vatn og avlaup 1.1602 Eigedom
- 1.1603 Miljø- og landbruk

Med unnatak av landbruk og renovasjon utfører me alle tenestene sjølve. Landbrukstenestene "kjøper" me hjå Fusa kommune og renovasjonstenestene hjå BIR. Det var i 2011 gjort eit forsøk på samarbeid med Fusa om brann og feiing, men av ulike grunnar vart det avvikla etter eit års drift.

Teknisk eining har store utfordringar på mange område, bygg og VVA ikkje minst. Einingа fekk i 2012 tilført 2 mill kroner til vegføremål av kompensasjonsmidlar Sima – Samnanger. Det betyr at det vert gjennomført sårt sakna opprusting av vegane. Det gjer igjen at rådmannen for 2013 har redusert budsjettet til dette området noko. Einingа har bedt om at vedlikehaldsmidlane vert auka, noko rådmannen ikkje har funne rom for det. I tillegg har rådmannen trekt inn midlar til straum som fylgje av låg straumpris. Dette er midlar einingа ønskte å omfordela til vedlikehald. På den andre sida har einingа fått behalda meirinntekter gebyr m.m. slik at dei samla har minst den same ramma som for 2012.

Stab

- administrasjon, plan, byggje- og deling, oppmåling, brann og feiing, renovasjon

Innan dette området har krava til kommunen auka. Det er aukande krav til kompetanse og dokumentasjon. Etter kvart har me fått rekruttert inn kvalifiserte folk, og utgangspunktet bør vera det beste for å kunne levera dei etterspurde tenestene.

Mange planar – kanskje for mange samstundes - er under arbeid, og fleire store prosjekt er i gang. Sjølv om det vert leigd inn eksterne konsulentar, krev det mykje av staben på teknisk. Ny plan- og bygningslov og ny ansvarsfordeling knytt til matrikkelføring gir oss også mange utfordringar. Det er no til godkjenning eit nytt regulativ for desse tenestene. Utgangspunktet er at brukar skal betala det det kostar. I budsjettframlegget for 2013 har me auka inntektene for byggjesak, plan, deling og oppmåling med til saman 300.000 kroner samanlikna med budsjettet for 2012. Auken er mindre når me samanliknar med det som er forventa å koma inn i år.

Det har vore eit auka fokus på ulovleg bygging m.a. i strandsona. Samnanger har ønska å prioritera dette arbeidet lenge, men først no i 2013 ser me at det er mogleg å få til. Det er føresett at kommunen får tilskot til dekking av halve kostnaden. Prosjektet er i budsjettframlegget lagt på administrasjon teknisk.

Før jul skal kommunestyret ta stilling til kva **planar** som skal prioriterast/gjennomførast i inneverande valperiode gjennom å vedta kommunal planstrategi. Så langt i diskusjonen er det ikkje uventa revisjon av arealplanen som har vore trekt fram. Administrasjonen har planlagt å gjera det med eigne ressursar, men arbeidet vil krevja ein del spesialkompetanse – t.d. raskartlegging – slik at det er trong for midlar til kjøp av tenester. Me har lagt inn noko midlar til dette og finansiert utgiftene ved bruk av tidlegare avsette midlar til plan (tilskot).

I økonomiplanen vart planarbeid prioritert høgt, og det vart lagt til grunn ei årleg løyving på kr 200.000. Denne summen har me ikkje funne rom til i budsjettframlegget. Dette skuldast også at me i 2012 og 2013 må ta vår del av kostnaden med oppdatering av grunnlaget for ortofoto. Rekninga er på kr 200.000 i år og 160.000 i 2013. Godt kartgrunnlag er vesentleg for god planlegging. Det er og vesentleg for å gjennomføra mykje av arbeidet til staben elles i teknisk eining. Kostnaden til ortofoto er foreslått finansiert ved bruk av næringsfondet.

Me godt kvalifisert personale har me i 2012 fått gjennomført **oppmåling** i samsvar med det som var planlagt. Det har også gjort at inntektene har auka monaleg.

Brann og feiing

Samnanger har høge utgifter på brann- og ulukkesvern. Rådmannen ser ikkje korleis det er mogleg å kutta kostnaden. Interkommunalt samarbeid vil ikkje redusera utgiftene då hovudtyngda av ressursane går til løn for mannskapet og denne kostnaden vert ikkje påverka av organisering. Brannsjefen har bedt om meir midlar til kurs, utstyr m.m. noko som ikkje er prioritert av rådmannen.

For 2013 er det budsjettert med kjøp av feiartenester for all feiing og noko tilsyn. Det er føresett at kostnaden vert den same som om me skule ha gjort det med eigne tilsette. Feiing og tilsyn er eit sjølvkostområde der Samnanger fortsett har for låg avgift til å gå i balanse.

Netto driftsutgifter til brann- og ulukkesvern pr. innbyggjar



Satsane er låge i Samnanger samanlikna med andre, og i forslaget er det lagt til grunn ein auke utover lønsveksten, dvs. 6%.

VVA

- veg, vatn og avlaup

Innan dette området er vatn og avlaup funksjonar der abonnentane betalar kostnaden. Når det gjeld veg, finst det ikkje refusjons- eller tilskotsordningar.

Samnanger har heller få km veg målt pr. innbyggjar samanlikna med andre, men likevel bruker me mykje pengar til dette føremålet. For mindre kommunar får dyre vaktordningar store utslag på kostnaden. Mykje arbeid – primært asfaltering – vert gjort i haust pga ekstraordinære midlar (Sima – Samnanger), men det er ikkje rom for å løysa grunnleggande problema t.d. med fundamentering. Me må rekna med at det også heretter kjem uventa kostnader knytt til ras og utrasing.

Netto driftsutgifter til samferdsel i kroner pr innbyggjar



Utgiftene til veglys på tidlegare riksvegar – no fylkesvegar – skal refunderast av fylkeskommunen. Dette er ei ny ordning – tidlegare betalte staten denne rekninga direkte. Det er i budsjettet rekna med refusjonar på same sum som i 2012-budsjettet, men denne er truleg for høg.
Me har likevel vald å oppretthalda summen, men gjer merksam på at her kan inntektene vera sett 100 – 150.000 kroner for høgt.

Samnanger kommune har utarbeidd **trafikksikringsplan.** Planen er til god hjelp for kommunen ikkje minst i dialog med vegvesenet no seinast i drøfting av fartsgrenser for vegen rundt Haukaneset. Det er budsjett med ein årleg sum på kr 50.000, så også i 2013.

Vatn og avlaup er brukarbetalte tenester. Dei siste åra har det vore underskot på vassforsyningskapitlet, og me legg derfor opp til overskot i 2013 som i 2012 utan at dette vert sett av på fond. Det er i tråd med regelverket.

Det er lagt til grunn same aktivitet i 2013 som i 2012 både på vatn og avløp. Me har store utfordringar på dette område der utfordringane kanskje er størst på avløp. Indre Tysse er ei vanskeleg sak. Dette gjeld for så vidt også for vatn. Me er svært uroa over den aukande trafikken gjennom indre Tysse ved bygging av tunell bak ytre Tysse. Leidningane ligg i vegen, og røra er så gamle og morkne at me ikkje kan utelukka havari. Me vurderer at dette er ein risiko me må ta, for ei større vøla no vil kunne vera bortkasta når me kjem i gang med ei total renovering.

Kommunale eigedomar

Sjølv om det er gjort ein god del med dei kommunale bygningane dei siste åra, er det fortsett mykje som står att. Det er og viktig å ha eit jamt vedlikehald slik at ein kan arbeida førebyggjande og ikkje berre vera brannslokkar. Eininga sjølv har auka vedlikehaldspostane, men rådmannen har, slik den økonomiske situasjonen er stroke desse påplussingane.

Også innsparingar på straumprisane hadde eininga tenkt omfordelt til m.a. vedlikehald. Eininga har kjøpt straum på fastpris for 2013 og fått ein svært god pris. Dvs. at denne vinsten går attende til felleskassa.

Det bør drøftast om kommunen har eigedomar som kan seljast. Det mest nærliggjande er å sjå på Hagamulen. Eigedomen er ei utfordring vedlikehaldsmessig. I 2012 er det berre busjettert med ei netto utgift på knapt 20.000, men sett over tid er denne kostnaden ein god del større. Evt. salsum er å sjå på som kapitalinntekter og kan ikkje nyttast i drifta.

Miljø- og landbruk

For 2013 er den eine funksjonen her – vilt- og fiskeforvalting – flytta til kulturbudsjettet. Me ynskjer meir variasjon i tiltaka som vert finansiert av fondet, og trur det er lettast å få til ved at kultur får dette ansvaret. I tillegg har me også flytta medlemskapen i Bergen Omland friluftsråd over til kulturen.

Det interkommunale samarbeidet på landbruk er utvida ved at Tysnes er kome med. Det medfører ikkje særlege innsparingar for dei andre kommunane sidan stillingsheimlane er utvida. Kommunen har og akseptert ein justering av avtalen med veterinærane. Det medfører ein mindre auke i kostnaden. Det er budsjettert med same summen som i 2012 til landbruk.

SOSIAL OG HELSE



Ansvarsområde til eininga er

- Helsestasjon
- Jordmortenesta
- Fysioterapi
- Legeteneste inkl. førstehjelpsbil
- NAV – kommunal del økonomisk sosialhjelp
- Barnevern
- Flyktningar

Det er ikkje endringar av sosial- og helsebudsjettet som tilseier redusert standard på tenestene. Det er heller ikkje foreslått endringar av organisatorisk art.

Samnanger bruker mykje pengar på helse. Mindre kommunar vil vera "dyrare" i drift også på dette området, så det er naturleg å samanlikna seg med gruppe 2. Me har i heile perioden hatt større utgifter enn gjennomsnittet av desse kommunane. Legevakta vår kostar mykje. Til tross for at me meiner at me betalar ein for stor del av kostnaden med den interkommunale legevakta, ville truleg kostnaden vore enda større om me hadde hatt eigen legevakt. Den andre faktoren som medverkar til høg kostnad er førstehjelpsbilen.

Det er spelt inn ønske om auka ressurs til kommuneoverlegen og helsesøster. Både i lys av manglande midlar, men og ut frå figur under er dette ikkje prioritert frå rådmannen si side.

Netto driftsutgifter til helse pr. innbyggjar



Samhandlingsreforma er fortsett i støypeskeia. Kommunane har ikkje fått meir midlar i 2013 enn i 2012. Dei "øyremerkja" midlane (del av rammetilskotet) ser ut til å vera tilstrekkeleg for å betala rekninga frå helseføretaka i 2012. Dette er basert på tilbakemeldinga pr. første halvår. Men det er ikkje midlar til førebyggjande arbeid, noko som er ein kritisk suksessfaktor for heile reforma. Det er m.a. ønske om å setja i gang interkommunale prosjekt – Os, Fusa og Samnanger – innan diabetes og kols. Dette vil engasjera fleire instansar i kommunen, først og fremst pleie og omsorg og legane. Her er alt søknad om statstilskot innvilga, men det føreset kommunal medfinansiering. Folkehelsesatsinga vår er ei satsing i tråd med samhandlingsreforma. Sjå kommentar under kulturbudsjettet.

NAV Samnanger starta opp i 2009. Det har vore eit håp om at me gjennom etableringa av NAV ville få redusert talet på brukarar som mottek økonomisk sosialhjelp. Det er ikkje noko eintydig svar på om ein har lukkast med det, sjølv om me isolert sett har mindre utgifter til økonomisk sosialhjelp. Ressursinnsatsen vår har auka monaleg, og her ligg vel største forklaringa på at ein har fått fleire personar ut av den passive ordninga – økonomisk sosialhjelp.

Andel sosialhjelpsmottakarar i % av befolkninga



Netto driftsutg. Sos.hjelp pr. innb.20-66 år



Figuren over viser at tal brukarar har gått gradvis opp men med ein liten reduksjon frå 2010 til 2011. Den viser også at det er liten skilnad på kommunane når me ser på kor stor del av befolkninga som mottek økonomisk sosialhjelp. Variasjonen i Samnanger kan dels forklarast med. busetting av flyktningar.
Den andre figuren viser det som er nemnd i førre avsnitt at me har auka samla ressursinnsats. Her kjem og busetting av flyktningar inn å gjer det vanskeleg å tolka utviklingar utan at me går nærare inn i talmaterialet.

Utgiftene til **barnevern** i Samnanger har variert mykje, noko som ikkje er uvanleg for mindre kommunar. Omsorgsovertaking kostar det offentlege svært mykje, og ein omsorgsovertaking frå eller til vil få store utslag på statistikken.

Netto driftsutgifter til barnevern pr barn 0 – 17 år



Samnanger kommune har høge utgifter til barnevern. I 2011 vart barnevernet vårt styrkja med 75% stilling som er finansiert med statlege øyremerkja midlar. Dette tilskotet får me også i 2012.

Busetting av flyktinar har vore krevjande, både fagleg og økonomisk. Einingsleiar har arbeidd aktivt for å få auka tilskot til busettinga, noko som han også har lukkast med. For 2013 budsjetterer me med 2.6 mill. kroner i ekstraordinært statstilskot. Dette er med grunnlag i ekstraordinære utgifter.

Me vurderer det slik at me også i 2013 har trong for eiga stilling som flyktningekonsulent, no i 40% stilling. Me har forventingar om at ved å gjera det bør arbeidet med integreringa gå lettare her under også å få flyktningane over frå passive stønadsordningar. Det kan i neste omgang føra til innsparingar i utgifter til økonomisk sosialhjelp. Av mange grunnar er det ynskjeleg å få dei i arbeid, men det er svært vanskeleg å finna arbeid til flyktingane. Samnanger har ei ekstra utfordring fordi næringslivet vårt er heller lite.

PLEIE OG OMSORG



Pleie- og omsorgstenestene gir tilbod til innbyggjarar i alle alder. Hovudtyngda av innsatsen er retta mot dei eldste innbyggjarane, men særleg tenester for funksjonshemma og psykiatri rettar seg mot yngre menneske. Som for landet er det auka etterspurnad etter hjelp til daglege gjeremål frå personar under 67 år. Dette dreier seg ofte om personar med fagleg utfordrande hjelpebehov som set store krav til personalet og til eininga.

Det vert ytt tenester innan desse områda

- Sjukeheim
- Open omsorg – heimesjukepleie og praktisk bistand i heimen
- Psykiatri – heimetenester og organisert dagtilbod
- 24- timers tilbod til funksjonshemma
- Arbeidstilbod og anna dagtilbod til funksjonshemma

Løyvingane til pleie- og omsorgstenestene har auka mykje dei siste åra. Tal personar over 80 år har ikkje auka dei siste åra, men me har noko fleire personar over 90 år enn tidlegare. Tal personar mellom 70 – 79 har auka ein del.



Statistikken viser at me har vesentleg større utgifter målt pr. innbyggjar over 67 år. Delar av dette kan forklarast med at me har høge utgifter pr. brukar, noko som også kan forklarast med at me har fleire i sjukeheim enn gjennomsnittet. Dette er klart ei dyrare teneste enn heimetenestene. Eininga sjølv forklarer auken i utgiftene med at brukarane deira både inne på institusjonen og i heimane er svært mykje dårlegare enn tidlegare. Det vert til tider gitt avansert stell, som intravenøs medisin og mat.

Netto driftsutgifter til plo pr. innb. over 67 år



Netto driftsutgifter pr mottakar av tenester plo



Budsjettet til pleie og omsorg er stort og komplisert. Uventa hendingar skjer som m.a. fører til bruk av ekstrahjelp. Høgt sjukefråvær gjer også at bruk av overtid ikkje er uvanleg. Skal utgiftene ned er det til desse postane ein lyt sjå. I tillegg kan og bør me også vurdera vikarbruken. Det er større utfordringar å redusera grunnbemanninga. I økonomiplan er det lagt til grunn uendra drift – og kostnad – til pleie og omsorgstenesta samla. Framlegget frå eininga inneber ein vesentleg auke, men det har vore vanskeleg å sjå om auken skuldast underbudsjettering i 2012 eller om det er ein reell vekst.

Som eit ledd i å førebu seg på bygging av ny sjukeheim, er tal sjukeheimspasientar redusert med 2. Dette har gjort det mogleg å redusera bemanninga med ca 1.5 stilling. Bemanningsreduksjonen vil verta henta ut ved innsparde vikarutgifter. Reduksjonen inneber sjølvsagt reduserte inntekter. Tiltaket gir netto innsparing på knapt 600.000 kroner. Med færre bebuarar går også behovet for andre tenester enn pleie ned. Me har redusert vikarbruken på kjøkkenet med 40.000 kroner.

Sjukeheim og heimetenestene

Eininga måtte i 2011 redusera kostnadane sine til den ordinære drifta for å få på plass eit ekstraordinært tiltak som me ikkje får statstilskot til. Reduksjonen vart lagt i heimetenestene. I 2011 var sjukefråværet urovekkande høgt i heile eininga, noko som sjølvsagt fekk konsekvensar for ressursbruken. Ramma i 2012 var lagt med ei forventing om eit sjukefråvær på rundt 10%. Fråværet har vore høgare i 2012, men tilbakemeldingane frå eininga er at ressursane er tilstrekkeleg. Uavhengig av dette er det meldt at brukarbetaling på sjukheimen vert mindre enn budsjettert. Dette er korrigert for i 2013-budsjettet.

Oppstart av sjukeheimsutbygginga vil truleg ikkje skje før ved årsksiftet 2013 – 2014 eller seint i 2013. Budsjettframlegget er sett opp ut frå drift i dagens bygningar heile året. I økonomiplanen er det i 2013 lagt til grunn same nivå på tenestene som i 2012. Som eit ledd i å få balanse i budsjettet er tal pasientar på sjukeheimen redusert til 28 heile året. Det gir innsparing på knapt 600.000 kroner. Dette tiltaket er sett i gang frå oktober, og det har gjort at me berre har eit rom der det ligg to pasientar. Når tiltaket er sett i gang, har det ikkje berre med økonomi å gjera men også fordi det er lagt til grunn at tal sjukeheimspasientar skal reduserast fram mot byggestart ny sjukeheim. Dette for å minka problema med å finna plassar i den mellombelse fasen.

Det ekstraordinære tiltaket knytt til ein brukar er vidareført på same nivå som i 2012. Me forventer ein lågare kostnad i 2012 enn budsjettert. Det gjer at me har ei innsparing i 2013 i høve til forventa.

Det vert gitt **dagtilbod** til heimebuande eldre tre dagar i veka på sjukeheimen. I tillegg er det eige opplegg for heimebuande personar som ha tenester frå psykiatrien. Sjølv om det ikkje er lovpålagt er det statleg styringssignal om å prioritera dagsenter særleg for personar med demens. Truleg vil dette tilbodet utvikla seg mot å verta lovpålagt. Staten har og sett av midlar som kan søkjast på. Dette gjeld berre til kostnader oppstart, og ikkje til drift. Sjå kap. 3. Me vurderer det slik at med tanke på byggjestart i løpet av eit års tid er det ikkje aktuelt å utvida dagsentertilbodet. Då er me heller ikkje kandidat til å søkja om tilskot..

Funksjonshemma

Sjølv om me har bufellesskap for funksjonshemma to stader er dei rekneskapsmessig slått saman. I tillegg har me i rekneskapen funksjonar for aktiviseringstiltak på dagtid. Det er ikkje føreteke endringar i tenestenivået frå 2012 til 2013.

Rådet for funksjonshemma har bedt om auka ressursar til ferieopphald. Rådmannen vil tru at det også er andre område som bør vurderast dersom løyvinga til dei funksjonshemma skal aukast.

Først med bygging av nytt senter kan det foretakast endringar i tilbodet me gir. I dag betalar me uforhaldsmessige mykje for tilbod på dagtid – ASVO-, og me ser at med eit felles senter kan me legga om delar av drifta på dagtid.

Eg har tidlegare peika på høge utgifter til ekstrahjelp og overtid i tillegg til vikar innan pleie og omsorg. Dette gjeld i høg grad bufellesskapa.

KULTUR – SKULE - BARNEHAGE

Nasjonale føringar, hovudmål i kommuneplanen for levekår – ***der du vil leva***, økonomiplan og einingane sine planar er styrande for aktiviteten i 2013.

Kommuneplanen og økonomiplan 2013-2017 er styringsdokument for dei mål og tiltak som er innarbeidd i budsjett for 2013. Nedanfor viser utdrag frå kommuneplanen si målsetting og kva kommunen skal gjera.

Levekår - der *du* vil leva

Hovudmål:
Samnanger kommune skal vera eit attraktivt og livskraftig samfunn for alle innbyggjarane.
Kva gjer me:

- Utarbeider kulturplan med kulturtilbod til alle. (*Oppfølging – allaktivitetshus).* (*Aktiviseringsmoglegheiter for alle - eldre,* Tilgang til offentleg rom for alle *(eldre).*
- Satsar på realfag og småkraft med *"VATN – kreative krefter".*
- Skapar "nye" felles møteplassar som fremjar samhandling og dialog.
- Aukar medverknad og deltaking frå Rådet for funksjonshemma, og brukar rådet sin kompetanse i kommunen sitt planarbeid (*Bruka dei meir)*
- I all planlegging og utbygging skal UU og estetiske omsyn vektleggjast (*Sjekkliste sakshandsaming)*
- Har fysiske aktivitetstilbod som interesserer og er tilrettelagde spesielt for ungdom.
- Kommunale institusjonar skal ha fysisk aktivitet kvar dag og ha fokus på sunn mat.

I økonomiplanen var det lagt opp til å vidareføra kultur, skule og barnehagane sine rammer i frå 2012. Dei siste åra gjennomført relativt store driftsreduserande tiltak i skulesektoren samstundes som nye nasjonale tiltak er sett i verk. Målet var å få til ei omprioritering av ressursane frå skuleområdet til blant anna kultursektoren. Dette har ikkje lete seg gjennomføra og ressursane er lagt til andre tenesteområde. På barnehageområdet vert den statlege satsinga med å finansiera tilbodet og tilskot til private barnehagar vidareført.

Innanfor kvar eining er det årlege nasjonale føringar frå regjeringa. Det er lagt inn ressursar til gjennomføring av desse tiltaka i rammeoverføringane. Kvar eining har i tillegg lokale mål og prioriteringar, som òg treng oppfølging av ressursar dersom det skal skje målretta aktivitet. Kommunen sine frie inntekter er styrande for nivået på dette.

KULTUR

Kulturområdet dekkjer kulturskule, bibliotek, generelle kulturaktivitetar, kulturvern, tilskot til lag og organisasjonar, mm. Prosjekt innan for kulturbasert næring er og lagt til kultureininga. Mange av tiltaka på kulturområdet kan gjennomførast med delfinansiering av tilskot frå andre.

Nasjonale føringar – *Kulturløftet II vert vidareført – Leseløftet – Kulturbasert næring*.
Målet om at minst 1% av statsbudsjettet skal gå til kulturføremål er gjennomført i 2013 budsjettet. Gjennom 15 ulike hovudprioriteringar skal det skje *eit stort løft* for norsk kulturliv. Ei Kulturutredning skal vera ferdig i 2014, og seia kva utfordringar samfunnet og kulturlivet står ovanfor i framtida. Dette skal igjen føra til ein NOU om framtidas kulturpolitikk for kommunane i Norge.

Nytt tiltak i 2013 er å gje eit kulturskuleløft slik at alle barn som ønskjer det skal få eit tilbod av god kvalitet til ein rimeleg pris. Kulturskuletilbodet skal verte utvikla i tilknyting til sfo/skule.

I 2013 skal ein og gje dei frivillige eit løft. Det frivillige kulturlivet skal verte styrka og talet på frivillighetssentralar skal aukast. Det skal verte enklare for frivillige å skaffe eigne inntekter gjennom momskompensasjon og tilskot.

Biblioteka skal utviklast til samfunnsinstitusjonar og vera arena for leselyst, læring og kulturopplevingar. Målet er å gje biblioteka eit kvalitets- og kompetaneløft gjennom bruk utviklingstilskot, modellbibliotek og bruk av ny teknologi. Folkebiblioteka skal vera viktige møteplassar der innbyggjarane møter bibliotekarar som er fagfolk og viktige formidlarar i lesesatsinga og i utviklinga av digitale tenester.

Kunst, kultur, idrett og frivillighet gjer samfunnet rikare og er avgjerande for menneska sin livskvalitet, fellesskap og utvikling. Kunst og kultur har stor verdi i seg sjølv. Samtidig har satsing på kultur stor betydning for andre samfunnsmål som næringsutvikling og arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet. Tilskota til kommunane er retta innanfor desse områda.

Ei rekkje statlege utviklingsprosjekt innanfor kultursektoren skal fremma bu- og arbeidslyst i kommunane. Desse vert oftast tildelt i samarbeid med fylkesmann/fylkeskommune. Det er viktig at kommunen ser at kultur har stor betydning for andre samfunnsmål som næringsutvikling, arbeidsplassar, integrering og inkludering, helse, læring og kreativitet.

Lokale mål - *kultur for alle*
Samnanger har utarbeidd ein kulturplan som er delvis realisert. I kulturplanen har eininga fokus på følgjande hovudmål i 2013;

- ✓ fleirbrukshall / idrettshall
- ✓ turstiar / kulturstiar/offentlege møteplassar
- ✓ kulturvern
- ✓ auke i aktivitetsnivået i ulike aldersgrupper; kulturell nistepakke, -skulesekk, -spaserstokk
- ✓ vidareutvikla kulturskulen, spesielt for barn i alderen 6-9 år
- ✓ framtidsretta bibliotek og fagkompetanse

Kulturbudsjettet til Samnanger har gjennom mange år utgjort rundt 2,7 % av nettodriftsbudsjettet. Dei fleste andre kommunar ligg vanlegvis rundt 4% av nettobudsjettet.
Nedanfor viser kommunen si prioritering samanlikna med andre.



Innafor noverande ramme er det ikkje mogleg å realisera og halde fram med alle dei mål som kommunen har sett opp i kommuneplan og kulturplan utan at kultursektoren få høgare prioritert og tilført meir ressursar. Mange av tiltaka som er sett i gang, er ved hjelp av tilskot. Ein del av desse prosjekta let seg ikkje vidareføre utan at kulturkontoret vert styrka. Det er særskilt innafor barn og unge sektoren treng ei styrking. Nedanfor viser fordelinga innanfor sektoren.



Det er derfor i 2013 omdisponert ressursar i frå eininga og oppretta ei ny stilling ved kulturkontoret. Dette skal styrke arbeidet med tiltak i tråd med nyleg vedteken *Folkehelseplan*, kulturplan og andre tiltak retta særskilt mot barn og unge.

For heile kulturområdet er ei av primæroppgåvene å vera utviklingsaktør og aktivt henta inn offentlege tilskot. Dei fleste satsingsområda i kulturløftet har tilskotsordningar retta mot det offentleg, private, lag og organisasjonar. Det har skjedd ei umetteleg aktivitetsauke i sektoren. Så sjølv med auka stillingar på kulturkontoret i frå 2013 må framtidig aktivitet vera ei prioritering ut frå vedtekne planar og tilgjengelege ressursar. Nedanfor viser oversikt over satsingsområda.

<u>Hovudmålet for kulturbudsjettet 2013 følgjer opp to hovudområde i kulturplanen</u>.

Område 1: ***Kulturminnevern, Idrett/friluftsliv/fellesrom/ møteplassar, Kultur/næring og Kultur i regional samanheng.***

Samnanger kommune har prioritert følgjande aktivitetar og delfinansiert desse med tilskot og bruk av fond.

- Nytt tiltak i 2013 - styrke kulturkontoret med 100% stilling for å følgje opp folkehelseplan og kulturplan. Stillinga vert finansiert med tidlegare prosjektmidlar, tilskot på kr. 100.000 til folkehelse frå fylket det første året. Dei neste åra må andre statlege tilskot verte henta inn.
- Kulturmidlar til lag og organisasjonar – Den samla tilskotspotten er på kr 415.000 og vert i stor grad vidareført. Det er behov for nytt reglement og før tildeling i 2013 bør Oppvekst og omsorg utarbeide nye retningsliner og kriteria.

- Kulturminnevernplan – Med tilskot frå riksantikvarendet er det gjennomført ei rekkje registreringar og gjort eit grunnarbeid for ein slik plan. Planen er under arbeid og kjem til politisk handsaming i Oppvekst og omsorg vinteren 2013.
- Anleggsplan for fysisk aktivitet - Kulturkontoret har ansvar for plan og søknad om midlar til desse anlegga, medan teknisk har ansvar for drift - og vedlikehald. Planen kjem til politisk handsaming i Naturutvalet våren 2013 og er grunnlaget for søknad om tippemidlar. Kommune må då ta stilling til når ein fleirbrukshall skal verte prioritert. Det vert nytta øyremerka fondsmidlar til vedlikehald av ballbingar og Hagabotnane. Det er svært viktig for desse anlegga med årleg vedlikehald dersom aktiviteten skal på anlegga skal halde fram.
- Friluftsområde/ merking av stiar er merka etter nasjonal standard. Midlar i budsjettet – miljøtiltak - vert nytta til vedlikehald, og kommunen forset partnarskapsavtalane med ungdoms- og grendelaga. Det er nytta kr. 50.000 frå kommunen sitt FFF - *fiske og friluftsfondet*, til dette.
- Medlemskap i BOF – *Bergen og omlandfriluftsråd,* på kr. 35.000 vert og dekt frå dette fondet. Denne utgifta vert flytta frå teknisk sitt ansvar til kultur.
- Kulturbaserte reiselivstilbod – reiselivsportalen – *VisitSamnanger*- må verte drifta og utviklast vidare med aktivitetar . tilskotsmidlar vert nytta til dette.
- Andre tilskot - Røde Kors, kr 30.000 til for badevakt i symjehallen, kr 25.000 i tilskot til Samnanger idrettslags skigruppe til brøyteutgifter og kr 10.000 til prosjektet Aktiv Saman som Samnanger kommune er ein part av.

Område 2: ***Kulturskulen, Bibliotek, Andre tiltak- Barn, ungdom, vaksne, eldre, Kyrkja/trussamfunn og Internasjonal kommune***

Følgjande aktivitetar er prioritert i budsjettet.:

- **Mål i Kulturskulen**
  - alle som søkjer får eit tilbod - og kulturskulen meir inn i skule og barnehage.
  Kulturskulen har eit veketimetal på 30 undervisningstimar. Kommunen dekker utgiftene til dirigent og all instrumentopplæring i skulemusikken, noko som har gitt skulemusikken eit godt tilbod og resultert i "oppsving" og god rekruttering.

  Samnanger skulemusikklag er kulturskulen sitt samspeltilbod for alle som vil spela blåseinstrument og slagverk. Styret har ansvar for semesterplanlegging, seminar, konsertar, sosial aktivitet og innkjøp og vedlikehald av instrument.

Skulekorpset er i sterk vekst og dette har resultert i ønskje om eit eige samspeltilbod for dei som har hatt instrumentopplæring i eit år. Det vil seia eit juniorkorps med eigen dirigent. Kulturskulen fakturerer Samananger skulemusikklag for denne kostnaden i dag. Laget fekk for våren 2012 eit ekstra tilskot på kr. 20.000 til å dekke utgiftene til dirigent tiljuniorkorps. Det er ikkje lagt inn tilskot på kr. 40.000 til dette i budsjettet for 2013.

Dirigent til vaksenkorpset vert løna over kulturskulen sitt budsjett, men med ein refusjon frå vaksenkorpset på løna med unntak av arbeidsgjevaravgifta. Det er heller ikkje funne rom for å dekka alle lønsutgiftene på rundt 80.000 til dirigent til vaksenkorpset.

Nasjonalt er det ønskje om å satse meir på talentutviklingi kulturskulen. Ei slik satsing vil krevje ressursar til kjøp av opplæring frå andre kulturskular ol. I 2013 er det ikkje elevar som i kulturskulen dette er aktuelt for .

Kulturskulen inn i barnehagen, skulen og i sfo – er nasjonale satsingsområde. Samnanger har vore føre si tid og har hatt eit tett samarbeid med kulturskulen inn i skulen og barnehagen. Kulturskulerektor har hatt 22% av si stilling knytt til musikkundervisninga i 4. trinn. Nytt kulturskuletilbod i sfo vert innført hausten 2013 for 6-9 åringane med 1 time for veka. I tillegg vert det ei rekkje kulturaktivitetar i ordinær undervisning ved hjelp av fylkestilskotet "*Den kulturelle skulesekken*".
Samnanger har og prioritert musikk i barnehagane med ***"Den kulturelle nistepakken"*.** Desse tiltaka held fram til stor glede for små og store. I kulturskulebudsjettet vert desse timane selt frå kulturskulen til andre einingar ved intern overføring.
"Den kulturelle spaserstokken" – som er eit tiltak for alle eldre, vert vidareført.

Musikkbinge – Kommunestyret har fullfinansiert midlar til musikkbinge utanom kulturbudsjettet. Kulturkontoret har likevel søkt om å få 50% i tilskot til binge og til musikkutstyr. Bingen skal i første omgang stå ved Samnanger barneskule. Den kan då verte nytta på dagtid av skule og barnehage, samt etter avtale av barne og unge som ønskjer nytte bingen på kveldstid. Det er lagt inn brukarbetaling i tråd med nasjonale føringar. Kr. 50 pr. person pr. månad og kr. 10. pr person for dropp inn time.

- **Mål for biblioteket - *"24-timars tilgjengeleg kommune"***

Drifta og Leseplanen for Samnanger – *Leseløftet*, vert vidareført i 2013 . Oppvekst og omsorg har vedteke å få til eit Leseløft gjennom eit samarbeid med folkebiblioteket skule og barnehage. Det er lagt inn ekstra ressursar til dette på biblioteket og i skulebiblioteka. Biblioteksjefen tek vidareutdanning for å auke kommunen sin kompetansen på kva som er framtidas nye bibliotek.

Folkebibliotek vil i 2013 vil forsette biblioteksamarbeidet med Fusa og Vaksdal, og å utvikle det. Biblioteket vil forsette med små prosjekt, men med bakgrunn i stillingsressursar og lokalar har me ikkje mogelegheit til å auke aktiviteten noko meir.
Folkebiblioteket treng nye, større, meir framtidsretta og universelt utforma lokale. Eit nytt og lett tilgjengeleg bibliotek sentralt i lag med andre funksjonar er nødvendig.
Det er ønskje om å få oppretta eit eige prosjekt til planlegging av nytt bibliotek, der ein får planlegga korleis biblioteket i Samnanger kommune skal vera i framtida. Det kan gi oss god

hjelp i finne ut kor stort areal me treng og korleis me kan skapa den møteplassen biblioteket skal vera. Det er ikkje funne rom for å sette av planleggingsmidlar på kr. 20.000 innanfor ramma til biblioteket.

Fleirbrukshall - Kommunestyret har no vedteke områdeplanen for Bjørkheim og regulert for ein fleirbrukshall der. Kommunen må no ta stilling til og avsette planleggingsmidlar i budsjettet/i løpet av økonomiplanperioden til fleirbrukshall. Anleggsplan for fysis aktivitet vil verte styrande for søknad om tippemidlar.

SKULE OG BARNEHAGE



Skule- og barnehageområdet dekker grunnskulane, vaksenopplæring, kommunale og private barnehagar. Satsing på barnehage, omlegging av statstilskotet og likeverdig handsaming av private barnehagar har resultert i auka utgifter og prioritering av barnehagesektoren. På ungdomstrinnet vil det i 2013 bli innført eit nytt valfag og det skal vera fokus på lærarane sin kompetanse. På barnetrinnet skal me tilby eit nytt frivillig kulturskuletilbod i SFO.

SKULE

Nasjonale føringar – *Meir praktisk og variert ungdomsskule.*
Ungdomstrinnet må verta meir praktisk, variert, relevant og utfordrande for elevane skal få auka motivasjon og læringa. Dette skal gjennomførast ved å innføre valfag, større fleksibilitet i fag og timefordeling, satse meir på motivasjon og meistring og få fleire lærarar inn i ungdomstrinnet.

Kultur for læring gjennom eit felles kunnskapsløft held fram som statleg føring i skulane. Opplæringa skal gje alle elevar dugleikar, haldningar og verdiar som gjer dei i stand til å meistra sine eigne liv og delta i arbeids- og samfunnsliv. ”Betre læringsmiljø” og ”Manifest mot mobbing” vert vidareført. Etterutdanninga skal ha spesielt vekt på klasseleiing, lese- og rekneopplæring.

Skuleeigar må ha fokus på;

- Kvaliteten i opplæringa slik at alle elevar i grunnskulen meistrar dei grunnleggjande dugleikane; *lesa, skriva, rekna, digitale ferdigheiter* og vert i stand til å delta i vidare utdanning og arbeidsliv.
- Alle elevar skal inkluderast og oppleva meistring.
- Tidleg innsats.

Lokale mål
Skulane i Samnanger sine lokale mål for perioden 2012-15;

Ein god stad å vera, ein god stad å læra

- ✓ Elevane skal ha eit optimalt læringsutbyte.
- ✓ Elevane skal ha eit læringsmiljø med høg grad av elevmedverknad, motivasjon, trivnad utan mobbing og eit godt fysisk miljø.

Skulane har ut frå kommunen sine mål utarbeidd ein eigen strategiplan for sine satsingsområda.

Nedgang i driftsnivået til skulane siste åra skuldast samanslåing av barneskulane, reduserte rammer og redusert timetalet på ungdomsskulen. Dette fikk heilårseffekt først i 2011. Samnanger har tatt imot flyktningar i skule og barnehagealder og får då auka utgifter til norskopplæringa, opphald i sfo og tospråkleg assistent til leksehjelp. For 2011 vart det kompensert gjennom intern overføring frå flyktningtilskotet. Nedanfor viser nettoutgiftene til sektoren fram til 2011.



Hausten 2013 aukar barnesteget med eit trinn til totalt 11 klassar, medan ungdomsskulen vert redusert frå 5 til 4 klassar.

Ved nytt skuleår hausten 2013 kan det bli 194 elevar på barnetrinnet og 90 på ungdomstrinnet. Utfordringa på barnetrinnet er å få til ei meir effektiv og samordna bruk av ressursane. Det skal vera tidleg innsats og ei prioritering av delingstimar til 1-3 trinn. Det er derfor lagt opp til to førsteklasser hausten 2013. Nytt av året vert å få til eit kulturtilbod 1 time for veka integrert med sfo. Tilbodet skal vera frivillig frå 1-4 trinn og vera i sfo-tida frå hausten 2013. Kommunen får dekka for dette i rammeoverføringa
Sfo-tilbodet er eit frivilleg fritidstilbod for alle 6-9 åringane frå skuleslutt fram til kl.16.30. Leksehjelp rett etter skuletid vart innført i frå 2010 og reduserte då behovet for 100% plass for ein del av brukarane. Nesten 40 % av elevane har eit sfo-tilbod. Eit kulturskuletilbod integrert i sfo-tida vil vera positivt for både dagens brukarar og nye.

På ungdomsskulen er utfordringa å få nok lærarar som har fagkompetanse i alle faga. Med berre 4 klassar er fagmiljøet blitt at fleire av lærarar må rekne med å undervise både på ungdomssteget og på mellomsteget.

I frå 2012 vart timar til styrka pedagogiske tiltak (spes.ped) lagt på eigen funksjon. Både skulane og skuleeigar vil då få ei betre oversikt over denne ressursbruken. Særskilt ungdomstrinnet har ein vesentleg større andel elevar med spesialpedagogiske tiltak (17,8%) enn for Hordland (11%) og i

kostragruppe 2 (12,4%). Dette utgjer om lag 4 heile stillingar på ungdomssteget. I løpet av våren 2013 bør det vera ein gjennomgang på organiseringa av dette og kva nivå dette bør ligge på.

For Samnanger vil det ikkje vera aktuelt å søkje ekstra tilskot for å få fleire lærarar i ungdomsskulen. Det er 11,6 elevar i gjennomsnitt pr. klasse. Kunn kommunar som i gjennomsnitt har over 20 elevar per lærar på ungdomstrinnet og grunnskolepoeng under snittet for landet kan søke om midlar til forsøket. Den fireårige tilskottsordninga skal nyttast til å hauste erfaring og kunnskap om effekten av auka lærarressursar. Dette kan vere eit grunnlag for eventuelt seinare å forskriftsfeste eit forholdstal mellom talet på lærarar og talet på elevar.

Skulane driv svært målretta i tråd med vedteken strategi i oppvekst og omsorg. Det er spesielt satsa på lesing gjennom følgjande delmål og leseplan for både barnehage og skule.

Delmål vedteke i Oppvekst og omsorg:

- ✓ Skulane i Samnanger som mål å verta best i lesing i Hordaland. Det er sett inn timar til tilpassa undervisning på dei lågaste trinna – tidleg innsats.
- ✓ Leseløftet – Vedtak i Oppvekst og omsorg (16/11): ”H*andlingsplan for lesing i Samnanger- Leseløftet 2011-2020. Føresetnaden er at det ikkje vert reduksjon i rammene for barnehagane og grunnskulen i same perioden.”* Planen gjeld satsing heilt i frå barnehage – ut grunnskulen i samarbeid med folkebiblioteket. Det er lagt inn nye ressursar til dette. I skulen er det i 2012 finansiert med fond øyremerka til dette.

Målet – ***meistra grunnleggande dugleikar- LESING***
Nedanfor viser resultat frå nasjonale prøvar i 5., 8. og 9 trinn i lesing gjennomført i september 2011. Resultata viser gjennomsnittet til elevane i Samnanger i Lesing, samanlikna med Hordaland.



I 2011 er 5.trinn best i Hordaland på lesing: kunn få elevar er på det lågaste meistringsnivået, nivå 1, over 50 % på nivå 2 og nær 40 % av elevane på det høgste nivået.

5. trinn i Samnanger er best i å lesa i Hordaland

Barneskulen har fokus på tidleg innsats frå 1. trinn saman med systematiske lesestrategiar og dette viser no resultat. Det vert svært interessant å følgja utviklinga vidare når barnehagen og skulen har fått full effekt av leseplanen som er utarbeidd for barn frå 1-16 år. 8.trinn hadde mange elevar på dei lågaste meistringsnivåa i lesing, og har noko å strekkja seg mot. For 9.trinn er mange elvar på dei øvste meistringsnivåa.

Samnanger har fått forbetra resultat, og med færre elevar på lågaste nivå, nærmar me oss kommunen si målsetting. Skulane har eit bevisst fokus på læringstrykk og læringsutbyte for elevane. Skulane har no høg fagleg kompetanse og "spissar" leseopplæringa med tidleg innsats i opplæringa.

Målet: ***Oppleva inkludering og oppleva meistring***
Samnanger har i fleire år gjennomført tiltak og strategiar mot mobbing. I 2012 vedtok Samnanger ein ny plan: "*Strategi for oppvekst og læringsmiljø – **SOL***". Skulane gjennomførar årleg elevundersøkingar i tillegg til eigne undersøking.

Nedanfor viser resultata frå elevundersøkinga i 10. trinn i 2011. Den viser om skuleeigar har nådd målet å få elevane inkludert i eit fellesskap der dei trivst og ikkje vert utsett for mobbing. Det vert arbeidd mykje med læringsmiljøet på dei ulike område som er vist i figuren nedanfor.



Det er no særskilt fokus på at elevane på ungdomstrinnet skal oppleva meistring og framgang i læringa. Totalt sett meinar elevane våre på 10.trinn at dei har eit godt læringsmiljø samanlikna med andre elevar i Hordaland. Det gjeld både med fagleg rettleiing, karriererettleiing og faglege utfordringar, kor vil ligg over snittet for Hordaland. Til liks med landssnittet opplever jentene eit meir positive læringsmiljø enn gutane.

Mobbing meiner 10.klassingane det er svært lite av no. Ungdomsskulen har utvikla og følgjer ny plan for sosial kompetanse, med tydelege sosiale læringsmål.

Langt på veg nådd målet når
- Elevane i Samnanger opplevar opplæringa som variert, relevant, motiverande og få opplever å bli mobba.

Dei nye valfaga vert innført mellom anna for å gje gutane på ungdomstrinnet auka motivasjon i skulekvardagen. Hausten 2012 vart to nye valfag innført for 8 trinn. Hausten 2013 vil 9. trinn og få tilbod om valfag og 10. trinn I frå 2014. Valfaga som vert tilbudt er innafor område som skulen har kompetanse og erfaringar ifrå.

- Fysisk aktivitet og helse (frå 2012)
- Produksjon av varer og tenester (frå 2012)
- Teknologi i praksis (frå 2013)

Elevane opplevar læringsmiljøet som svært godt på begge skulane. I 2011 kjøpte kommunane i gr.2 inventar pr. elev for 769 kroner og undervisningsmateriell for 1.839 kroner. Skulane i Samnanger brukte 2.064 kroner meir til inventar og 369 kroner meir til undervisningsmateriell pr. elev. I budsjettet for 2013 er det budsjettet med om lag gr. 2 sitt gjennomsnitt. IT-utstyr til skulane er ført på Interne tenester, og i 2013 er det ungdomsskulen som har 1. prioritert på nytt it-styr.



Av andre tiltak som pågår for å fremme læring og meistring er - ***NY GIV***. Dette er eit partnarskapssamarbeid med vidaregåande skule om å gje meir intensiv opplæring til elevar som kan stå i fare for å droppe ut av vidaregåandeskule. Dette skjer mellom anna gjennom intensiv opplæring av grunnleggjande lese-, skrive- og rekneferdigheiter. Det startar siste halvåret på 10 trinnet og går vidare to år på vidaregåande.
Samnanger kommune er og ei lærebedrift, og skal legge til rette for at desse elevane får godkjent sitt fagbrev i tillegg til samfunnsmandatet om ikkje få fleire på uføretrygd.

GNIST er partnarskapen for ei heilskapleg lærarsatsing, og «skal målrette og samordne innsatsen for å heve skolens kvalitet gjennom å betre lærarane sin kompetanse og bidra til ei god og stabil rekruttering til læraryrket. I praksis vil det seia at Samnanger må ha tiltak for korleis vi kan rettleie våre nye lærarar slik at dei vil halde fram i læraryrket.

<u>Andre viktig fokusområde i 2013</u>

- Samnanger held fram med regional kompetanseutvikling i Midthordlandregionen. Våren 2013 går leiaropplæring for leiarar i skule og barnehage inn i avsluttande fase. I tillegg vert klasseleiing prioritert. Det er særskilt lagt mange nye oppgåver og krav til leiing av ungdomsskulen. Det er ønskje om å få auka administrasjonsressursen med 20%. Dette må ein avvente til einingsstrukturen for skuleområdet er vurdert.
- Naturfag i skulen er eit satsingsområde og kommunen ønskjer å få styrkja kompetanse innafor faget gjennom vidreutdanning.
- Både nasjonalt og lokalt er det i 2013 satsing på skulebiblioteka. Leselyststrategien er ein del av dette. Begge skulane har fått ressursar til å auke kompetanse til å drifte og integrere skulebiblioteka i opplæringa.
- Psykologisk pedagogisk teneste (PPT) er ei lovpålagt teneste Samnanger kjøper frå Vaksdal kommune. Utgiftene med avtalen vert fordelt på barnehage, skule og vaksenopplæring.
- I 2013 held ein fram med fokus på folkehelse og fysisk aktivitet, samt kosthald i barnehage og skule.
- Trafikksikring – Regjeringa vil i 2013 arbeide for sikring av barn i skulebuss. Kommunen har som mål å få revidera trafikksikringsplanen.
- Miljø og klima – Skulane held fram med VATN - kreative krefter. Det blir etablert ein klima- og miljøstasjon mellom barneskulen og barnehagen. Målet er at elevar og barn skal kunne måle fysisk og digitalt både klimaforhold og tilstaden til skulebygga. Midlar frå Enova vil finansiere dette.
- Ordninga med rentefrie skulelån til investering i skulebygg vert vidareført. Ordninga vert nytta på utbygginga av Samnanger barneskule.

BARNEHAGE

Barnehagane får i 2013 kompensasjon i rammeoverføringa for låg pris på foreldrebetalinga og tidlegare øyremerka tilskot. I ramma er det og lagt inn kompensasjon for likestilling av private barnehagar. Samnanger har satsa på å ha god barnehagedekning. Tilbodet er bygt ut med tanke på auka framtidig busetting og relativt stor vekst i barnetalet i åra framover. Kompensasjonen vart lagt i ramma til kommunen frå 2011. Inntekta til kommunen er no berre knytt til foreldrebetalinga. Ei nedgang i barnehagebarn i 2013 gjev ei lågare rammeoverføring enn den reelle kostnaden. Så utfordringa no er ikkje plassproblem men eit strekt ønskje om fleire barn til kommunen og inn i barnehagane våre.

Nasjonalt mål – *Likeverdig handsaming av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar og høg kvalitet i alle barnehagar.*

Barnehagegarantien – pålegg kommunane å gje alle eittåringar født før 1.september barnehageplass. Denne garantien har dei fleste kommunar innfridd. Det vert no berre gitt kontantstønad til eitt- åringane. Ein barnehageplass skal ikkje vera for dyr for foreldra. Maksimalprisen skal vera på same nivå som for 2005.

Finansiering av ikkje-kommunale barnehagar er overført til kommunane. I 2013 skal dei private barnehagane få auka minimumstilskotet frå 92 % til 94% frå 1.august. Tilskotet vert rekna ut frå driftsnivået til kommunale barnehagar etter eigne forskrifter. Ut frå dagens tal er det sett av 3.2 millionar i tilskot til Gardbarnehagen inkludert prosentauken som utgjer ca 200.000. Det er set av kr. 300.000 til betaling for barn i frå Samnanger i private barnehagar i andre kommunar. Utgiftene vert ført på skule- og barnehageadministrasjon.

Staten held fram med å ha fokus på høg kvalitet i det pedagogiske tilbodet i barnehagen. Tidleg innsats skal gje borna ein god start.
Hovudprioriteringane er:

- ✓ God arena for omsorg, leik og læring.
- ✓ Inkluderande fellesskap
- ✓ Kompetent personale

Lokale mål – **”Saman om ein god start”**

Samnanger sitt hovudmål for dei kommunale barnehagane er;

- *Styrkje barnehagen som læringsarena*- Barnehagane er ein del av utdanningsløpet, med vekt på omsorg, leik, læring og danning. Det er lagt inn resursar til målretta språkstimulering (styrka tiltak) i førskolealder for å gje ein betre skulestart for alle born og særskilt framandspråklege born. Barnehagane har eit tett samarbeid med om overgangen til skulen. Svært viktige fokusområde er samarbeidet med skulen og folkebiblioteket *om Leselyst og tidleginnsats.*

- *Inkluderande fellesskap* - Samarbeidet med kulturskulen,” ***den kulturelle nistepakken***” held fram gjennom at barnehagane kjøper tenester frå kulturskulen. **VATN** -*kreative krefter* vil verta ein del av læringa i samband med klima, miljø og natur i barnehagen.

- *Kompetent personale* - Samnanger har eit godt kvalifisert personale. Det er utdanna førskulelærarar i alle lovpålagte stillingar. Begge barnehagane har i tillegg kompetanse innafor spesialpedagogikk. Barnehagane har ein eigen kompetanseplan og mottek tilskot frå fylkesmannen til etter- og vidareutdanning. I 2013 vil det verte mogleg for assistentar å ta etter- og vidareutdanning til førskulelærar gjennom eit desentralisert opplegg. Ny barnehagelov er på trappene ved årsskiftet og me kan rekne med å måtte auke talet pedagogar dei næraste åra.
  I 2013 vil det i samarbeid med PPT og verte gjennomført felles kompetanseheving for alt barnehagepersonell. Barnehagane skal delta eit program som går på sosial kompetanseadferd - ***"De utrolige årene".*** Prosjektet vert finansiert med fondsmidlar øyremerka for dette.

Målet – *Samnanger har barnehageplass <u>til alle</u>*
I Samnanger er det vedteke å gje barnehageplass for alle barn som ønskjer plass. Kommunen har derfor dei seinaste åra bygt ut og opna avdelingar i tråd med etterspørselen. Hausten 2012 flytta 2 avdelingar frå Nordbygda barnehage og 2 frå gamleskulen inn i Vassloppa, tidlegare Nordbygda skule. Vassloppa barnehage har kapasitet til ytterlegare 2 avdelingar dersom det vert auke i både fødselstalet og tilflytting.
I tabellen nedanfor viser andelen barn med barnehageplass i 2011.



Alle 1-2 åringane som ønska tilbod fekk plass i den mellombelse løysinga vi hadde i Nordbygda. I 2012 er det nedgang i talet busette 1-2 åringar i kommunen.
Noko som får konsekvensar for tildeling av rammetilskotet i 2013. Me får då eit lågare tilskot til barnehagedrift enn i 2012, utan at talet avdelingar kan verte redusert. Barnehagane har redusert vikarbudsjetta for å kompensera noko for dette.

Figuren under viser nettoandel som går med til å drifta barnehageområdet i høve til totale nettoramma til kommunen.



Innføring av tilskota i ramma kjem fram i 2011 med ein vesentleg vekst i nettoutgiftene. Tidlegare år har Samnanger hatt ei kostnadseffektiv barnehagedrift, med rimelege bygg. Utgiftsauken i 2009 er utbygginga av Dråpeslottet barnehage. Barnehagegarantien kombinert med auke i talet på fødde siste åra førte til opninga av avdelinga i skulen og inntak av fleire barn i Dråpeslottet i 2010. I 2011 vart det nødvendig å opna ytterlegare ein avdeling i gamleskulen.

I 2013 er det budsjettert med 4 avdelingar i Dråpeslottet og 4 på Vassloppa. Det er ledig nokon ledige plassar i desse avdelingane pr. i dag. Til liks med skule er det lovfesta kva bemanning det skal vera pr. avdeling/barn.

Målet – *Låg pris*
Makspris i foreldrebetalinga i 2012 er sett til kr.2.330 pr. månad eller kr. 25.630 på årsbasis for ein 100 % plass. Ein familie med to barn i barnehage har spart om lag 23 600 kroner årleg som følgje av at maksimalprisen har blitt redusert sidan regjeringa tiltredde i 2005. Samnanger har også ei inntektsgradert foreldrebetaling. Den private barnehagen følgjer dei same satsane.

6. MERKNADER TIL INVESTERINGSBUDSJETTET

I økonomiplanen er fylgjande tiltak ført opp:

	2013	2014
Samnanger barneskule	13 382 000	0
Samnangerheimen	45 625 000	36 025 000
Senter for funksjonshemma	8 713 000	1 753 000
Rolvsvåg industriområde	1 250 000	750 000
Sum utgifter	68 970 000	38 528 000

Tabellen viser også 2014 sidan dei fleste tiltaka ikkje vert ferdigstilte før då.

Som gjennomgangen viser har Samnanger kommune ikkje driftsmidlar – driftsfond eller overskot på drifta – som kan nyttast som eigenfinansiering til investeringar. Det gjer at eksternt låneopptak vert omtrent einaste moglegheit dersom det skal investerast. For nokre tiltak er det sjølvsagt også moglegheit for å få tilskot. Lånegjelda vår vert i løpet av dei komande åra svært høg, og den bør nok redusert ein god del før nye lån vert tekne opp. Jmf. oversikt over lånegjeld.

Oversikt fond

	Saldo 1/1-12	Disponert 2012	Budsjett 2013	Udisponert
Bunde driftsfond	6 590 777	-3 136 452	-1 287 713	**2 166 612**
Næringsfond	1 368 033	-358 557	156 443	**1 165 919**
Disposisjonsfond	875 647	369 931	93 000	**1 338 578**
Nytt disposisjonsfond	8 200 000	-2 000 000		**6 200 000**
Bunde investeringsfond	151 129	0		**151 129**
Ubunde investeringsfond	327 227	0		**327 227**
Vatn/ avløp Hagamulen	300 000	0		**300 000**
Sum	17 812 813	-5 125 078	-1 038 270	11 649 465

Me har kalla kompensasjonsmidlane frå Sima – Samnangerutbygginga for nytt disposisjonsfond. Midlane her er disponert gjennom eige vedtak i kommunestyret. Det kan sjå ut som om eit eller to av tiltaka er rimelegare enn det som er sett av. Teknisk eining vil bruka dei løyvde midlane til vegar i 2012.

Gjennomføra prosjekt som er starta opp

Alle prosjekta som er ført opp i økonomiplanen er med unnatak av senter for funksjonshemma godt i gang. Samnanger barneskule vil stå ferdig til bruk i løpet av våren. For dei andre prosjekta pågår det planarbeid.

Samnanger barneskule

Arbeidet her går stort sett i samsvar med framdriftsplanen. Bygget vil ha gode kvalitetar på mange område, og det vert spanande å sjå om resultata av vala

våre vert som forventa. Nybygget er t.d. bygd etter standard for passivhus. Ikkje mange andre skular er bygd på denne måten.

Samnangerheimen

Det absolutt største prosjektet i Samnanger er bygging av ny sjukeheim. Det er utarbeidd byggjeprogram, og rammene for prosjektet er fastsett. Skisseprosjektet vart presentert for kommunestyret i juni 2012, og for- og detaljprosjektering har så smått kome i gang. Prosjektet er forseinka, og det er no forventa byggjestart ved årsskiftet 2013/14. Kostnad er her ein kritisk faktor, og prosjektgruppa må ha eit særleg fokus på den.



I kostnadsoverslaget er det ikkje lagt inn midlar til mellombels drift. Planlegging av det vil skje første halvår 2013. Det er i dag umogleg å seia noko om meirkostnader til denne drifta.. Dette vert presentert for kommunestyret venteleg før sommaren 2013.

Senter for funksjonshemma

24-timars tilbod til funksjonshemma vert i dag gitt på to plassar, på Samnangerheimen (to plassar) og på Skottabakken (5 plassar). Dette er ikkje ynskjeleg både ut frå økonomiske og faglege grunnar. Etablering av eit senter med både bustader og aktiviseringslokale har vore på tale i fleire år Kapasitetsproblem i organisasjonen har gjort at arbeidet ikkje har starta opp ut over å få ei vurdering av tomta. I tillegg er organisering av prosjektet til politisk handsaming. I forslaget er tiltaket ført opp med 7 mill. i 2013 og resterande i 2014.

Rolvsvåg industriområde

Reguleringsplanarbeidet er så godt som gjennomført. Vidare arbeid vil vera noko tilrettelegging, særleg det som er knytt til infrastruktur som veg, vatn og avløp. Det er etterspurnad etter tomter i Rolvsvåg, og slik situasjonen er no er det ikkje ledig areal.



Utgiftene til plan- og tilretteleggingsarbeidet vert finansiert ved eksternt lån og eit mindre tilskot frå regionalt næringsfond (fylkeskommunen). Utgiftene bør dekkjast inn ved sal av tomter, men det vil ta noko tid. Det er føresett at kapitalkostnadene, dvs. renter og avdrag vert finansiert i mellomtida med næringsfondet.

Det vil også pågå eit arbeid med reguleringsplan for næringsområdet **Tenane**. Planarbeidet er fullfinansiert i 2012. Sidan det er usikkert kva som vert vidare oppfølging

Infrastruktur som bidrar til samfunnsutvikling og som kan vera sjølvfinansierande på sikt.

VA – området
I utgangspunktet er dette eit sjølvkostområdet. I økonomiplanen har me handtert alle prosjekt innan VA som sjølvfinansierande. Her er det store utgifter som på sikt skal dekkjast av abonnentane, men der truleg kommunen må forskottera ein del av utgiftene. Me har i denne sektoren fleire store utfordringar. Særleg innan avløp vil dei ventande investeringane vera av ein slik karakter og storleik at det kan by på problem i alle fall på kort sikt å få dekkja inn kostnader. Ein tenkjer særleg på Indre-Tysse. Eininga har starta planlegging, men det vil enda ta noko tid før det kan leggjast fram løysingar som i neste omgang vil danna grunnlag for kostnadsoverslag. Det er tenkt å ha dette klart med tanke på å få innarbeidd tiltaket i økonomiplan for 2014 – 2017. VA på Ytre-Tysse er også ei utfordring. Her vil det først vera aktuelt å gå vidare når den nye tunellen står ferdig og ein kan stenga for gjennomkjøring. Det vil først skje i 2014.

Innan vassforsyning er framføring av vatn til **Frøland/Totland** utfordrande på mange måtar. Dette tiltaket er tenkt å gjerast samstundes med bygging av tunell bak Ytre-Tysse Fv 48 og gang- og sykkelveg til Frøland bru. Her er det budsjettert med midlar i 2012, men tiltaket vert først starta opp i 2013 slik at midlane – vel 7,7 mill. kroner - er sett opp att i 2013.

Eit anna stort prosjekt er **VA i Eikedalen**. Vedtak om at kommunen skal engasjera seg vart gjort av kommunestyret i juni. Arbeidet har vore ute på anbod, men endeleg pris for Samnanger er ikkje kjend. Kommunestyret vedtok også at det skal vera eit eige avgiftsområde for Eikedal. Det er førebels usikker kva kostnaden vert for den einskilde eigedom, og om den er av ein slik storleik at det er interesse for å kopla seg til. Sidan kostnaden er så uviss, er det ikkje ført opp midlar til tiltaket, men det er forventa at prosjektet vert fullt ut lånefinansiert.

Forskottering tunell bak Ytre-Tysse
Kommunen har forplikta seg på å forskottera 7 mill. kroner av 100 mill. kroner til bygging av tunell bak ytre Tysse. Arbeidet er starta opp i år, og det vil pågå i 2013 og 2014. Summen vil verta betalt attende i perioden 2016- 2020. Kostnaden for kommunen er tap av renter inntil me får attendebetalt heile summen. Med dagens rentenivå er kostnaden liten.

Mindre tiltak
- **Naudstraumsaggregat kommunehuset**
- **Arkivlokale**

Kommunehuset er m.a. base for kriseleiinga i beredskapssituasjonar. Desse inntrer ofte i samband med dårleg vær då det kan verta svikt i straumforsyninga. Det finst i dag ikkje naudstraum på kommunehuset. Det er og andre kommunale bygg som burde vore betre sikra på dette området. Sjukeheimen har t.d. eit mindre aggregat enn ønska, men det er vurdert at det er tilstrekkeleg og at det må finnast betre løysingar i samband med nybygget.

Ny telefonsentral for kommunehuset har stått på dagsorden lenge m.a. fordi han var gamal og at me av den grunn ikkje hadde moglegheiter for å nytta talemeldingar m.m. og at det var fare for havari. Havari skjedde sist vinter, noko som gjorde det naudsynt med reparasjon. Det viste seg då at det var mogleg for ein mindre sum å oppgradera sentralen. Dei midlane me har hatt til rådvelde i 2012 rekk då til å gjennomføra planane om eit felles sentralbord i kommunen. I løpet av relativt kort

tid vert det kjøpt utstyr som gjer at alle kommunale institusjonar vert kopla saman mot sentralbordet på kommunehuset. Av omsyn til beredskap vil legekontoret får ei eiga linje i tillegg. Ved å ha felles sentral for "heile kommunen" set me oss i ein svært sårbar situasjon når straumen fell ut. Desse to tilhøva gjer at me meiner det er rett å prioritera kjøp av naudstraumsaggregat til kommunehuset.

Arkiv
Riksarkivaren har hatt undersøkingar om standarden på arkivlokala m.m. i kommunane. Samnanger har vore klar over at ikkje alt står like bra til. Kommunen er medlem av IKA (interkommunalt arkiv) og materialet frå før 1965 er deponert hjå dei. Det same er personarkiv fram til 1998. Kommunen har i oktober hatt tilsyn frå statsarkivet på vegne av riksarkivaren. Det er gitt munnleg melding om at me anten må setta i stand lokale i kommunen eller inngå avtale med IKA om deponering hjå dei. Administrasjonen ynskjer primært å ha materiale i eigen kommune. Aktuelt lokale er i tilfluktsrommet i kommunehuset. Ombyggingskostnad er førebels usikker. Kostnaden er av ein slik storleik at tiltaket skal førast i investeringsbudsjettet. Avlevering til IKA vil medføra store årlege kostnader.

Arkivlokala er tenkt å vera i kjellaren i kommunehuset. Tiltaket er ikkje kostnadsrekna, men det er sett av kr 100.000. Her kan kostnaden verta høgare litt avhengig av kor mykje som skal til for å få lokala i forskriftsmessig stand. Temperatur og fukt er kritiske faktorar i slike lokale.

Oppfølging av vedtekne planar/prosjekt
- **Ytre Tysse**
- **Bjørkheim**

Kommunen har lagt ned mykje ressursar med tanke på å få dei to tettstadane Ytre Tysse og Bjørkheim rusta opp. Ikkje minst på Tysse har kommunen lagt ned mykje pengar, men det gjenstår ein god del meir arbeid her ikkje minst knytt til VA i gata. Dette arbeidet kan først starta i 2014.

I fylgje vedtekne planar skal det leggjast til rette for eit småbåtanlegg. Dette er ikkje tenkt å vera i regi av kommunen. Her vil utfordringa gå til private aktørar som anten kan vera forretningsdrivande eller ei samanslutning av brukarar m.m. Me ser at det kan vera trong for ein viss innsats frå kommunen, og det er sett av kr 100.000 til dette. Summen er foreslått finansiert ved næringsfondet.

Områdeplanen for Bjørkheim er i sluttfasen. Gjennomføring av planen avheng av mange faktorar ikkje minst kva planar dei private grunneigarane har for sin aktivitet. Kommunen vil måtte ta eit tak i høve til infrastruktur som VA. I tillegg vil offentleg tilgjengeleg friområde vera eit område kommunen må ta fatt i. Det vil verta arbeidd med å få fram ein oversikt over dei ulike gjeremåla inkl. kva tid det kan vera aktuelt å gjennomføra dei. Dette arbeidet må gjerast som del av arbeidet med økonomiplan for 2014 – 2017.

For komande år kan det vera aktuelt med kommunalt engasjement for delar av friområdet, og me har derfor sett av kr 100.000. Ved å ha midlar ståande er det mogleg å søkja om tilskot og på den måten få summen gjerne fordobla. Finansieringa vert ved bruk av næringsfondet.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL DRIFTSBUDSJETT –

Ktoinndel(T)	Rekneskap 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Driftsinntekter	-180 084	-4 000	-1 000
Driftsutgifter	1 967 448	2 032 668	1 974 200
Finansutgifter	22 653	0	0
Sum ansvar Rådmannen sitt kontor	1 810 017	2 028 668	1 973 200
Driftsinntekter	-772	0	0
Driftsutgifter	571 273	578 223	611 000
Finansinntekter	-1 449	-33 336	0
Sum ansvar Pedagogiske tenester	569 052	544 887	611 000
Driftsinntekter	-130 859	-140 700	-140 700
Driftsutgifter	2 019 432	2 256 574	2 124 126
Finansinntekter	-35 000	0	0
Sum ansvar Politisk nivå og revisjon	1 853 573	2 115 874	1 983 426
Driftsinntekter	-923 650	-666 625	-591 625
Driftsutgifter	9 462 756	9 175 312	9 537 309
Finansinntekter	-326 000	-32 000	0
Finansutgifter	1 841 211	215 000	0
Sum ansvar Interne tenester	10 054 317	8 691 687	8 945 684
Driftsinntekter	-130 487	-25 000	-25 000
Driftsutgifter	1 381 854	3 984 630	4 364 366
Sum ansvar Diverse fellesutgifter	1 251 367	3 959 630	4 339 366
Driftsutgifter	2 630 850	2 414 100	2 045 500
Finansinntekter	-40 000	0	0
Finansutgifter	32 300	0	0
Sum ansvar Samnanger kyrkjestyre	2 623 150	2 414 100	2 045 500
Driftsinntekter	-6 654 280	-6 612 443	-5 012 443
Driftsutgifter	592 267	393 902	187 000
Finansinntekter	-382 458	-132 000	-132 000
Finansutgifter	1 835 095	1 174 603	1 094 603
Sum ansvar Næringsføremål	-4 609 376	-5 175 938	-3 862 840
Driftsinntekter	-987 184	-729 135	0
Driftsutgifter	1 057 738	930 089	100 000
Finansinntekter	-300 000	-200 000	-100 000
Finansutgifter	229 448	0	0
Sum ansvar Kompetansesenter småkraft	2	954	0
Driftsinntekter	-731 262	-153 000	-260 699
Driftsutgifter	1 777 943	2 069 366	2 310 383
Finansinntekter	-50 000	-454 000	-395 386
Finansutgifter	351 411	0	0
Sum ansvar Kulturkontor	1 348 092	1 462 366	1 654 298
Driftsinntekter	-311 704	-1 500	-1 500
Driftsutgifter	865 828	675 917	680 993
Finansinntekter	0	0	0
Finansutgifter	122 503	0	0
Sum ansvar Bibliotek	676 627	674 417	679 493

Ktoinndel(T)	Rekneskap 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Driftsinntekter	-339 747	-393 900	-542 800
Driftsutgifter	1 160 478	1 292 703	1 445 465
Finansinntekter	-33 549	-37 500	0
Sum ansvar Kulturskule	787 182	861 303	902 665
Driftsinntekter	-132 943	0	0
Driftsutgifter	1 151 825	100 000	0
Finansinntekter	-1 083 211	-100 000	0
Finansutgifter	95 051	0	0
Sum ansvar Kulturbasert næring	30 722	0	0
Driftsinntekter	-1 112 818	0	0
Driftsutgifter	1 014 767	168 500	141 000
Finansinntekter	-80 000	-168 500	-141 000
Finansutgifter	180 282	0	0
Sum ansvar Prosjekt kultur	2 231	0	0
Driftsinntekter	-2 591 999	-2 478 698	-1 663 700
Driftsutgifter	8 252 426	6 881 061	6 404 384
Finansinntekter	-622 000	-100 000	-332 545
Finansutgifter	611 219	915 385	164 250
Sum ansvar Stab	5 649 646	5 217 748	4 572 389
Driftsinntekter	-6 493 843	-7 426 850	-6 570 850
Driftsutgifter	7 216 540	6 163 739	5 940 262
Finansinntekter	-386 280	-166 394	-158 946
Finansutgifter	3 328 790	3 450 735	3 782 260
Sum ansvar VVA	3 665 207	2 021 230	2 992 726
Driftsinntekter	-4 022 469	-10 122 264	-2 857 974
Driftsutgifter	7 757 478	7 754 959	6 839 432
Finansinntekter	0	-1 090 000	-202 000
Finansutgifter	5 472 625	10 918 892	3 631 392
Sum ansvar Eigedom	9 207 634	7 461 587	7 410 850
Driftsinntekter	-141 499	-116 710	-32 000
Driftsutgifter	650 894	738 134	474 500
Finansinntekter	-2 895	-44 886	-12 500
Finansutgifter	99 799	24 000	24 000
Sum ansvar Miljø og landbruk	606 299	600 538	454 000
Driftsinntekter	-1 095 479	0	0
Driftsutgifter	0	0	0
Finansutgifter	1 405 678	0	0
Sum ansvar Prosjekt Ytre Tysse	310 199	0	0
Driftsinntekter	-1 402 798	-1 602 700	-2 068 700
Driftsutgifter	6 650 863	6 828 642	7 935 900
Finansinntekter	-1 702 629	-1 250 000	-230 000
Sum ansvar Skule, barnehageadm. og VO	3 545 436	3 975 942	5 637 200

Ktoinndel(T)	Rekneskap 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Driftsinntekter	-784 909	-201 350	-201 350
Driftsutgifter	11 602 048	11 237 952	9 796 725
Finansinntekter	-12 000	-18 000	0
Finansutgifter	30 717	0	0
Sum ansvar Samnanger ungdomsskule	10 835 856	11 018 602	9 595 375
Driftsinntekter	-3 189 658	-3 130 680	-2 754 800
Driftsutgifter	17 497 586	18 571 222	19 312 120
Finansinntekter	-704 554	0	-10 000
Finansutgifter	30 432	30 432	30 432
Sum ansvar Barnehager	13 633 806	15 470 974	16 577 752
Driftsinntekter	-3 072 222	-818 298	-698 298
Driftsutgifter	19 079 580	18 968 518	19 782 288
Finansinntekter	-314	-18 000	0
Sum ansvar Samnanger barneskule	16 007 044	18 132 220	19 083 990
Driftsinntekter	-11 357	-12 000	-12 000
Driftsutgifter	851 178	902 097	967 874
Sum ansvar Helsestasjon	839 821	890 097	955 874
Driftsinntekter	-31 941	-34 000	-34 000
Driftsutgifter	153 962	197 384	197 384
Sum ansvar Jordmorteneste	122 021	163 384	163 384
Driftsinntekter	-192 296	-173 000	-177 000
Driftsutgifter	5 598 277	7 950 123	8 239 040
Sum ansvar Legeteneste	5 405 981	7 777 123	8 062 040
Driftsinntekter	-168 727	-168 900	-175 320
Driftsutgifter	956 194	972 267	1 037 356
Sum ansvar Fysioterapi	787 467	803 367	862 036
Driftsinntekter	-2 691 255	-1 979 306	-2 347 726
Driftsutgifter	13 716 617	13 236 782	14 387 816
Finansinntekter	-146 000	-75 991	0
Sum ansvar Open omsorg	10 879 362	11 181 485	12 040 090
Driftsinntekter	-7 661 965	-6 497 500	-4 803 999
Driftsutgifter	43 431 924	41 042 662	41 550 396
Finansinntekter	0	-1 000 000	0
Finansutgifter	17 244	0	0
Sum ansvar Omsorgtenesta	35 787 203	33 545 162	36 746 397
Driftsinntekter	-739 853	-924 000	-665 000
Driftsutgifter	3 374 487	3 500 093	3 551 943
Finansinntekter	-18 337	-10 000	-10 000
Finansutgifter	77 552	10 000	10 000
Sum ansvar Sosialkontor	2 693 849	2 576 093	2 886 943
Driftsinntekter	-172 480	-484 000	-484 000
Driftsutgifter	4 325 108	3 496 452	3 750 748
Sum ansvar Barnevern	4 152 628	3 012 452	3 266 748

Ktoinndel(T)	Rekneskap 2011	Budsjett 2012	Budsjett 2013
Driftsinntekter	-3 910 929	-1 208 000	-2 620 000
Driftsutgifter	3 852 871	2 863 284	3 060 244
Finansutgifter	37 584	0	0
Sum ansvar Flyktningekontor	-20 474	1 655 284	440 244
Driftsinntekter	-137 948 205	-139 466 721	-147 265 333
Driftsutgifter	0	128 333	121 333
Finansutgifter	8 213 509	0	0
Sum ansvar Skatt og rammetilskot	-129 734 696	-139 338 388	-147 144 000
Finansinntekter	-1 694 897	-1 230 000	-1 235 000
Finansutgifter	8 059 842	8 040 700	8 532 000
Sum ansvar Renter og avdrag	6 364 945	6 810 700	7 297 000
Driftsinntekter	0	0	-7 652 000
Finansinntekter	-7 494 472	0	-65 336
Finansutgifter	4 419 192	195 000	7 695 000
Sum ansvar Interne finansieringstransaksjonar	-3 075 280	195 000	-22 336
Finansinntekter	-6 127 969	-6 127 965	-6 458 355
Sum ansvar Avskriving	-6 127 969	-6 127 965	-6 458 355
Finansinntekter	38 648	0	0
Finansutgifter	-3 226 242	-1 277 139	-1 277 139
Sum ansvar Fordelte renteutgifter	-3 187 594	-1 277 139	-1 277 139
Driftsinntekter	-2 562	0	0
Driftsutgifter	-4 742 788	-3 343 444	-3 415 000
Sum ansvar Premieavvik	-4 745 350	-3 343 444	-3 415 000
	-3	10	0

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL INVESTERINGSBUDSJETT

Konto	Konto(T)	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016
02300	Byggetenester og nybygg	200 000	0	0	0
04290	Betalt mva - komskompensasjon	50 000	0	0	0
1300	Sum funksjon KOMMUNEHUSET	250 000	0	0	0
00700	Løn nybygg og nyanlegg	300 000	0	0	0
02302	Entrepenørkostnad	9 928 000	0	0	0
04290	Betalt mva - komskompensasjon	2 482 000	0	0	0
05000	Renteutgifter	380 000	0	0	0
2221	Sum funksjon BYGG, SAMNANGER BARNESKULE	13 090 000	0	0	0
00700	Løn nybygg og nyanlegg	128 000	64 000	0	0
00900	Pensjon	24 000	12 000	0	0
00990	Arbeidsgjevaravgift	23 000	11 000	0	0
02300	Byggetenester og nybygg	6 650 000	1 278 000	0	0
04290	Betalt mva - komskompensasjon	1 713 000	251 000	0	0
05000	Renteutgifter	175 000	127 000	0	0
2346	Sum funksjon Senter for funksjonshemma	8 713 000	1 743 000	0	0
00700	Løn nybygg og nyanlegg	154 000	569 676	260 000	0
00900	Pensjon	30 000	0	0	0
00990	Arbeidsgjevaravgift	26 000	80 324	28 000	0
02300	Byggetenester og nybygg	0	40 000 000	20 300 000	0
02302	Entrepenørkostnad	2 000 000	0	0	0
02700	Konsulentteneste	5 200 000	0	0	0
04290	Betalt mva - komskompensasjon	2 482 000	10 000 000	5 075 000	0
05000	Renteutgifter	260 000	1 500 000	1 100 000	0
07000	Statstilskot	0	0	-17 700 000	0
2610	Sum funksjon BYGG, SAMNANGERHEIMEN	10 152 000	52 150 000	9 063 000	0
05100	Avdrag lån	442 000	447 000	451 000	456 000
09201	Avdrag stønadslån	-442 000	-447 000	-451 000	-456 000
2832	Sum funksjon FORMIDLING HUSBANKLÅN	0	0	0	0
05201	Forskottering Tyssetunell	5 000 000	0	0	0
09100	Bruk av lån	-5 000 000	0	0	0
2852	Sum funksjon Forskottering	0	0	0	0
00700	Løn nybygg og nyanlegg	26 000	0	0	0
00900	Pensjon	5 000	0	0	0
00990	Arbeidsgjevaravgift	4 000	0	0	0
02300	Byggetenester og nybygg	3 500 000	500 000	0	0
04290	Betalt mva - komskompensasjon	875 000	125 000	0	0
06700	Sal av fast eigedom	-500 000	-500 000	0	0
07700	Refusjon frå private	-150 000	0	0	0
3251	Sum funksjon NÆRINGSFØREMÅL	3 760 000	125 000	0	0
02700	Konsulentteneste	100 000	0	0	0
04290	Betalt mva - komskompensasjon	25 000	0	0	0
09505	Bruk av næringsfondet	-100 000	0	0	0
3355	Sum funksjon PAVILJONG BJØRKHEIM og KAIOMRÅDE	25 000	0	0	0

Konto	Konto(T)	Budsjett 2013	Budsjett 2014	Budsjett 2015	Budsjett 2016
00700	Løn nybygg og nyanlegg	102 000	0	0	0
00900	Pensjon	20 000	0	0	0
00990	Arbeidsgjevaravgift	18 000	0	0	0
02300	Byggetenester og nybygg	7 216 000	0	0	0
05000	Renteutgifter	190 000	0	0	0
3454	Sum funksjon Vassforsyning Frøland	7 546 000	0	0	0
02700	Konsulentteneste	100 000	0	0	0
04290	Betalt mva - komskompensasjon	25 000	0	0	0
09505	Bruk av næringsfondet	-100 000	0	0	0
3604	Sum funksjon Småbåthamn Ytre Tysse	25 000	0	0	0
05290	Kjøp av aksjar og andelar	43 000	43 000	43 000	43 000
09700	Overføring frå driftsrekneskapen	-43 000	-43 000	-43 000	-43 000
8701	Sum funksjon AVDRAG PÅ LÅN	0	0	0	0
09100	Bruk av lån	-35 909 000	-43 642 000	-3 988 000	0
09700	Overføring frå driftsrekneskapen	-7 652 000	-10 376 000	-5 075 000	0
8800	Sum funksjon finansiering	-43 561 000	-54 018 000	-9 063 000	0
		0	0	0	0

Vedlegg

Fylkesmannen i Hordaland
Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 55 57 21 43

Vår dato
09.10.2012
Dykkar dato

Vår referanse
2012/12795 111
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

STATSBUDSJETT 2013 - KOMMUNEOPPLEGGET

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til statsbudsjett for 2013. Vi tek i innleiinga med dei viktigaste endringane for inneverande år.

I brevet betyr "kommunane" primærkommunane, dvs. ikkje kommuneforvaltninga samla.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2012
I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år med 4,5 prosent. Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med kr. 2170 mill. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke i år blir med dette justert opp frå 4,5 prosent til 6,5 prosent.

Meirskatten i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett blir ikkje vidareført i 2013.

Prisindikatoren for kommunal tenesteyting er auka noko i høve til revidert nasjonalbudsjett, det vil seie frå 3,0 prosent til 3,2 prosent. Justeringa skuldast høgare pårekna lønsvekst i år. Pårekna lønsvekst i år er no 4,1 prosent. Prisindikatoren består av lønsvekst og kjøp av varer og tenester. Lønsvekst utgjer knapt 2/3 av prisindikatoren.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2013
Prisindikatoren for 2013 er i framlegget 3,3 prosent. Pårekna lønsvekst inngår i denne med 4 prosent.

Skatteinntekter
Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2012 til 2013 med 5,4 prosent. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år.

Skatteøyret for kommunane er i 2012 11,6 prosent. Det er lagt opp til uendra skatteøyre i statsbudsjettet - 11,6 prosent også for 2013.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla
Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2013. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2011. I høve til dette grunnlaget er det justert for pårekna skatteutvikling i statsbudsjettet frå 2011 til 2013.

I berekning av skatteprognose for 2013 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2011 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2011. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Kommunane kan ta utgangspunkt i prognosen for frie inntekter, men må justera for lokale tilhøve knytt til skatteutvikling. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2013 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Veksten i dei frie inntektene frå 2012 til 2013 vil variera mellom kommunane.
Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt :

- verknad av endringar i inntektssystemet
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endra kriteriedata og befolkning
- endring i veksttilskot

Prisjustering frå 2012 til 2013 er innarbeidd i det vedlagte oversynet for dei frie inntektene.

Samla vekst i frie inntekter
Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2012 til 2013 med om lag til 4,2 mrd. Denne veksten er rekna i høve til det inntektsnivået for 2012 som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Veksten er realauke, det vil seie at prisjustering til 2013 - kroner vil kome som eit tillegg.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2012 til 2013 for ein stor del skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til:

Meirutgifter som følgje av demografi. Meirutgifter knytt til befolkningsveksten som må bli dekte av veksten i dei frie inntektene for kommunane kan reknast til om lag kr. 2,4 mrd.

Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke med om lag kr. 1,1 mrd. utover det som blir kompensert gjennom prisindikatoren (prisjustering) av inntektene.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2012 til 2013 med 4,1 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år (medrekna meirskatten i år). Veksten er korrigert for oppgåveendringar. Med pårekna prisvekst i kommunesektoren på 3,3 prosent, svarer dette til ein realauke på 0,8 prosent i frie inntekter for kommunane i landet.

Den nominelle prosentveksten i dei frie inntektene på landsbasis er noko høgare
enn for kommunane samla i Hordaland. Veksten i fylket er 3,9 prosent frå 2012 til 2013.

Barnehagar
a)
Maksimalpris for foreldrebetaling er i framlegget vidareført på same nominelle nivå som i 2012. Kompensasjon til kommunane for manglande prisjustering av foreldrebetaling blir lagt inn som ein auke i rammeoverføring med omlag kr. 273 mill. i 2013.

b)
Opptrapping med sikte på likestilling mellom kommunale og ikkje-kommunale barnehagar blir vidareført. Minimumstilskotet til ikkje - kommunale barnehagar aukar frå 92 til 94 prosent av det dei kommunale barnehagane i gjennomsnitt får i offentleg finansiering, frå 01. august 2013. Det er framlegg om ei løyving på kr. 58 mill. i auka rammeoverføring til dette føremålet i 2013 (halvårsverknad). I tillegg kjem kompensasjon av heilårsverknad av opptrappinga i 2012, om lag kr. 41 mill.

Kompensasjon (for punkt a og b) inngår i vedlagt tabell.

Nytt valfag i ungdomsskulen
Det blir innført 1 ½ time valfag (to «skuletimar») i veka pr. års trinn i ungdomsskulen. Det er innført for 8.trinn frå hausten 2012, blir utvida til 9.trinn frå hausten 2013 og til 10. trinn frå hausten 2014.

Det er lagt inn auka kompensasjon i rammetilskotet for 2013 for heilårsverknad for 8.trinn (kr. 92,7 mill.) og 5/12 - effekt for 9.trinn (kr. 66,1 mill.). Kompensasjon inngår i vedlagt tabell.

Tilskot - fleire lærarar i ungdomsskulen
Regjeringa gir framlegg om etablering av ei fireårig tilskotsordning frå skuleåret 2013-2014 med sikte på å få fleire lærarar i ungdomsskulen. Regjeringa gir framlegg om ei løyving på kr. 157 mill. som eit øyremerka tilskot i 2013 til føremålet.

Kommunar som har ungdomsskular med både grunnskulepoeng under gjennomsnittet og gruppestorleik over 20 elevar pr. lærar, får tilbod om å vere med i prosjektet. Desse kommunane kan søkje om midlar årleg over fire år til nye lærarårsverk. Det blir vist til nærare opplysningar frå Kunnskapsdepartementet.

Innføring av kulturskuletilbod i skulen/SFO
Regjeringa gir framlegg om at det blir innført ein veketime frivillig og gratis kulturskuletilbod i skule- eller SFO-tida på barnetrinnet (1.- 4. trinn) frå hausten 2013. Kommunane sine meirutgifter for hausten 2013 er rekna til om lag kr. 72 mill. Dette blir kompensert med same beløp i auke i rammeoverføring til kommunane.

Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg
Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir vidareført i 2013. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme, som grunnlag for rentekompensasjon, på kr. 15 mrd. fordelt over åtte år frå og med 2009. For 2013 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekompensasjon, kr. 1,0 mrd.

Investeringsramma omfattar både kommunane og fylkeskommunane. Ordninga blir administrert av Husbanken. I perioden 2009 - 2012 vil kr. 9 mrd. av den totale ramma på kr. 15 mrd. bli nytta.

Kommunalt barnevern
Barnevernet i kommunane blei frå og med 2011 styrka med eit nytt øyremerka tilskot. Tilskotet er i hovudsak nytta til nye stillingar i barnevernet i kommunane.

Kommunane kan søkje om midlar til stillingar, kompetansetiltak og etablering av interkommunalt samarbeid. Fylkesmannen handsamar søknadene frå kommunane.

Det er framlegg om å auka det øyremerka tilskotet med kr. 205 mill. frå 2012 til 2013. Med denne auken vil om lag kr. 500 mill. vere øyremerka det kommunale barnevernet i 2013.

Samhandlingsreform
Reform er innført frå 01. januar 2012 men er planlagt opptrappa over fleire år.

I 2012 blei det lagt inn i rammeoverføring i overkant av kr. 5 mrd. til kommunal med-finansiering og kr. 560 mill. til utskrivingsklare pasientar. Desse midlane blir vidareført i rammeoverføring for 2013 og er prisjustert til 2013 - kroner.

Tapskompensasjon
Det blir gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som dei siste åra ville hatt høgare forbruk innan kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasientar dersom kommunane hadde hatt dette betalingsansvaret - og det dei no vil få overført ordinært gjennom rammeoverføring. Samla kompensasjon for landet var kr. 305 mill. i 2012 og denne er prisjustert til 2013-kroner.

I eigen kolonne i vedlegg til dette brevet er dei kommunane som får denne kompensasjonen vist med beløp.

Tapskompensasjonen inngår i rammeoverføring, men midlane blir fordelte særskilt og ikkje etter dei faste kriteria i inntektssystemet. Fordelinga mellom kommunane vil vere den same i ein periode på tre år (2012 - 2014).

Døgnopphald - hjelp
Det blir ein plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med behov for hjelp med ein gong. Det er lagt opp til ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane får tid til å bygge opp tenesta.

Det øyremerka tilskotet til føremålet aukar frå kr. 131 mill. i 2012 til kr. 270 mill. i 2013.

Finansieringa er delt mellom 50 prosent frå det øyremerka tilskotet og 50 prosent frå dei regionale helseføretaka, i samsvar med samarbeidsavtale.

Utbygginga er planlagt over perioden 2012 - 2015. Kommunane sine samla utgifter til eit fullt utbygd tilbod er rekna til om lag kr. 1,0 mrd. (2012 - kroner). I 2016, når tilbodet blir ein plikt for kommunane, vil midla bli innlemma i rammeoverføring.

I statsbudsjettet er det lagt til grunn at dette tilbodet inneber ei avlastning for kommunane si medfinansiering av spesialisthelsetenesta. Det blir difor gjennomført eit trekk på kr. 83 mill. i rammeoverføring til kommunane i 2013.

Dagaktivitetstilbod
Det er ei målsetjing at alle kommunar innan 2015 skal kunne tilby dagaktivitetstilbod for demente. For å stimulera til utbygging av tilbodet blei eit eige øyremerka tilskot innført i 2012 med kr. 150 mill. Det er framlegg om å auka dette øyremerka stimuleringstilskotet med kr. 100 mill. i 2013.

Det er sjølve etableringskostnadene med tilbodet som er planlagt finansierte av det øyremerka tilskotet, medan driftskostnadene til nye årsverk må bli finansierte innafor den generelle veksten i dei frie inntektene.

Sjukeheimsplassar og omsorgsbustader
For 2013 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for 1750 nye einingar med heildøgnsomsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheimsplassar. Statleg investeringstilskot er 30 % for omsorgsbustader og 40 % for sjukeheimsplassar med fellesareal, innafor ei øvre investeringsramme.

I 2013 blir maksimalt investeringstilskot kr.840.000,- for omsorgsbustader og kr.1.120.000,- for sjukeheimsplassar. Maksimalt berekningsgrunnlag (øvre investeringsramme) aukar frå kr. 2,29 mill. i 2012 til kr. 2,8 mill. i 2013.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Innlemming av tilskot til kommunalt rusarbeid i rammetilskotet
Regjeringa gir framlegg om å innlemma kr. 333 mill. av det noverande øyremerka tilskotet til kommunalt rusarbeid i rammetilskotet til kommunane frå 2013.

Regjeringa gir framlegg om å vidareføra kr. 100 mill. av det noverande øyremerka tilskotet til rusarbeid til følgjande føremål; auka rekruttering av psykologar i kommunane (kr. 20 mill.), stimuleringstilskot til etter- og vidareutdanning (kr. 25 mill.) og utprøving av samhandlingsmodellar samt vidareføring av tilskot til sprøyterom (kr. 55 mill.)

Ressurskrevjande tenester
Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester blei lagt om frå og med 2008. Kompensasjonsgraden er etter omlegging den same for kvar kommune. Tilskotsordninga er for personar under 67 år. Det er førebels ikkje lagt opp til endringar i ordninga.

Det er lagt opp til følgjande for 2013:

- Kompensasjonsgraden er 80 % for netto utgifter utover innslagsnivået.

- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka pr. brukar frå kr. 935.000,- til kr. 975.000,- for netto utgifter i 2012. Dette svarer til pårekna lønsvekst frå 2011 til 2012.

- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2013 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap i 2012. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i same året som utgiftene har vore.

Tilskot gjennom rammeoverføring for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) blir trekt frå i berekningsgrunnlaget. Dette gjeld også for eventuelle øyremerka tilskot.

Inntektssystemet i 2013

Endring i kostnadsnøklane i 2013 knytt til kontantstønadsordninga
Frå 01.august 2012 blei det gjennomført fleire endringar i kontantstønadsordninga, bl.a. avvikling av ordninga for to - åringar. I revidert nasjonalbudsjett for 2012 var det innarbeidd kompensasjon i rammeoverføring med om lag kr. 214 mill. for auka etterspurnad etter barnehageplassar, som følgje av omlegginga av kontantstønadsordninga (opphavleg kompensasjon i statsbudsjettet for 2012 pluss auka kompensasjon i revidert nasjonalbudsjett).

I rammeoverføring for 2013 blir det lagt inn auka kompensasjon for heilårsverknaden av omlegginga i 2012 (for 7 månader i tillegg), prisjustert til 2013-kroner, kr. 309 mill.

Når to-åringane ikkje lenger får kontantstønad frå august 2012 må kriteria i utgiftsutjamninga (kostnadsnøklane) bli justert frå og med 2013. Kriteria innbyggjarar 3 - 5 år og barn 1 - 2 år utan kontantstønad blir erstatta av kriteria innbyggjarar 2 - 5 år og barn 1 år utan kontantstønad. Dette medfører også ei justering av vektene på kriteria i utgiftsutjamninga.

Generelt
Inntektsutjamning av skatteinntekter i høve til landsgjennomsnittet blir vidareført med 60 %. Tilleggskompensasjon (35 % under skattenivå 90 % av landsgjennomsnittet) blir vidareført.

Kommunane med under 3200 innbyggjarar får småkommunetilskot, dersom kommunen sitt skattenivå er under 120 prosent av landsgjennomsnittet.

Bergen kommune får eige storbytilskot.

Det blir for perioden 2011 - 2014 gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som har tap over kr. 100,- pr. innbyggjar i samband med endringane i inntektssystemet i 2011. Samla kompensasjon til kommunane i landet er om lag kr. 400 mill. årleg. Denne blir vidareført på same nivå i 2013 som i dei to førre åra for dei aktuelle kommunane.

Ordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet meir enn kr. 300,- pr. innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar og endringar i kriteriedata.

Telletidspunktet er 01.07. i år for innbyggjartal og aldersfordeling i utgiftsutjamning som grunnlag for rammeoverføring i 2013. For inntektsutjamninga i 2013 er telletidspunktet 01.01.2013. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er telletidspunktet 01.01.2012 for rammeoverføring i 2013.

Det er i statsbudsjettet sett av kr. 50 mill. på landsbasis i skjønstilskot for 2013 til psykologisk - sosial oppfølging i kommunane etter terrorangrepa 22. juli 2011. Dette er same beløpet til føremålet som i 2012. Fylkesmennene vil fordela tilskotet mellom kommunar med særlege behov som følgje av terrorangrepa. Fordelinga byggjer på retningsliner frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Ordinært skjønstilskot - fordeling
Fylkesmannen vil senda som e - post grunngjevinga for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2013.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
1	OVERFØRING											
2	KR. 1.000,-											
3	2013		av dette									
4			særskilt	storby-og								
5		innb.t.	komp.	små	distriktsp.	vekst	taps-	ordinært	SUM	Pårekna	SUM pårekna	Vekst
6	KOMMUNE	m/utg.utj.	Samh.	komm.	tilskot	tilskot	komp.v/	skjøn	ramme	skatt +	frie	rekneskap
7		m/INGAR	reform	tilskot	S.-Noreg		omlegg.		overføring	innt.utj.	inntekter	% 12 - 13
8												
9	Bergen	5102744		89679	0	0	46600	17000	5256023	6799629	12055652	3,8
10	Etne	107838		0	5235	0	0	4200	117273	94401	211674	3,7
11												
12	Sveio	136730	609	0	0	0	0	4400	141130	124151	265281	2,7
13	Bømlo	294618	109	0	0	0	3700	10800	309118	276739	585857	3,9
14												
15	Stord	387140	1795	0	0	0	700	1900	389740	452355	842095	4,4
16	Fitjar	82237		5161	0	0	0	3200	90598	75113	165711	5,1
17	Tysnes	85110		5161	0	0	0	4600	94871	65860	160731	2,2
18	Kvinnherad	333264	1170	0	6703	0	5200	14300	359467	319673	679140	3,5
19	Jondal	41298		5161	0	0	0	1900	48359	26206	74565	4,4
20												
21	Odda	178359	907	0	9523	0	0	0	187882	177768	365650	3,1
22	Ullensvang	107795	134	0	6523	0	0	3000	117318	81335	198653	3,2
23	Eidfjord	32306	287	0	0	0	0	0	32306	32915	65221	4,6
24	Ulvik	41454		5161	0	0	0	0	46615	29132	75747	1,9
25	Granvin	33950		5161	0	0	0	1300	40411	21861	62272	1,9
26												
27	Voss	341428		0	4665	0	1800	5200	353093	332698	685791	3,8
28	Kvam	223683		0	6518	0	0	10300	240501	202819	443320	2,5
29	Fusa	113081		0	0	0	0	4900	117981	92074	210055	3,3
30	Samnanger	66827		5161	0	0	0	1800	73788	58588	132376	2,5
31	Os	380406		0	0	2477	2600	1000	386483	427523	814006	5,1
32												
33	Austevoll	133655		0	0	0	0	2900	136555	147762	284317	4,5
34	Sund	148611		0	0	1632	0	1200	151443	152572	304015	5,3
35	Fjell	464574		0	0	0	2500	1900	468974	554931	1023905	4,2

Utdrag av fylkesmannen i Hordaland sitt skriv om skjønsmidlar

Kommunal- og regionaldepartementet,
Postboks 8112 Dep,
0032 Oslo

Tilskot ved skjøn for 2013

Fylkesmannen har motteke brev av 23. august d.å. frå departementet om ordinært skjøns-tilskot for 2013.

Fylkesmannen har fordelt kr. 112,6 mill. av ei ramme på kr. 137,6 mill. for 2013. Det vil seie at det er ei ufordelt ramme med kr. 25,0 mill. Den ufordelte ramma vil bli nytta til omstill-ings- / utviklingsprosjekt og til generell fordeling i løpet av 2013.

Arbeidsgivaravgift
Det er gitt kompensasjon til kommunar som fekk høgaste arbeidsgivaravgift frå og med 2004 og som ikkje er blitt tilbakeført til sone med lågare arbeidsgivaravgift seinare (2007). Fylkes-mannen tek omsyn til dette også gjennom fordelinga for 2013, men vi har redusert den samla kompensasjonen for dei aktuelle kommunane med kr. 6,0 mill. frå 2012 til 2013. Samla kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift blir med dette redusert frå kr. 48 mill. i 2012 til kr. 42 mill. i 2013.

I kr. 1.000,-:

Kommune	Kompensasjon 2012	Kompensasjon 2013
Etne	3974	3600
Bømlo	10696	9500
Tysnes	3789	3600
Kvinnherad	16343	14300
Jondal	1687	1600
Kvam	10613	9400
Modalen	925	0
Sum	48027	42000

Reduksjonen i kompensasjon med kr. 6,0 mill. frå 2012 til 2013 er nytta til å auka den ufordelte skjønsramma, til kr. 25 mill. i 2013.

Store utgifter til språkdeling
Fylkesmannen tek omsyn til store utgifter til språkdeling for kommunar som har eit relativt svakt inntektsnivå. Det er teke omsyn til dette for kommunane Sveio, Fjell, Askøy, Os og Meland.

Kompensasjon for omlegging av inntektssystemet
Kompensasjon er knytt til omlegginga av inntektssystemet frå 2002. Fylkesmannen har trappa denne kompensasjonen ned frå og med 2009. Nedtrappinga blir vidareført i 2013 for kommunane. I 2012 blei det lagt til grunn følgjande kompensasjon, i mill. kr.:

Sveio	3,3
Fitjar	0,3
Granvin	0,2
Fusa	2,5
Austrheim	0,9
Fedje	0,3

Tilskot til inntektssvake kommunar som ikkje tek imot distriktspolitiske tilskot i 2013
I fylkesramma for 2013 inngår kr. 3,0 mill. til fordeling i denne samanheng. Denne delen av ramma er kr.1,0 mill. i 2012. Oversynet frå departementet viser dei kommunane som er kvalifiserte for å kunne få kompensasjon, det vil seie kommunar med eit lågt nivå på dei frie inntektene og utan regionalpolitiske tilskot i 2013(korkje småkommunetilskot, distrikts-tilskot, veksttilskot eller storbytilskot).

Fylkesmannen tek utgangspunkt i oversynet frå departementet, men det blir ikkje gitt tilskot av denne særskilte ramma til kommunar som har høg eigedomsskatt på anlegg og eventuelt høg naturressursskatt. Det blir ikkje gitt tilskot av denne ramma til Austevoll kommune som no har fått eit høgt ordinært personskattenivå.

Fordeling av ramma til inntektssvake kommunar:

i kr. 1.000,-	Innbyggjarar 01.07.12	Korrigert	%-del	Tilskot-13 av kr. 3,0 mill.	Auke tilskot 12-13
1216 Sveio	5342	5342	10,1	300	150
1219 Bømlo	11550	11550	21,8	650	300
1221 Stord	18047	12031	22,7	700	700
1232 Eidfjord	956	0	0	0	0
1241 Fusa	3819	3819	7,2	200	100
1244 Austevoll	4835	0	0	0	0
1246 Fjell	22927	7642	14,4	400	400
1252 Modalen	374	0	0	0	0
1253 Osterøy	7625	7625	14,4	450	200
1259 Øygarden	4485	0	0	0	0
1260 Radøy	4969	4969	9,4	300	150
1263 Lindås	14737	0	0	0	0
			100	3000	2000

Fordelinga er gjort med utgangspunkt i innbyggjartalet. Dette talet er korrigert i sjølve fordelinga for å ta omsyn til andre høve. Kommunane Eidfjord, Austevoll, Modalen, Øygarden og Lindås får korrigert fordelingstalet til null som følgje av ekstraordinære inntekter, jf. merknad over.

Fjell kommune får redusert fordelingstalet til 1/3 av folketalet jf. eige kommentar under for kommunen. Stord kommune får redusert fordelingstalet til 2/3 av folketalet jf. eige kommentar under for kommunen.

Generell reduksjon frå 2012 til 2013
Det er ein reduksjon i fylket si basisramme frå 2012 til 2013 med kr.2,6 mill. (2,9 prosent reduksjon). Det inneber i utgangspunktet ein reduksjon i skjønstilskotet for kommunane. Fleire kommunar vil difor få redusert tilskot frå 2012 til 2013 utan at det ligg føre nokon anna årsak enn at skjønsramma til ordinær fordeling er redusert.

Samnanger

Tilskot 2012: kr. 1,8 mill.

Kommunen har ein ressurskrevjande brukar med omfattande kostnad. Dei kommunale tenestene blir gitt i heimen, men kommunen har hatt ynske om å gi tilbodet på sjukeheimen. Brukaren er over 67 år slik at det ikkje blir gitt eige statleg tilskot innafor ordninga for ressurskrevjande tenester. Pårekna kostnad for kommunen i år knytt til brukaren er om lag kr. 3,8 mill. Dette er noko lågare enn tidlegare lagt til grunn då vedkomande har akseptert å vere ein kortare periode på sjukeheimen.

Kommunen har inngått legevaktsamarbeid med nabokommune. Kommunen har sjølv organisert og teke kostnadene med ein «reserveambulanse», då Helse Bergen ikkje lenger har stasjonert ambulanse i kommunen.

Tilskot 2013: kr. 1,8 mill.

SAMNANGER Inngang!A1	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
SAMNANG 1242								
(år 2013-prisnivå i perioden 2013-2016)				PROGNOSE				
1000 kr	**2009**	**2010**	**2011**	**2012**	**2013**	**2014**	**2015**	**2016**
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	22 572	24 033	45 866	50 232	52 701	53 021	53 210	53 210
Utgiftsutjevning	8 607	10 619	14 193	15 265	14 043	14 169	14 174	14 179
Overgangsordninger (INGAR fra 2009)	-144	-58	-354	-167	83	-	-	-
Saker særskilt ford (fysioterapi/kvalifiserings	431	487	579	500	-	-	-	-
Nord-Norge-tilskudd/Namdalstilskudd	-	-	-	-	-	-	-	-
Hovedstadstilskudd (fra 2011 storbytilskudd)	-	-	-	-	-	-	-	-
Småkommunetilskudd	5 535	5 707	4 839	4 996	5 161	5 161	5 161	5 161
Distriktstilskudd Sør-Norge	-	-	-	-	-	-	-	-
Inndelingstilskudd/trekk Nannestad/Ullensake	-	-	-	-	-	-	-	-
Veksttilskudd	-	-	-	-	-	-	-	197
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif.arb.avg.	1 706	1 555	1 600	1 800	1 800	1 800	1 800	1 800
herav gradvis bortfall av dif.arbeidsgiveravgif	-	-	-	-				
Skjønn til skattesvake kom i Sør-Norge (2009	-							
Skjønn - tap endringer av inntektssytemet			-	-	-	-	-	-
Justert skjønn momskomp 08								
Kompensasjon Samhandlingsreformen				-	-	-		
Ekstra skjønn tildelt av KRD	-	-	-	-				
Ekstra skjønn tildelt av KRD desember 2011			-					
Feil inntektsutj 2007/Komp Fysioterapautmic	21							
Tiltakspakken 2009/1 mrd mer frie inntekter	1 090	570						
RNB2009 / RNB2010 / Prop 59S / RNB2011	500	3	56	60				
Sum rammetilsk uten inntektsutj	**40 318**	**42 916**	**66 779**	**72 686**	**73 788**	**74 151**	**74 345**	**74 547**
"Bykletrekket" (anslag etter 2010)	-3	-1	-2					
Netto inntektsutjevning	317	1 396	870	796	1 042	1 042	1 042	1 042
Sum rammetilskudd	**40 632**	**44 311**	**67 646**	**73 481**	**74 831**	**75 193**	**75 387**	**75 590**
Rammetilskudd - endring i %		9,1	52,7	8,6	1,8	0,5	0,3	0,3
Skatt på formue og inntekt	**52 088**	**53 149**	**51 690**	**55 050**	**58 023**	**58 023**	**58 023**	**58 023**
Skatteinntekter - endring i %		2,0	-2,7	6,50	5,40	-	-	-
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	-	-	-	-	-	-	-	-
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	**92 720**	**97 460**	**119 336**	**128 500**	**132 900**	**133 200**	**133 400**	**133 600**
						(avrundet totalsum ut fra at skatt kun er et anslag)		

Budsjett Samnanger kyrkjestyre 2013 (Før lokale forhandlingar)

110 Kyrkjeleg administrasjon			2011			2012	2013	
Konto	**Konto (T)**	**Prosj**	**Rekneskap**	**Budsjett**	**Rev. budsjett**	**Budsjett**	**Budsjett**	**Kommentarar**
UTGIFTER								
30100	Fastløn		446 356,55	450 000	450 000	459 400	444 400	Leiar 80% + sekretær 30%
30508	Telefon		0,00	0	0	0	3000	
30101	Helge/faste tillegg		219,70	300	300	300	0	
30300	Ekstrahjelp		15 881,50	0	0	0	0	2011 ekstra sekretær
30800	Møtegodtgjering		45 735,00	39 100	39 100	40 200	40 000	Valet i 2011
30900	Pensjonsinnskot - KLP		54 322,45	74 200	74 200	75 300	74 000	16,55 %
30950	Tr.pliktig forsikringsordning		8 552,00	0	0	0	0	
30990	Arbeidsgjevaravgift		80 641,77	79 200	79 200	80 400	78 700	14,10 %
31000	Kontormateriell		11 598,67	10 000	10 000	10 000	15 000	
31104	Kyrkjemusikalsk arbeid		0,00	0	0	0	2000	
31200	Anna forbruksmateriell		36 403,00	0	0	0	2 000	Valet i 2011
31201	Matvarer		1 383,35	1 000	1 000	1 000	2 000	Mat soknerråd o.l
31300	Post,bank.tlf.,datalinje		15 767,85	10 000	10 000	10 000	15 000	
31301	Telefon		19 012,14	17 000	17 000	17 000	18 000	
31400	Annonse, reklame, inform.		23 076,36	12 000	12 000	12 000	20 000	
31500	Opplæring/ kursutgifter		5 600,00	6 000	6 000	6 000	6 000	
31600	Utg.godtgj.,reise, diett, bil		3 626,50	5 000	5 000	5 000	5 000	
31650	Andre avg.pl.godtgjersle		2 514,25	3 000	3 000	3 000	0	
31700	Transportutg./drift eigne bilar		1 202,74	0	0	0	0	
31850	Forsikring		0,00	0	0	0	1 500	Innbu kontor (700 no)
31851	Forsikring av personar		4 316,00	12 000	12 000	12 000	12 500	
31950	Avgifter, gebyr, lisensar m.m		27 295,23	30 000	30 000	30 000	35 000	
32000	Innbu og utstyr		8 984,80	10 000	10 000	10 000	10 000	
32400	Serviceavtalar og reparasjonar		53 364,61	30 000	30 000	30 000	35 000	Auke brannalarm og dataprogram
32700	Konsulentteneste		6 000,00	6 000	6 000	6 000	6 000	
33900	Kalk.utg.ved komm.tenester		40 000,00	40 000	40 000	40 000	40 000	For rekneskap, lønnskøyring og brøyting
34290	Mva - momskompensasjon		38 406,27	20 000	20 000	20 000	30 000	
45200	Utlån/aksje/andelskjøp		6 217,00	0	0	0	0	KLP eigenkapitaltilskot
35700	Overf.til investeringsrekneskapen		6 217,00	0	0	0	0	
	Sum utgifter		**962 694,74**	**854 800,00**	**854 800,00**	**867 600,00**	**895 100,00**	
INNTEKTER								
36200	Anna avg.fri sal av varer/tenester		-1 935,00	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000	Telefon og kopipengar
37290	Momsrefusjon drift		-38 406,27	-20 000	-20 000	-20 000	-30 000	
37700	Refusjon frå private, andre		-925,00	0	0	0	0	
37804	Overført frå trusopplæring		-10 000,00	0	0	0	-15 000	Auka aktivitet - meir adm
37900	Kalk.innt.ved komm.tenester		-40 000,00	-40 000	-40 000	-40 000	-40 000	For rekneskap, lønnskøyring og brøyting
38000	Statleg tilskot		-33 825,00	0	0	0	0	Kyrkjerådet val 2011
38300	Kommunalt tilskot		-793 800,00	-793 800	-793 800	-806 600	-809 100	
39000	Renteinntekter		-9 267,00	0	0	0	0	
39300	Bruk av tidlegare års mindreforbruk		-445,24	0	0	0	0	
49700	Driftstilskot		-6 217,00	0	0	0	0	KLP eigenkapitaltilskot
	Sum inntekter		**-934 820,51**	**-854 800,00**	**-854 800,00**	**-867 600,00**	**-895 100,00**	
	Inntekter utan komm. Tilskot		**-125 091,27**	**-61 000,00**	**-61 000,00**	**-61 000,00**	**-86 000,00**	
	Resultat		**27 874,23**	**0,00**	**0,00**	**0,00**	**0,00**	

121 Ådland Kyrkje			2011			2012	2013	
Konto	**Konto**	**Prosj**	**Rekneskap**	**Budsjett**	**Rev. budsjett**	**Budsjett**	**Budsjett**	**Kommentarar**
UTGIFTER								
30100	Fastløn		232 070,95	231 300	231 300	236 400	249 700	25% org.+ Kyrkjetenar
30101	Helge/faste tillegg		30 305,66	25 900	25 900	25 900	26 600	
30200	Vikarer		15 192,11	15 000	15 000	15 000	15 000	
30300	Ekstrahjelp		0,00	0	0	0	5 000	Vaktmeistartenester (også ført på vedlikeh
30600	Trekkpliktig godtgjersle		4 872,00	6 500	6 500	6 500	6 500	
30900	Pensjonsinnskot - KLP		38 297,92	42 600	42 600	43 400	45 700	
30990	Arbeidsgjevaravgift		45 223,52	42 200	42 200	43 100	45 400	
31200	Anna forbruksmateriell		3 216,61	4 000	4 000	4 000	4 000	Lys, blomar ++
31600	Utg.godtgj.,reise, diett, bil		401,50	0	0	0	0	
31650	Andre avg.pl.godtgjersle		927,00	0	0	0	0	
31800	Energiutgifter		93 488,15	110 000	110 000	105 000	90 000	
31850	Forsikring		11 887,00	13 000	13 000	13 000	20 000	
31951	Kommunale avgifter		6 764,64	0	0	5 000	7 000	
32000	Innbu og utstyr		1 688,34	0	0	0	22 000	Altarring, Nytt skinn
32009	Inventar utstyr prosjektinnsamling		43 660,80	0	0	0	0	Innsamla midlar
32300	Vedlikehald og nybygg		33 095,60	265 000	55 000	17 000	25 000	Ynskjeleg med utvida råme - sjå komm.
42300	Vedlikehald og nybygg		0,00	0	125 000	0	0	
42300	Vedlikehald og nybygg	500	131 100,00	0	0	0	0	Investeringspost

32400	Serviceavtalar og reparasjonar		13 724,44	24 000	24 000	33 000	19 000	Orgelstemming, brannalarm
32700	Konsulentteneste		33 450,00	0	0	0	0	
44290	Mva - momskompensasjon		32 775,00	0	32 775	0	0	Forprosjekt overrisling
33803	Overført til SOR, klokkar		23 800,00	22 500	22 500	23 400	23 900	Klokkarløn tilskot til ung. arb.
34290	Mva - momskompensasjon		60 270,06	25 000	25 000	25 000	25 000	
35700	Overf.til investeringsrekneskapen		32 775,00	0	32 775	0	0	
35900	Avskrivingar		48 078,00	0	0	0	48 000	
	Sum utgifter		**937 064,30**	**827 000,00**	**807 550,00**	**595 700,00**	**677 800,00**	
INNTEKTER								
36300	Husleigeinntekter		-2 517,00	0	0	0	0	Utleige kyrkja
37280	Momsrefusjon investering		-32 775,00	0	-32 775	-25 000	0	
37290	Momsrefusjon drift		-60 270,06	-25 000	-25 000	0	-25 000	
37802	Overført frå SOR, PÅK		-36 545,00	0	0	0	0	
38300	Kommunalt tilskot		-585 900,00	-802 000	-592 000	-570 700	-604 800,00	
48300	Kommunalt tilskot		-131 100,00	0	-125 000	0	0	
39500	Bruk av bundne fond		-31 600,00	0	0	0	0	
49700	Driftstilskot		-32 775,00	0	-32 775	0	0	
39900	Motpost avskrivingar		-48 078,00	0	0	0	-48 000	
	Sum inntekter		**-961 560,06**	**-827 000,00**	**-807 550,00**	**-595 700,00**	**-677 800,00**	
	Inntekter u. komm. tilskot og avskrivingar		**-233 027,06**	**-25 000,00**	**-90 550,00**	**-25 000,00**	**-25 000,00**	
	Resultat		**-24 495,76**	**0,00**	**0,00**	**0,00**	**0,00**	

122 Haga kyrkje			**2011**			**2012**	**2013**	
Konto	**Konto**	**Prosj**	**Rekneskap**	**Budsjett**	**Rev. budsjett**	**Budsjett**	**Budsjett**	**Kommentarar**
UTGIFTER								
30100	Fastløn		149 216,77	205 800	205 800	210 200	219 000	25% org.+ Kyrkjetenar
30101	Helge/faste tillegg		18 995,96	18 100	18 100	18 100	18 900	
30200	Vikarer		64 805,42	10 000	10 000	10 000	10 000	
30300	Ekstrahjelp		7 303,29	0	0	0	5 000	Vaktmeistartenester (også ført på vedlikeha
30900	Pensjonsinnskot - KLP		21 519,29	37 100	37 100	37 800	39 400	
30990	Arbeidsgjevaravgift		37 843,87	36 800	36 800	37 500	39 100	
31104	Kyrkjemusikalsk arbeid		898,40	0	0	0	0	
31200	Anna forbruksmateriell		7 903,21	6 000	6 000	6 000	10 000	
31800	Energiutgifter		64 821,60	62 000	62 000	75 000	60 000	
31850	Forsikring		14 651,00	15 000	15 000	15 000	21 000	
31951	Kommunale avgifter		13 172,00	12 000	12 000	13 000	13 000	
32000	Innbu og utstyr		4 890,57	0	0	0	5 000	
32009	Inventar utstyr prosjektinnsamling		16 600,00	0	0	0	0	Av innsamla midlar
32300	Vedlikehald og nybygg		97 719,77	17 000	17 000	10 000	20 000	Ynskjeleg med utvida råme - sjå komm.
32309	Vedlikehald prosjektinnsamling		31 380,00	0	0		0	
32400	Serviceavtalar og reparasjonar		6 712,80	1 000	1 000	1 000	7 000	Brannalarmavgift
32500	Materiale til vedlikehald		4 002,40	0	0	0	0	
32600	Reinhald og vaskeriteneste		1 942,72	1 500	1 500	1 500	2 000	
33803	Overført til SOR, klokkar		23 800,00	22 500	22 500	23 400	23 900	5,5% stilling st.k.5139 Til U- arb.
34290	Mva - momskompensasjon		62 045,18	20 000	20 000	20 000	20 000	
35900	Avskrivingar		137 660,00	0	0	0	137 700	
	Sum utgifter		**787 884,25**	**464 800,00**	**464 800,00**	**478 500,00**	**651 000,00**	
INNTEKTER								
36300	Husleigeinntekter		-3 000,00	0	0	0	-2 000	
37290	Momsrefusjon drift		-62 045,18	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000	
37801	Overført frå SOR, PHK		-47 980,00	0	0	0	0	
38300	Kommunalt tilskot		-444 800,00	-444 800	-444 800	-458 500	-491 300	
39500	Bruk av bundne fond		-76 383,45	0	0	0	0	
39900	Motpost avskrivingar		-137 660,00	0	0	0	-137 700	
	Sum inntekter		**-771 868,63**	**-464 800,00**	**-464 800,00**	**-478 500,00**	**-651 000,00**	
	Inntekter u. komm. tilskot og avskrivingar		**-189 408,63**	**-20 000,00**	**-20 000,00**	**-20 000,00**	**-22 000,00**	
	Resultat		**16 015,62**	**0,00**	**0,00**	**0,00**	**0,00**	

130 Kyrkjegarden			2011			2012	2013	
Konto	**Konto (T)**	**Prosj**	**Rekneskap**	**Budsjett**	**Rev. budsjett**	**Budsjett**	**Budsjett**	**Kommentarar**
UTGIFTER								
30100	Fastløn		275 782,38	285000	285000	292 400	0	Tilsette over til kommunen
30101	Helge/faste tillegg		2 841,81	2600	2600	2 600	0	
30200	Vikarer		6 768,19	17500	17500	17 500	0	
30300	Ekstrahjelp		4 066,00	0	0	0	2 000	Hjelp v. administrasjon
30309	Lønn gravlegat		14 893,44	14800	14800	15 200	22 400	Gravstell legat
30900	Pensjonsinnskot - KLP		39 940,98	53000	53000	54 200	2 700	
30990	Arbeidsgjevaravgift		48 544,98	52600	52600	53 800	2 800	
31200	Anna forbruksmateriell		3 138,16	4000	4000	0	0	Til komm.
31208	Leige ekstrahjelo		2 000,00	0	0	4 000	0	Til komm.
31209	Utgifter til stell av graver		3 737,60	3500	3500	3 500	4 000	
31800	Energiutgifter		12 590,81	15000	15000	15 000	11 000	
31850	Forsikring		1 695,00	0	0	0	1 000	Bygningar
31951	Kommunale avgifter		28 486,00	24000	24000	25 000	7 000	Vatn og kloakk (BIR til Kommunen)
32000	Innbu og utstyr		4 708,34	0	0	0	7 000	Til personalhus
32200	Leige, leasing kjøp av maskiner		17 600,00	25000	25000	25 000	0	Til komm.
32300	Vedlikehald og nybygg		19 042,00	5000	5000	7 000	14 000	I tillegg sjå utv. Råme
32400	Serviceavtalar og reparasjonar		4 700,00	4000	4000	4 000	0	Til komm.
34290	Mva - momskompensasjon		21 923,15	15000	15000	15 000	2 000	
35000	Renteutgifter		5 331,00	0	0	0	5 000	Gravlegat
35509	Avsett til gravfond		0,00	0	0	0	0	
35900	Avskrivingar		114 648,00	0	0	0	115 000	
	Sum utgifter		**632 437,84**	**521000**	**521000**	**534200**	**195 900**	
INNTEKTER								
36000	Betaling for kyrkj.tenester		-12 300,00	-10000	-10000	-10 000	-7 000	
36200	Anna avg.fri sal av varer/tenester		-25 859,00	0	0	0	-31 900	Stell av graver brukt legat
36301	Festeinntekter		-31 820,00	-35000	-35000	-35 000	-35 000	
37290	Momsrefusjon drift		-21 923,15	-15000	-15000	-15 000	-2 000	
38300	Kommunalt tilskot		-438 000,00	-438000	-438000	-451 200	0	
39009	Renteinntekter gravlegat		-5 331,00	0	0	0	-5 000	
39509	Brukt avsett til gravlegat		0,00	-23000	-23000	-23 000		No budsjettert på 36200
39900	Motpost avskrivingar		-114 648,00	0	0	0	-115 000	
	Sum inntekter		**-649 881,15**	**-521000**	**-521000**	**-534200**	**-195 900**	
	Inntekter u. komm. tilskot og avskrivingar		**-97 233,15**	**-83 000,00**	**-83 000,00**	**-83 000,00**	**-80 900,00**	
	Resultat		**-17 443,31**	**0,00**	**0,00**	**0,00**	**0**	

140 Andre føremål			2011			2012	2013	
Konto	**Konto (T)**	**Prosj**	**Rekneskap**	**Budsjett**	**Rev. budsjett**	**Budsjett**	**Budsjett**	
30300	Ekstrahjelp		900,00	0	0	0	0	
30900	Pensjonsinnskot - KLP		0,00	0	0	0	0	
30990	Arbeidsgjevaravgift		126,90	0	0	0	0	
31101	Konfirmantopplæring		53 722,01	40 000	40 000	40 000	40 000	
31104	Kyrkjemusikalsk arbeid		854,00	0	0	0	0	Går av innsamla midlar
31200	Anna forbruksmateriell		5 927,11	4 000	4 000	4 000	5 000	Notar ol. Til gudstenester
31600	Utg.godtgj.,reise, diett, bil		740,00	0	0	0	0	
32600	Reinhald og vaskeri-.teneste		4 979,20	4 000	4 000	4 000	5 000	
34290	Mva - momskompensasjon		5 936,21	0	0	0	5 000	
	Sum utgifter		**73 185,43**	**48 000,00**	**48 000,00**	**48 000,00**	**55 000**	
36100	Betaling frå deltakarar		-1 100,00	0	0	0	0	
36101	Innbetalt komfirmantopplæring		-46 100,00	-26 000	-26 000	-26 000	-29 700	
37290	Momsrefusjon drift		-5 936,21	0	0	0	-5 000	
38300	Kommunalt tilskot		-22 000,00	-22 000	-22 000	-22 000	-20 300	
	Sum inntekter		**-75 136,21**	**-48 000,00**	**-48 000,00**	**-48 000,00**	**-55 000**	
	Inntekter utan komm. Tilskot		**-53 136,21**	**-26 000,00**	**-26 000,00**	**-26 000,00**	**-34 700**	
	Resultat		-1 950,78	0,00	0,00	0,00	0	
	Kommunale tilskot til saman					-2 309 000	-1 925 500	
	Differanse						-383 500	

BUDSJETTFRAMLEGG 2013
FOR
SAMNANGER KYRKJESTYRE

INNHALD:

DRIFTSBUDSJETT FOR SAMNANGER KYRKJESTYRE 2013
Budsjett-tal Eige vedlegg

DRIFTSBUDSJETT FOR SAMNANGER KYRKJESTYRE 2013

LOVFORANKRING FOR KYRKJELEG FELLESRÅD OG SOKNERÅD:

INNLEIING

OM UTREKNING AV RÅMA

TRONG FOR UTVIDA RÅME

TILTAK PÅ KYRKJEGARDEN

BRANNSIKRING/OVERRISLINGSANLEGG TIL KYRKJA PÅ ÅDLAND

BUDSJETTFRAMLEGG 2013 - SAMNANGER KYRKJESTYRE

DRIFTSBUDSJETT FOR SAMNANGER KYRKJESTYRE

Dette er driftsbudsjett for Samnanger kyrkjestyre, (soknerådet som "fellesråd") Det er den delen av budsjettet kommunen løyver midlar til.
Budsjett for Samnanger sokneråd, vert fremja og handsama som eiga sak i soknerådet. Soknerådsdelen av budsjettet skal ikkje fremjast for kommunen. Soknerådsdelen er avgrensa til forvaltning av offer, andre innsamla midlar og andre inntekter og utgifter knytt til kyrkjelydsarbeidet. Trusopplæringsarbeidet vert og ført i soknerådsdelen av budsjettet. Dette er finansiert av statstilskot gjennom prostiet og av innsamla midlar.

LOVFORANKRING FOR KYRKJELEG FELLESRÅD OG SOKNERÅD

Samnanger kyrkjestyre (soknerådet + ein kommunal representant) er fellesråd i Samnanger etter kyrkjelova §14. Kyrkja i Samnanger er eiga forvaltningseining og eigen juridisk person på same måten som Samnanger kommune. Kyrkja er på denne måten ikkje ei kommunal eining slik som t.d. skulane. Det er kyrkjestyret si oppgåve å fordela midlar på kyrkjebudsjettet, og ikkje kommunestyret. Dei skal bestemma kor stor råma til kyrkja skal vera.
Kommunen har etter kyrkjelova økonomisk ansvar for drift av kyrkja. Utgiftene er spesifiserte i §15, og omfattar i tillegg til bygg, kyrkjegardar, driftsutgifter for fellsråd og sokneråd, utgifter til konfirmasjons-opplæring og kontorhald for prestar, også utgifter til "kyrkjeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og andre kyrkjelege tiltak i sokna."
Samnanger sokneråd/Samnanger kyrkjestyre sine oppgåver er gjeve i kyrkjelova §9 og §14.

INNLEIING

Kyrkja er takksam for at kommunen har gjeve tilleggsløyving til fleire viktige tiltak for kyrkja gjennom åra som har gått. Januar 2012 fekk me på plass brannalarm i kyrkja på Ådland, ei ekstraløyving frå 2011. Vedlikehalds-arbeid på begge kyrkjene har halde fram, med midlar frå lån med rentekompensasjon. Desse prosjekta skal avsluttast i 2012. Kyrkja vart i fjor knytt til kommunen si IKT-teneste og fekk midlar til vaktmeistartenester. Det er ikkje tilsett noko vaktmeister, men kjøpt ulike vaktmeister-tenester. Noko vert bet. ut over "ekstrahjelp" og noko over vedlikehaldspostane. Det vert framleis gjort ein god del vaktmeisterarbeid på dugnad.
For kyrkja er det viktig å arbeida vidare med å få på plass ei god forvaltning av lovpålagde oppgåver. Dette gjeld både kyrkje og kyrkjegardsforvaltning, andre administrative oppgåver, gudstenester, andre kyrkjelege handlingar og ansvaret for det kristne arbeidet i kyrkjelyden.

Utgangspunkt:

- Budsjettet har teke utgangspunkt i råma som var tildelt i 2012, og justert for lønsauke til lovpålagde stillingar og endringar i prisar på forbruk og tenester iflg. rekneskap 2011 og forbruk 2012. Det kommunale tilskotet til kyrkjegarden, vert trekt ut av råma.
- Drift av kyrkjegarden har no vorte teke over av driftseininga ved Samnanger kommune. Kyrkja har framleis ansvar for administrasjon, bygningane og gravlegata med stell av graver. Dei har også etter lova tilsynsansvaret. Det vert i budsjettet ikkje gjeve kommunalt tilskot til kapitlet, men det kan diskuterast om dette bør førast på ein annan måte, då det no ser ut som det er kyrkjegardhusa me finansierer med inntekt frå festing av graver, medan utgifter til administrasjon av kyrkjegarden ikkje vert synleggjord i det heile. Tenesta kommunen gjev soknerådet, skal også setjast ein pris på, som kjem fram i budsjettet. Dette vil ikkje påverka råma, då dei vert førde både som inntekt og utgift innanfor budsjettet.
- Det er som utgangspunkt tenkt at kyrkja skal oppretthalda same aktivitetsnivå som i 2012. Når vedlikehalds-låna no vert oppbrukte, må ein rekna noko meir til vedlikehald for å kunna halda bygningane i stand. Det er framleis store oppgåver som ventar. Store tiltak er ikkje teke med i budsjettet, men ligg under "trong for utvida råme". Nokre av desse tiltaka er heilt naudsynte, som måling av kyrkja på Haga og skifte av lysarmatur der.

OM UTREKNING AV RÅMA

Råma for 2013 er rekna ut på grunnlag av råma for 2012.

- Det er lagt til lønsauken for lovpålagde stillingar etter tariffoppgjeret i 2012 etter det me veit pr 1.10.12. Lønsauke til direkte plasserte stillingar og potten til lokale forhandlingar er ikkje teke med. Me baserer oss på at kommunen dekker desse etterpå etter oppgåve frå kyrkjestyret, på same måte som for dei kommunale einingane.
- Budsjettet er også justert for meirkostnader t.d. i avgifter, i samsvar med rekneskapen for 2011, forbruk for 2012 og tillyst prisauke for 2013. T.d. vil kyrkjeforsikringane stiga markant til neste år, grunna fleire store kyrkjebrannar som det nystarta forsikringsselskapet for kyrkjebygg skal erstatta.
- Det kommunale tilskotet til kyrkjegardskapitlet er trekt frå.
- Me har også rekna med lågare straumutgifter for 2013, sjølv om me har lagt på litt i høve til faktisk forbruk til no i 2012. Sparde utgifter om me får varmepumpene på plass, er ikkje rekna inn. Det er vanskeleg å vita kor mykje utslag dette vil gje. Desse sparde utgiftene, var tenkt til avdrag på låna som er gjort for å kunna installera slike.
- Sparde ut.g, i straum vert vege opp av auke i vedlikehaldspostane for bygningane me har ansvar for og prisauke på materiell m.m. Inne i vedlikehald for Haga, ligg også installering av direkte påkopling av brannalarmannlegget til sentral. Avgiftspost er auka.
- Vedlikehaldspostane i budsjettet, held berre til vanleg vedlikehald. Dei store tiltaka kjem med i spørsmål om utviding av råma.

Kommunalt tilskot 2012	2 299 100
Tilskot til kyrkjegardskapitlet 2012	-458 600
Auka lønsutgifter for 2013 pr. 1.10.2012 (utanom lokale forhandlingar)	38 700
Auke til forsikring	16 000
Avgifter brannvarsling, også for direkte tilkopling på Haga (tilkopl.avg)	8 300
Skinn til altarringen (Er sprukke og lappa, truleg 60 år gml.)	22 000
Råme for budsjettframlegg 2013	**1 925 500**

TRONG FOR UTVIDA RÅME

Kyrkja har små råmer i det ordinere budsjettet til utstyr, inventar og vedlikehald. Kyrkja treng difor tilleggsløyvingar for å kunna gjennomføra tiltak med større kostnad. Det som hadde vore ynskjeleg, var at råma vart fast utvida med ein større sum til vedlikehald. Så kunne ein gjennom eit vedlikehaldsprogram, veksla mellom nødvendige, store vedlikehaldsprosjekt på dei ulike bygga.

Me har til neste år store, heilt nødvendige ting me må gjera. Desse postane er ikkje auka i tal-delen i kyrkja sitt budsjett, og krev utvida råme frå kommunen for å verta realiserte.

Prioritert liste over tiltak, vedlikehald og utstyr, det vert søkt om tilleggsløyving til:

1	Måling av kyrkja på Haga. Gjeld treverk rundt kyrkja. Ikkje dei store veggane på framsida av kyrkja. Det har berre vore teke litt her og der kvart år, og er no svært målingslite mange stader. Me hadde roteskader på ein bjelke i år, det kan ikkje venta lenger.	75.000
2	Nytt sikringsskåp i kyrkja på Ådland. Det gamle er fullt, der er ikkje råd å få plass til fleire kursar. Det er fullt av gamle og nyare system, og er ikkje lovleg etter dagens standard. Skal me byta, må me byta heile skåpet, for det går ikkje an å festa dei nye systema i det gamle skåpet iflg. elektrikar. Varmepumpa kan ikkje setjast i drift, før me har fått dette på plass.	80-100 000
3	Utbetring av dør og tetting for mus på det nye kyrkjegardshuset. Døra er for lav og kan ikkje opnast når det er snø og is om vinteren. Musa kjem inn under borkledningen.	12 000

4	Planlegging av ombygging til handicaptoalett i bårehuset. Teikningar for anbud V. herretoalett og gamalt reiskapsrom. (Har ikkje fått pris)	20 000
5	Utskifting av lysarmatur i kyrkja på Haga. 18 lampar er øydelagde, og armaturen må skiftast. Er forelda, difor må ein skifta heile felt, for at dei skal verka saman med lysstyringa. Pris alt etter kor mange me skiftar ut.	80-150 000
6	Lakkering av golv i kyrkja på Ådland	40 000
	Sum utstyr og vedlikehaldstiltak	**307 -397 000**

TILTAK PÅ KYRKJEGARDEN

Sidan kyrkjestyret framleis har overordna ansvar og tilsyn med kyrkjegarden, vil me peika på noko som bør gjerast der også, sjølv om dette ikkje kjem inn under vårt budsjett lenger.

Me vil sterkt rå til at det vert løyvd pengar til :

- Å sjekka opp i endringar i vasstrykk, som gjer at den utvendige brannslangen ikkje verkar som før.
- Å reparera murane som raser ut og sekk ned fleire stader
- Å laga ei grøft langs vegen ved felt 7, der det er mykje vatn i grunnen.
- Å laga ei grøft på oppsida av kyrkja, ved inngangen, for å få vekk vatnet som står der. Fleire graver kan ikkje nyttast, og me har opplevd at vatnet går inn i kyrkjekjellaren under våpenhuset. Her bør også takvatnet leggjast i grøfta. (Nedløp frå takrenner går rett på bakken.)
- Å leggja takvatnet/ nedløpsvatnet i grøft på nedsida av kyrkja. Her er fleire renner som sprutar vatnet ned langs kyrkjegardsmuren og ned på bakken. Særleg om vinteren er dette bale, då dammane frys og vegen kan verta glasert.
- Å få laga til ein skikkeleg komposteringsplass, slik at planteavfall kan verta kompostert i staden for å verta sendt med bossbil.
- Å reparera gjerdet ved den nye gravplassen. Dette sig ut og treng måling.
- Å laga ein finare vasspost og hyller for kanner.
- Å byrja utskifting av benkane på kyrkjegarden. Desse er dårlege og stygge. (Om det skulle verta meir inntekter på kyrkja sitt kyrkjegardsbudsjett enn budsjettert, kan dei brukast til slike ting.)

Innspel til økonomiplan:
BRANNSIKRING/OVERRISLINGSANLEGG TIL KYRKJA PÅ ÅDLAND

Kommunestyret løyvde i 2011 pengar til å få greidd ut sprinkling av kyrkja på Ådland.
Dei brannsikrings-firmaene me var i kontakt med, rådde alle til å nytta vanleg sprinkling i eit bygg med så høgt under taket.
Sprinkler Vest a/s gjorde då eit forprosjekt på installering av sprinklaranlegg i kyrkja. Det er eit "tørranlegg" som vert tilrådd her. Dvs. at det ikkje står vatn i røyra når ikkje alarmen er utløyst. Slik unngår ein problem med frost og lekkasje. Det er ein sentral med ein kompressor som held oppe eit visst trykk på vatnet. Han koplar berre inn av og til, når trykket vert for lavt og kan slåast av under arrangement. Skulle det verta branntillaup i kyrkja, vil det berre verta løyst ut vatn på den staden detektoren seier det brenn.
Anlegget krev eit godt vasstrykk. (725 liter/minutt). Dei røyrane Samnanger kommune har overteke frå det private vassverket på Ådland, er ikkje store nok til å gje tilstrekkeleg vasstrykk. Det må difor leggjast ny vassleidning frå Fiskaneset til kyrkja og truleg også rundt kyrkja. I fylgje Jon Inge Sandvik på Teknisk, reknar dei ca 2000 kr meteren i kostnad for å leggja ny vassleidning.

Før bygget vert sprinkla må det lagast teikningar i "dwg-format" for prosjektering og dokumentering.
Riksantikvaren må godkjenna prosjektet.
Dei har rekna kostnaden til 1 065 000 eks mva. Men i tillegg må ein rekna:

- Kostnad til vasstilførsle
- Litt ombygging på sakristiet og snikkararbeid for å få tilkomst til ulike loft
- Leige av lift / evt. stillas for arbeid under himlingen

- Elektrikararbeid for tilførsle av straum til kompressor, oppkopling av signal / alarmar og frostsikring av vassanlegget frå grunnen til sentralen
- Montering av utvendig slokkeanlegg (Tilrådd av riksantikvaren. 40% av kyrkjebrannane er påsette)

Den nye kyrkjeverja hadde svært kort tid til å setja i gang eit slikt forprosjekt, då ho fekk høyra om midlane. Gjennom kurs i ettertid har ho vorte klar over at KA også har spesialkompetanse på dette feltet.

Dei seier at det også går an å nytta "vanntåkeannlegg" på kyrkjer, men at dei ulike firmaene då må dokumentera at det verkar på akkurat denne typen bygg, då det er så lite utprøvd enno. Det er montert og godkjend i fleire kyrkjer, men det er få leverandørar til slike anlegg.

Eit "lavtrykk vanntåkeannlegg" har om lag same pris som eit sprinklarannlegg, men ein treng lavare trykk på vatnet. Trykket som skal til for å spruta vatnet ut, vert laga av ei trykkforsterkarpumpe. Anlegget er betre for å hindra overtenning, men dårlegare til å kjøla med på golvnivå. Små dropar vert svevande rundt i rommet, og kjølar ned lufta mykje betre enn eit sprinklaranlegg, men mindre vatn rekk bakkenivå, for å sløkkja evt. brannar der. Det vert mindre vasskade ved utløysing og vert mindre synlege inngrep i bygget då røyrane er mindre.

"Høgtrykk vanntåkeanlegg" gjev den beste sløkkinga i høve til vassmengde. Dei krev heller ikkje høgt vasstrykk for å virka. Trykket vert laga i ein sentral, anten med motor eller v. gass /trykkluft. Dei har i tillegg til å hindra overtenning effektivt også betre evne til å nå bakken, då vatnet vert spruta ut med høgt trykk både i små og i store dropar. Men desse anlegga er dyrare både å installera og driva, og krev høg kompetanse av driftsansvarleg.

Kyrkjeverja ynskjer å undersøkja meir med firma som leverer tåke-anlegg. Det ein evt. vil spara ved å nytta eit slikt, er kostnader med legging av ny vassleidning. Om kommunen likevel skal gjera denne utbetringa, vil kostnaden på eit lavtrykk tåkeannlegg og sprinkleranlegg vera om lag lik i flg. KA.

Det er fint om teknisk eining v. kommunen kan gjera ei utgreiing som går på kostnader ved utbetring av vassleidning, og at det vart avklart om dette er noko ein i alle fall vil ha gjort i nær framtid. (Viser til soknerådsvedtak i sak 3/12)

Kommunen har ikkje sett opp montering av brannslokkingsannlegg i sin økonomiplan for 2013. Både kyrkjeverja og teknisk eining i kommunen bør arbeida med denne saka i 2013, slik at avgjerd kan takast om anleggstype og vassleidning.
Kyrkjestyret håpar at kommunestyret kan løyva midlar til å få montert anlegg i 2014.

Staten gjev lån m. rentekompensasjon til føremålet.
Me vil i tillegg få 80% avslag på forsikringspremien for kyrkja

Haga 12.10.2012

Britt Haukanes
- kyrkjeverje -

Fra: FMHO Postmottak Fylkesmannen i Hordaland
Sendt: 09.10.2012
Til:
post@austrheim.kommune.no;postmottak@bomlo.kommune.no;fitjar@fitjar.kommune.no;postmottak@lindas.kommune.no;post@masfjorden.kommune.no;postmottak@meland.kommune.no;postmottak@ullensvang.herad.no;postmottak@ulvik.kommune.no;postmottak@fjell.kommune.no;postmottak@os-ho.kommune.no;postmottak@voss.kommune.no;postmottak@fedje.kommune.no;postmottak@sveio.kommune.no;post@vaksdal.kommune.no;firmapost@etne.kommune.no;adm;postmottak@askoy.kommune.no;postmottak@bergen.kommune.no;postmottak@kvam.kommune.no;epost@odda.kommune.no;postmottak@eidfjord.kommune.no;postkasse@fusa.kommune.no;postmottak@granvin.kommune.no;post@kvinnherad.kommune.no;postmottak@radoy.kommune.no;post@tysnes.kommune.no;postmottak@modalen.kommune.no;post@osteroy.kommune.no;post@stord.kommune.no;postmottak@oygarden.kommune.no;postmottak@austevoll.kommune.no;post@jondal.kommune.no;postmottak@sund.kommune.no
Kopi:
Emne: Statsbudsjettet 2013 - Kommuneopplegget

Vedlagt følgjer brev frå Fylkesmannen i Hordaland. Dette brevet vert kun sendt med e-post.

Vi ber om at eventuelle innspel i saka vert sendt til fmhopostmottak@fylkesmannen.no <mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no>.

Venleg helsing

Fylkesmannen i Hordaland
tlf: 55572000

sip: fmhopostmottak@fylkesmannen.no <mailto:sip:%20fmhopostmottak@fylkesmannen.no>
www.fylkesmannen.no/hordaland <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>

Denne e-post har blitt skannet av Comendo Norge AS <http://www.comendo.no>
This e-mail has been scanned for viruses by Comendo Norge AS <http://www.comendo.no>

Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 55 57 21 43

Vår dato 09.10.2012
Dykkar dato

Vår referanse 2012/12795 111
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

STATSBUDSJETT 2013 - KOMMUNEOPPLEGGET

Fylkesmannen vil gi eit oversyn over hovudpunkta i framlegget til statsbudsjett for 2013. Vi tek i innleiinga med dei viktigaste endringane for inneverande år.

I brevet betyr "kommunane" primærkommunane, dvs. ikkje kommuneforvaltninga samla.

Endringar i det økonomiske opplegget for 2012
I revidert nasjonalbudsjett var det ein pårekna skatteauke for kommunane i år med 4,5 prosent. Dei pårekna skatteinntektene er no justerte opp med kr. 2170 mill. samla for kommunane i landet i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna skatteauke i år blir med dette justert opp frå 4,5 prosent til 6,5 prosent.

Meirskatten i høve til nivået i revidert nasjonalbudsjett blir ikkje vidareført i 2013.

Prisindikatoren for kommunal tenesteyting er auka noko i høve til revidert nasjonalbudsjett, det vil seie frå 3,0 prosent til 3,2 prosent. Justeringa skuldast høgare pårekna lønsvekst i år. Pårekna lønsvekst i år er no 4,1 prosent. Prisindikatoren består av lønsvekst og kjøp av varer og tenester. Lønsvekst utgjer knapt 2/3 av prisindikatoren.

Regjeringa sitt framlegg for budsjettåret 2013
Prisindikatoren for 2013 er i framlegget 3,3 prosent. Pårekna lønsvekst inngår i denne med 4 prosent.

Skatteinntekter
Det er rekna med ein nominell skatteauke for kommunane frå 2012 til 2013 med 5,4 prosent. Denne auken er rekna i høve til det som no er pårekna skatteinngang for i år.

Skatteøyret for kommunane er i 2012 11,6 prosent. Det er lagt opp til uendra skatteøyre i statsbudsjettet - 11,6 prosent også for 2013.

Frie inntekter - skatt og rammeoverføring samla
Vedlagt tabell syner rammeoverføring og pårekna frie inntekter for 2013. Pårekna skatt og inntektsutjamning i tabell byggjer på kommunane sin reelle skatteinngang i 2011. I høve til dette grunnlaget er det justert for pårekna skatteutvikling i statsbudsjettet frå 2011 til 2013.

I berekning av skatteprognose for 2013 er det justert for same endring i prosent i høve til rekneskap 2011 for alle kommunane uavhengig av den lokale utviklinga i kvar kommune etter 2011. Denne skatteprognosen er nytta som grunnlag for pårekna inntektsutjamning.

Kommunane kan ta utgangspunkt i prognosen for frie inntekter, men må justera for lokale tilhøve knytt til skatteutvikling. Folketalsutviklinga fram til 01.01.2013 vil dessutan påverka inntektsutjamninga i rammeoverføring.

Veksten i dei frie inntektene frå 2012 til 2013 vil variera mellom kommunane.
Hovudårsakene er følgjande punkt som påverkar kommunane ulikt :

- verknad av endringar i inntektssystemet
- endring i fordelinga av skjønstilskot
- endra kriteriedata og befolkning
- endring i veksttilskot

Prisjustering frå 2012 til 2013 er innarbeidd i det vedlagte oversynet for dei frie inntektene.

Samla vekst i frie inntekter
Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2012 til 2013 med om lag til 4,2 mrd. Denne veksten er rekna i høve til det inntektsnivået for 2012 som blei lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett.

Veksten er realauke, det vil seie at prisjustering til 2013 - kroner vil kome som eit tillegg.

Det er lagt opp til at auken i dei frie inntektene frå 2012 til 2013 for ein stor del skal dekka auka ressursinnsats i kommunane til:

Meirutgifter som følgje av demografi. Meirutgifter knytt til befolkningsveksten som må bli dekte av veksten i dei frie inntektene for kommunane kan reknast til om lag kr. 2,4 mrd.

Det er venta at pensjonskostnadene for kommunane vil auke med om lag kr. 1,1 mrd. utover det som blir kompensert gjennom prisindikatoren (prisjustering) av inntektene.

Det er rekna med ein nominell vekst i kommunane sine samla frie inntekter på landsbasis frå 2012 til 2013 med 4,1 prosent. Veksten er rekna i høve til noverande pårekna inntektsnivå i år (medrekna meirskatten i år). Veksten er korrigert for oppgåveendringar. Med pårekna prisvekst i kommunesektoren på 3,3 prosent, svarer dette til ein realauke på 0,8 prosent i frie inntekter for kommunane i landet.

Den nominelle prosentveksten i dei frie inntektene på landsbasis er noko høgare
enn for kommunane samla i Hordaland. Veksten i fylket er 3,9 prosent frå 2012 til 2013.

Barnehagar
a)
Maksimalpris for foreldrebetaling er i framlegget vidareført på same nominelle nivå som i 2012. Kompensasjon til kommunane for manglande prisjustering av foreldrebetaling blir lagt inn som ein auke i rammeoverføring med omlag kr. 273 mill. i 2013.

b)
Opptrapping med sikte på likestilling mellom kommunale og ikkje-kommunale barnehagar blir vidareført. Minimumstilskotet til ikkje - kommunale barnehagar aukar frå 92 til 94 prosent av det dei kommunale barnehagane i gjennomsnitt får i offentleg finansiering, frå 01. august 2013. Det er framlegg om ei løyving på kr. 58 mill. i auka rammeoverføring til dette føremålet i 2013 (halvårsverknad). I tillegg kjem kompensasjon av heilårsverknad av opptrappinga i 2012, om lag kr. 41 mill.

Kompensasjon (for punkt a og b) inngår i vedlagt tabell.

Nytt valfag i ungdomsskulen
Det blir innført 1 ½ time valfag (to «skuletimar») i veka pr. års trinn i ungdomsskulen. Det er innført for 8.trinn frå hausten 2012, blir utvida til 9.trinn frå hausten 2013 og til 10. trinn frå hausten 2014.

Det er lagt inn auka kompensasjon i rammetilskotet for 2013 for heilårsverknad for 8.trinn (kr. 92,7 mill.) og 5/12 - effekt for 9.trinn (kr. 66,1 mill.). Kompensasjon inngår i vedlagt tabell.

Tilskot - fleire lærarar i ungdomsskulen
Regjeringa gir framlegg om etablering av ei fireårig tilskotsordning frå skuleåret 2013-2014 med sikte på å få fleire lærarar i ungdomsskulen. Regjeringa gir framlegg om ei løyving på kr. 157 mill. som eit øyremerka tilskot i 2013 til føremålet.

Kommunar som har ungdomsskular med både grunnskulepoeng under gjennomsnittet og gruppestorleik over 20 elevar pr. lærar, får tilbod om å vere med i prosjektet. Desse kommunane kan søkje om midlar årleg over fire år til nye lærarårsverk. Det blir vist til nærare opplysningar frå Kunnskapsdepartementet.

Innføring av kulturskuletilbod i skulen/SFO
Regjeringa gir framlegg om at det blir innført ein veketime frivillig og gratis kulturskuletilbod i skule- eller SFO-tida på barnetrinnet (1.- 4. trinn) frå hausten 2013. Kommunane sine meirutgifter for hausten 2013 er rekna til om lag kr. 72 mill. Dette blir kompensert med same beløp i auke i rammeoverføring til kommunane.

Rentekompensasjon skulebygg og symjeanlegg
Rentekompensasjonsordninga for lån til rehabilitering og nybygg av skular og symjeanlegg blir vidareført i 2013. Det er lagt opp til ei samla investeringsramme, som grunnlag for rentekompensasjon, på kr. 15 mrd. fordelt over åtte år frå og med 2009. For 2013 er ramma for skulebygg og symjeanlegg, som grunnlag for rentekompensasjon, kr. 1,0 mrd.

Investeringsramma omfattar både kommunane og fylkeskommunane. Ordninga blir administrert av Husbanken. I perioden 2009 - 2012 vil kr. 9 mrd. av den totale ramma på kr. 15 mrd. bli nytta.

Kommunalt barnevern
Barnevernet i kommunane blei frå og med 2011 styrka med eit nytt øyremerka tilskot. Tilskotet er i hovudsak nytta til nye stillingar i barnevernet i kommunane.

Kommunane kan søkje om midlar til stillingar, kompetansetiltak og etablering av interkommunalt samarbeid. Fylkesmannen handsamar søknadene frå kommunane.

Det er framlegg om å auka det øyremerka tilskotet med kr. 205 mill. frå 2012 til 2013. Med denne auken vil om lag kr. 500 mill. vere øyremerka det kommunale barnevernet i 2013.

Samhandlingsreform
Reform er innført frå 01. januar 2012 men er planlagt opptrappa over fleire år.

I 2012 blei det lagt inn i rammeoverføring i overkant av kr. 5 mrd. til kommunal medfinansiering og kr. 560 mill. til utskrivingsklare pasientar. Desse midlane blir vidareført i rammeoverføring for 2013 og er prisjustert til 2013 - kroner.

Tapskompensasjon
Det blir gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som dei siste åra ville hatt høgare forbruk innan kommunal medfinansiering og utskrivingsklare pasientar dersom kommunane hadde hatt dette betalingsansvaret - og det dei no vil få overført ordinært gjennom rammeoverføring. Samla kompensasjon for landet var kr. 305 mill. i 2012 og denne er prisjustert til 2013-kroner.

I eigen kolonne i vedlegg til dette brevet er dei kommunane som får denne kompensasjonen vist med beløp.

Tapskompensasjonen inngår i rammeoverføring, men midlane blir fordelte særskilt og ikkje etter dei faste kriteria i inntektssystemet. Fordelinga mellom kommunane vil vere den same i ein periode på tre år (2012 - 2014).

Døgnopphald - hjelp
Det blir ein plikt for kommunane frå 01. januar 2016 å tilby døgnopphald for personar med behov for hjelp med ein gong. Det er lagt opp til ei gradvis oppbygging for å sikre at kommunane får tid til å bygge opp tenesta.

Det øyremerka tilskotet til føremålet aukar frå kr. 131 mill. i 2012 til kr. 270 mill. i 2013.

Finansieringa er delt mellom 50 prosent frå det øyremerka tilskotet og 50 prosent frå dei regionale helseføretaka, i samsvar med samarbeidsavtale.

Utbygginga er planlagt over perioden 2012 - 2015. Kommunane sine samla utgifter til eit fullt utbygd tilbod er rekna til om lag kr. 1,0 mrd. (2012 - kroner). I 2016, når tilbodet blir ein plikt for kommunane, vil midla bli innlemma i rammeoverføring.

I statsbudsjettet er det lagt til grunn at dette tilbodet inneber ei avlastning for kommunane si medfinansiering av spesialisthelsetenesta. Det blir difor gjennomført eit trekk på kr. 83 mill. i rammeoverføring til kommunane i 2013.

Dagaktivitetstilbod
Det er ei målsetjing at alle kommunar innan 2015 skal kunne tilby dagaktivitetstilbod for demente. For å stimulera til utbygging av tilbodet blei eit eige øyremerka tilskot innført i 2012 med kr. 150 mill. Det er framlegg om å auka dette øyremerka stimuleringstilskotet med kr. 100 mill. i 2013.

Det er sjølve etableringskostnadene med tilbodet som er planlagt finansierte av det øyremerka tilskotet, medan driftskostnadene til nye årsverk må bli finansierte innafor den generelle veksten i dei frie inntektene.

Sjukeheimsplassar og omsorgsbustader
For 2013 er det framlegg om å gi tilsegn om tilskot for 1750 nye einingar med heildøgnsomsorg, fordelt mellom omsorgsbustader og sjukeheimsplassar. Statleg investeringstilskot er 30 % for omsorgsbustader og 40 % for sjukeheimsplassar med fellesareal, innafor ei øvre investeringsramme.

I 2013 blir maksimalt investeringstilskot kr.840.000,- for omsorgsbustader og kr.1.120.000,- for sjukeheimsplassar. Maksimalt berekningsgrunnlag (øvre investeringsramme) aukar frå kr. 2,29 mill. i 2012 til kr. 2,8 mill. i 2013.

Målgruppa for ordninga er personar med behov for heildøgns helse- og omsorgstenester uavhengig av alder, diagnose og funksjonshemming. Tilskotet kan gå til bygging, kjøp eller utbetring.

Innlemming av tilskot til kommunalt rusarbeid i rammetilskotet
Regjeringa gir framlegg om å innlemma kr. 333 mill. av det noverande øyremerka tilskotet til kommunalt rusarbeid i rammetilskotet til kommunane frå 2013.

Regjeringa gir framlegg om å vidareføra kr. 100 mill. av det noverande øyremerka tilskotet til rusarbeid til følgjande føremål; auka rekruttering av psykologar i kommunane (kr. 20 mill.), stimuleringstilskot til etter- og vidareutdanning (kr. 25 mill.) og utprøving av samhandlingsmodellar samt vidareføring av tilskot til sprøyterom (kr. 55 mill.)

Ressurskrevjande tenester
Ordninga med øyremerka tilskot for ressurskrevjande tenester blei lagt om frå og med 2008. Kompensasjonsgraden er etter omlegging den same for kvar kommune. Tilskotsordninga er for personar under 67 år. Det er førebels ikkje lagt opp til endringar i ordninga.

Det er lagt opp til følgjande for 2013:

- Kompensasjonsgraden er 80 % for netto utgifter utover innslagsnivået.

- Innslagsnivået for å få kompensasjon blir auka pr. brukar frå kr. 935.000,- til kr. 975.000,- for netto utgifter i 2012. Dette svarer til pårekna lønsvekst frå 2011 til 2012.

- Kompensasjonen som blir utbetalt frå staten til kommunane i 2013 skal kommunane inntektsføra i sine rekneskap i 2012. Kommunane skal inntektsføra den pårekna kompensasjonen i same året som utgiftene har vore.

Tilskot gjennom rammeoverføring for psykisk utviklingshemma (16 år og eldre) blir trekt frå i berekningsgrunnlaget. Dette gjeld også for eventuelle øyremerka tilskot.

Inntektssystemet i 2013

Endring i kostnadsnøklane i 2013 knytt til kontantstønadsordninga
Frå 01.august 2012 blei det gjennomført fleire endringar i kontantstønadsordninga, bl.a. avvikling av ordninga for to - åringar. I revidert nasjonalbudsjett for 2012 var det innarbeidd kompensasjon i rammeoverføring med om lag kr. 214 mill. for auka etterspurnad etter barnehageplassar, som følgje av omlegginga av kontantstønadsordninga (opphavleg kompensasjon i statsbudsjettet for 2012 pluss auka kompensasjon i revidert nasjonalbudsjett).

I rammeoverføring for 2013 blir det lagt inn auka kompensasjon for heilårsverknaden av omlegginga i 2012 (for 7 månader i tillegg), prisjustert til 2013-kroner, kr. 309 mill.

Når to-åringane ikkje lenger får kontantstønad frå august 2012 må kriteria i utgiftsutjamninga (kostnadsnøklane) bli justert frå og med 2013. Kriteria innbyggjarar 3 - 5 år og barn 1 - 2 år utan kontantstønad blir erstatta av kriteria innbyggjarar 2 - 5 år og barn 1 år utan kontantstønad. Dette medfører også ei justering av vektene på kriteria i utgiftsutjamninga.

Generelt
Inntektsutjamning av skatteinntekter i høve til landsgjennomsnittet blir vidareført med 60 %. Tilleggskompensasjon (35 % under skattenivå 90 % av landsgjennomsnittet) blir vidareført.

Kommunane med under 3200 innbyggjarar får småkommunetilskot, dersom kommunen sitt skattenivå er under 120 prosent av landsgjennomsnittet.

Bergen kommune får eige storbytilskot.

Det blir for perioden 2011 - 2014 gitt ein eigen kompensasjon til kommunar som har tap over kr. 100,- pr. innbyggjar i samband med endringane i inntektssystemet i 2011. Samla kompensasjon til kommunane i landet er om lag kr. 400 mill. årleg. Denne blir vidareført på same nivå i 2013 som i dei to førre åra for dei aktuelle kommunane.

Ordninga med inntektsgarantitilskot (INGAR) gir kompensasjon for ei utvikling i rammetilskotet meir enn kr. 300,- pr. innbyggjar under landsgjennomsnittet frå eit år til det neste. INGAR tek ikkje omsyn til endring i skatt, inntektsutjamning, veksttilskot og skjønstilskot.

INGAR tek omsyn til endringar i inntektssystemet, innlemming av øyremerka tilskot i rammeoverføring, oppgåveendringar og endringar i kriteriedata.

Telletidspunktet er 01.07. i år for innbyggjartal og aldersfordeling i utgiftsutjamning som grunnlag for rammeoverføring i 2013. For inntektsutjamninga i 2013 er telletidspunktet 01.01.2013. For andre kriterium i utgiftsutjamninga enn aldersfordeling er telletidspunktet 01.01.2012 for rammeoverføring i 2013.

Det er i statsbudsjettet sett av kr. 50 mill. på landsbasis i skjønstilskot for 2013 til psykologisk - sosial oppfølging i kommunane etter terrorangrepa 22. juli 2011. Dette er same beløpet til føremålet som i 2012. Fylkesmennene vil fordela tilskotet mellom kommunar med særlege behov som følgje av terrorangrepa. Fordelinga byggjer på retningsliner frå Helse- og omsorgsdepartementet.

Ordinært skjønstilskot - fordeling
Fylkesmannen vil senda som e - post grunngjevinga for fordelinga av det ordinære skjønstilskotet for 2013.

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Vedlegg :

Tabell pårekna frie inntekter for 2013

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
1	**OVERFØRING**											
2	**KR. 1.000,-**											
3	**2013**		**av dette**									
4			**særskilt**	**storby-og**								
5		**innb.t.**	**komp.**	**små**	**distriktsp.**	**vekst**	**taps-**	**ordinært**	**SUM**	**Pårekna**	**SUM pårekna**	**Vekst**
6	**KOMMUNE**	**m/utg.utj.**	**Samh.**	**komm.**	**tilskot**	**tilskot**	**komp.v/**	**skjøn**	**ramme**	**skatt +**	**frie**	**rekneskap**
7		**m/INGAR**	**reform**	**tilskot**	**S.-Noreg**		**omlegg.**		**overføring**	**innt.utj.**	**inntekter**	**% 12 - 13**
8												
9	**Bergen**	5102744		89679	0	0	46600	17000	5256023	6799629	12055652	3,8
10	**Etne**	107838		0	5235	0	0	4200	117273	94401	211674	3,7
11												
12	**Sveio**	136730	609	0	0	0	0	4400	141130	124151	265281	2,7
13	**Bømlo**	294618	109	0	0	0	3700	10800	309118	276739	585857	3,9
14												
15	**Stord**	387140	1795	0	0	0	700	1900	389740	452355	842095	4,4
16	**Fitjar**	82237		5161	0	0	0	3200	90598	75113	165711	5,1
17	**Tysnes**	85110		5161	0	0	0	4600	94871	65860	160731	2,2
18	**Kvinnherad**	333264	1170	0	6703	0	5200	14300	359467	319673	679140	3,5
19	**Jondal**	41298		5161	0	0	0	1900	48359	26206	74565	4,4
20												
21	**Odda**	178359	907	0	9523	0	0	0	187882	177768	365650	3,1
22	**Ullensvang**	107795	134	0	6523	0	0	3000	117318	81335	198653	3,2
23	**Eidfjord**	32306	287	0	0	0	0	0	32306	32915	65221	4,6
24	**Ulvik**	41454		5161	0	0	0	0	46615	29132	75747	1,9
25	**Granvin**	33950		5161	0	0	0	1300	40411	21861	62272	1,9
26												
27	**Voss**	341428		0	4665	0	1800	5200	353093	332698	685791	3,8
28	**Kvam**	223683		0	6518	0	0	10300	240501	202819	443320	2,5
29	**Fusa**	113081		0	0	0	0	4900	117981	92074	210055	3,3
30	**Samnanger**	66827		5161	0	0	0	1800	73788	58588	132376	2,5
31	**Os**	380406		0	0	2477	2600	1000	386483	427523	814006	5,1
32												
33	**Austevoll**	133655		0	0	0	0	2900	136555	147762	284317	4,5
34	**Sund**	148611		0	0	1632	0	1200	151443	152572	304015	5,3
35	**Fjell**	464574		0	0	0	2500	1900	468974	554931	1023905	4,2

	A	B	C	D	E	F	G	H	I	J	K	L
36	**Askøy**	590988		0	0	1537	400	1800	594725	623134	1217859	4,6
37	**Vaksdal**	125440		0	5347	0	0	900	131687	98371	230058	3,6
38												
39	**Modalen**	22463		0	0	0	0	0	22463	13828	36291	-0,5
40	**Osterøy**	180825		0	0	0	0	4100	184925	178381	363306	2,8
41	**Meland**	166657	22	0	0	1760	0	3900	172317	167131	339448	4,1
42	**Øygarden**	106612		0	0	0	0	0	106612	104902	211514	3
43	**Radøy**	127986		0	0	0	0	3200	131186	117306	248492	4,2
44												
45	**Lindås**	340220		0	0	0	7600	0	347820	364889	712709	5,4
46	**Austrheim**	68042		5161	0	357	1600	1600	76760	74279	151039	2,9
47	**Fedje**	28625		5161	0	0	0	1300	35086	13966	49052	1
48	**Masfjorden**	56055		5161	0	0	100	0	61316	43863	105179	2,1
49	**Ikkje fordelt**	0		0	0	0		25000	25000	0	25000	
50	**Hordaland**	10651021	5033	136128	44514	7763	72800	137600	11049826	12346155	23395981	3,9
51	**Heile landet**											4,1
52												
53												
54	**Kolonne L**	**Vekst i høve til noverande pårekna inntektsnivå 2012, lagt til grunn i statsbudsjettet**										

Samnanger kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

SAKSFRAMLEGG

Til:	Kontrollutvalet	**Dato:**	13. september 2012
Sakshandsamar:	Kari Nygard		
Kopi til:		**Sak:**	29/12

29/12 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL- OG TILSYNSARBEIDET FOR 2013

Bakgrunn for saka:
Av "Forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner " finn ein i § 18 formuleringa om at kontrollutvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontroll-, tilsyns- og revisjonsarbeidet i kommunen:

§ 18. Budsjettbehandlingen
"Kontrollutvalget utarbeider forslag til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Kontrollutvalgets forslag til budsjettramme for kontroll- og revisjonsarbeidet skal følge formannskapets/kommunerådets eller fylkesutvalgets/fylkesrådets innstilling til kommunestyret eller fylkestinget.

Drøfting:
Kontrollutvalet har ansvar for å utarbeida framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet innstilla direkte overfor politisk organ.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i gjeldande revisjonsavtale. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekka arbeid med rekneskapsrevisjon. I budsjettframlegget finn ein og eigen post for anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som "eit vanleg år". Det er vidare lagt inn kostnader med kurs / opplæring for medlemmane i kontrollutvalet og servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste.

I forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar står det dette i § 10:

"§ 10 Plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon
Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Planen vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv som kan delegere til kontrollutvalget å foreta endringer i planperioden."

"§ 13. Selskapskontroll

Kontrollutvalget skal påse at det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper m.m.

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon: 55 23 94 06 Mobil: 916 64 183 E-postadresse: kari.nygard@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for gjennomføring av selskapskontroll."

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovedoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. Planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll vart utarbeidde av kontrollutvalet våren 2012, og lagt fram for kommunestyret til godkjenning. Kommunestyret godkjende planane i møte 20.06.12. I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggast inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll i tråd med planane. Ut frå planane, vil prosjekt-arbeid kreva ei ramme på om lag 250 timar for kommunar med Samnanger sin storleik.

Det er og lagt inn i budsjettet ein post for ekstra tiltaksmidlar. Dette er midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, til dømes tiltak som måtte koma til utanom prosjekt frå planane og til utgreiingar som kontrollutvalet finn naudsynt å gjennomføra undervegs i året. Bakgrunnen for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan.

Prisen for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er regulert i tråd med kostnadsutviklinga som går fram av Statistisk Sentralbyrå sin indeks for andre tenester med arbeidsløn som dominerande prisfaktor.

Konklusjon:
På bakgrunn av dette tilrår sekretariatet at kontrollutvalet sender over budsjettforslaget til kommunestyret, og ber om at framlegget til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet vert godkjent slik det ligg føre.

FORSLAG TIL VEDTAK
Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget vert å sende til kommunestyret i Samnanger kommune for vidare handsaming.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kari Nygard
Seniorrådgjevar

Vedlegg:
- Framlegg til budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet for 2013

Kontrollutvalet i Samnanger kommune, framlegg til budsjett for 2013

	Tekst	Budsjett 2012	Budsjett 2013	Merknader
	Godtgjersle folkevalde (5 møter pr. år)	24 500	24 500	Møtegodtgj. Kr 505,- pr.medl.pr.møte, utv.leiar kr 11.400,- pr.år
	Tapt arbeidsforteneste	10 000	10 000	
0,141	Arbeidsgjevaravgift 14,1 % av 34.200	4 865	4 900	
0,13	Servering på møta	1 500	1 500	Ifm. møter i kontrollutvalet
0,25	Kurs/opplæring	15 000	15 000	Fagkonferanse / kurs / folkevaldopplæring
0,07	Reise- og opphaldsutgifter	5 000	10 000	Reise ifm. Kurs/opplæring/møter
	Kontingentar	1 000	1 100	Kontingent Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
0,25	Diverse utgifter / abonnement	2 000	2 000	Abonnement til kontrollutvalsmedlemmer
0,25	Kjøp av sekretariatstenester	92 000	96 000	Berekna sekretariatskostn. 5 møter, SSB-auke iflg. Avtale
0,25	Kjøp av revisjonstenester, rekneskspsrevisjon	158 000	159 000	I tråd med avtale gjeldande frå 01.07.2010, fastpris rekneskapsrevisjon
0,25	Kjøp av revisjonstenester, prosjektarbeid	160 055	160 000	Bestilte oppdrag frå kontrollutvalet ut frå godkjende planar, samt evt.
0,25	Ekstra tiltaksmidlar	0	20 000	Uforutsette prosjekt innan forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, samt oppgåver for kontrollutvalet utanom det planfesta
	Meirverdiavgift	107 310	113 895	
	Moms-kompensasjon	-107 310	-113 895	
	TOTALT	**473 920**	**504 000**	

Sekretariat for kontrollutvalet

Samnanger kommune

Til: Kommunestyret

SÆRUTSKRIFT

Sakshandsamar Kari Nygard

Saksgang	**Møtedato**	**Saknr.**
Kontrollutvalet	13.09.12	29/12

29/12 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR KONTROLL- OG TILSYNSARBEIDET FOR 2013

FORSLAG TIL VEDTAK
Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget vert å sende til kommunestyret i Samnanger kommune for vidare handsaming.

HANDSAMING I MØTET
Framlegg til budsjett for 2013, og dei einskilde postane vart gjennomgått og drøfta. Det kom ikkje framlegg til endringar, og budsjettframlegget, slik det ligg føre, vart samrøystes vedteke.

VEDTAK
Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slik det ligg føre. Budsjettforslaget vert å sende til kommunestyret i Samnanger kommune for vidare handsaming.

RETT UTSKRIFT:
DATO: 02.10.12

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Kopi: Rådmann
Ordførar
Utvalsleiar
Deloitte
Postmottak

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00
Direkte telefon: 55 23 94 06 Mobil: 916 64 183 E-postadresse: kari.nygard@hfk.no
Bankgironr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

SAMNANGER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Kommunestyret

Vår referanse	*Arkivkode*	*Dykkar referanse*	*Dato:*
12/387/12/6492/ASK/TR	FE-151		11.12.2012

MELDING OM VEDTAK I ELDRERÅDET - UTTALE TIL BUDSJETT 2013

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande vedtak:
03.12.2012 ELDRERÅDET
Handsaming i møtet:
Brigt Olav Gåsdal sette fram følgjande framlegg til vedtak:
"Eldrerådet handsama framlegg til budsjett for 2013 i møte 3. desember og har følgjande merknad: I samband med ombygging av sjukeheimen vil det verta mange utfordrande oppgåver i samband med flytting av bebuarar. Det vert svært viktig å halda fokus på bemanningssituasjonen i forhold til kva løysingar som vert valde i overgangsperioden. Når ombygginga er ferdig, bør bemanninga ved sjukeheimen gjennomgåast på nytt."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ELD-008/12 VEDTAK:
Eldrerådet handsama framlegg til budsjett for 2013 i møte 3. desember og har følgjande merknad: I samband med ombygging av sjukeheimen vil det verta mange utfordrande oppgåver i samband med flytting av bebuarar. Det vert svært viktig å halda fokus på bemanningssituasjonen i forhold til kva løysingar som vert valde i overgangsperioden. Når ombygginga er ferdig, bør bemanninga ved sjukeheimen gjennomgåast på nytt.

Med helsing

Magda Haugen
Politisk sekretær / sekretær for eldrerådet

SAMNANGER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Kommunestyret

Vår referanse	*Arkivkode*	*Dykkar referanse*	*Dato:*
12/387/12/6493/ASK/TR	FE-151		11.12.2012

MELDING OM VEDTAK I RÅDET FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE - UTTALE TIL BUDSJETT 2013

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande vedtak:
06.12.2012 RÅDET FOR PERSONAR MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE
Handsaming i møtet:
Felesframlegg:
"Rådet for personar med nedsett funksjonsevne tek budsjettframlegget for 2013 frå formannskapet til etterretning, og vil peika på at kommunen må realisera det alternativet for utbygging av senter for funksjonshemma som let seg realisera innanfor den ramma som er gjeven i økonomiplanen."

Framlegget vart samrøystes vedteke.

FUNK-008/12 VEDTAK:
Rådet for personar med nedsett funksjonsevne tek budsjettframlegget for 2013 frå formannskapet til etterretning, og vil peika på at kommunen må realisera det alternativet for utbygging av senter for funksjonshemma som let seg realisera innanfor den ramma som er gjeven i økonomiplanen.

Med helsing

Magda Haugen
Politisk sekretær / sekretær for rådet for personar med nedsett funksjonsevne

SAMNANGER KOMMUNE
Rådmannskontoret

Kommunestyret

Vår referanse	*Arkivkode*	*Dykkar referanse*	*Dato:*
12/387/12/6501/ASK/TR	FE-151		11.12.2012

MELDING OM VEDTAK I ARBEIDSMILJØUTVALET - UTTALE TIL BUDSJETT 2013

Me melder med dette frå om at det er gjort følgjande vedtak:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Saka vert lagt fram utan tilråding frå rådmannen.

28.11.2012 ARBEIDSMILJØUTVALET
Handsaming i møtet:
Utvalet drøfta budsjettframlegget. Det var særleg fokus på vedlikehaldet.

Utvalet vedtok samrøystes ein uttale til budsjett 2013.

AMU-009/12 VEDTAK:
AMU tek budsjett 2013 – slik det er framlagt – til orientering. AMU vil påpeika at marginalt avsette midlar til vedlikehald fort kan ha negative verknader på arbeidsmiljøet. AMU vil påpeika at bruk av vedlikehaldsplanar kan bidra til ein effektiv og god måte å disponera midlane samstundes som det vil gje god informasjon til brukarane av kommunale bygg.

Med helsing

Magda Haugen
Politisk sekretær

UTDANNINGS FORBUNDET

Samnanger

5650 Tysse
tlf. 90916374
e-post: post@Samnanger.utdanningsforbundet.no

SAMNANGER KOMMUNE
SENTRALADMINISTRASJONEN
SAK.NR.....J.NR.....
30 NOV 2012
EMNEKODE:.....
OBJEKTKODE:.....
SAKSH:.....GRADERING.....

Tysse, 27.11.2012

Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 Tysse

Høyringsuttale til merknadane til rådmann sitt framlegg til budsjett for 2013

Skulane:
Rektorane har nok ein gong vore nøkterne med framlegg sine til budsjett 2013. I framlegget til rådmann har dei fått det ein har bedd om knytt til ressursane til undervisning. Det er bra. Utdanningsforbundet Samnanger stiller seg også positivt til at skuleeigar går for tidleg innsats og ei prioritering av delingstimar til 1.-3. trinn, og at det vert 2 fyrsteklassar frå hausten 2013.

Utover det er me naude til å komme med nokre rettingar og tilføyingar knytt til rådmannen sine merknadar.

1. Der står det at talet på klassar på ungdomsskulen vil verta reduserte frå 5 til 4 frå hausten 2013. Me vil opplysa om at det allereie i noverande skuleår berre er 4 klassar. Endringar med "Ny Giv" og nytt valfag vil naturlegvis krevja auka tildeling av timar på ungdomsskulen frå 2013.
2. Utdanningsforbundet Samnanger ville helst sett meir deling av klasser, ev. tildeling av fleire delingstimar. Storleiken på klassane i barneskulen i skuleåret 2013/2014 er førebels følgjande: 1 trinn: 27 elevar (2 klassar), 2. trinn: 35 elevar (2 kl.), 3. trinn: 23 elevar (1 kl.), 4. trinn: 23 elevar (1 kl.), 5. trinn: 28 elevar (truleg 2 klassar), 6. trinn: 32 elevar (2 kl.), 7. trinn: 27 elevar (1 kl.).
3. I merknadane til budsjettet står det (s. 38): *"For Samnanger vil det ikkje vera aktuelt å søkje ekstra tilskot for å få fleire lærarar i ungdomsskulen. Det er 11,6 elevar i gjennomsnitt pr. klasse. Kunn kommunar som i gjennomsnitt har over 20 elevar per lærar på ungdomstrinnet og grunnskolepoeng under snittet for landet kan søke om midlar til forsøket."* Utdanningsforbundet Samnanger vil opplysa om at rådmann oppgjev gjennomsnittstal **inkludert** timane til spesialundervising. Dei skulle ikkje vera med her. Realiteten når det gjeld klassestorleiken på ungdomstrinnet er følgjande: 8. trinn: 27 elevar (ein klasse), 9. trinn: 18+18, 10. trinn: 29 elevar (ein klasse). Dette gjev eitt gjennomsnitt på over 23 elevar. Det er nok slik at kommunen ikkje kunne søkja ekstra midlar, men at departementet delte ut til dei skuler med store klasser og få grunnskulepoeng. Når det gjeld Samnanger har 1996-kullet, som danna grunnlaget for tildeling, vore fagleg svært flink. Men kommunen bør jo ta signala frå regjeringa om at det er stemning for å innføra auka lærartettleik, og kanskje vurdera å auka tildelingane for å kunne få mindre klassar igjen, ev. auka talet delingstimar.
4. Me gjer merksame på at Samnanger kommune brukte mindre pengar på skulen i 2011 enn både landsgjennomsnittet, Hordaland og KOSTRA-kommunar Samnanger kan samanlikna seg med (gr. 2). Sjå s. 37 i merknadane til rådmann.
5. Utdanningsforbundet Samnanger misliker sterkt uttalen at fleire lærarar må rekna med å ha undervisning både på ungdomstrinnet og mellomtrinnet. I ein travel kvardag vil dette føre til ei auka påkjenning for den einskilte læraren. Å bruka arbeidstid til å reise frå Gjerde til Tysse, eller omvendt er ikkje lønsamt. I tillegg måtte ei slik ordning gå utover tilsynet med elevar i friminutta (inspeksjon), noko som er viktig for tryggleiken og utvikling av sosial kompetanse. Lærarane på ungdomsskule har i dag 100 minuttar inspeksjon per veke for å skapa ein trygg kvardag.

Vidare vil ei slik ordning gå utover samarbeidet på arbeidsplassen. Då lærarane fekk utvida bunden tid til skulen i 2006, var ei av grunngjevingane å betre rammevilkåra for samarbeid og møte mellom lærarane. Allereie no ser me nokre utfordringar knyt til trinnteammøte. Sidan dei fleste lærarane underviser på fleire trinn, er det ikkje lett å finna tid til samarbeid. Når det i tillegg vert slik at ein er på forskjellige skuler, vert dette endå vanskelegare. Å jobba to stadar vil også påverka trivsel, tilknyting til arbeidsplassen og arbeidsmiljøet generelt. Lærarane vil bruke tida si til å kunna førebu god undervisning, ikkje til å reise. Ei ordning med å jobba på to arbeidsplassar vil klart føra til at arbeidsplassane i skulane i Samnanger kommune vert mindre attraktive, både på grunn av at klassene er blitt store dei siste åra og at reising mellom arbeidsplassane kjem i tillegg. Det vil både gå utover å behalde og å rekruttera dyktige lærarar. Sidan Samnanger no ligg så pass lågt når det gjeld utgiftar i skulesektoren samanlikna med andre, bør skuleeigar faktisk vurdera å auka tildelingane i periodar for å sikra fagkompetansen, i staden for å gå inn for at lærarar må jobba to stadar.

6. Utdanningsforbundet Samnanger støtter Sosial- og helseeininga sitt ynskje om å auka ressursen til helsesyster. Helsesyster er ein svært viktig støttefunksjon i skulekvardagen. Ressursen vedkommande har i skulen strekkjer ikkje til, sidan behovet har auka dei siste åra. Faste arbeidsoppgåver knyt til stillinga og regelmessige samtalar krev så mykje at det er lite rom for elevar som ynskjer andre avtalar med helsesyster.

Leiingsressurs:
På barneskulen har det vore lite reduksjon i leiingsressursen etter samanslåinga av dei to barneskulane. Dette har vore fornuftig fordi samanslåinga og planlegging og bygging av nybygget har kravd mange ressursar. Likevel, arbeidspresset i kvardagen er stort og det er naudsynt at ein ikkje reduserer administrasjonsressursen i framtida, for å sikre tilstrekkeleg tid til pedagogisk og administrativ leiing.

På ungdomsskulen ser ein behov for å auka administrasjonsressursen. Dette er ikkje teke med i framlegget til rådmannen og heller ikkje i økonomiplanen. Arbeidsoppgåvene har auka dei siste åra, samtidig som administrasjonsressursen har stått stille. Det som har kome i tillegg dei siste åra er utarbeiding av to sett med arbeidsplanar og timeplanar (tidlegare berre ein), meirarbeid knytt til gjennomføring av nasjonale prøver, utviklingsarbeid, administrering av valfag og "Ny giv". Særleg auka krav til dokumentasjon har påverka arbeidspresset.

Skuleeigar har varsla ein gjennomgang av leiingsstrukturen i skulane. Per dags dato veit ikkje Utdanningsforbundet Samnanger meir enn det som har kome fram i Samningen 15.11om dette. Dei same opplysingane blei også gitt på sist møte i Administrasjonsutvalet 24.10. Men me kjem til å senda eigen uttale/ informasjonsskriv til politikarane i januar 2013 om kva organisasjonen meiner om leiingsstruktur i skulen. I utgangspunktet ser me ingen fordel med at leiaren som har økonomi- og personalansvaret ikkje er dagleg til stades på arbeidsplassen, slik det må bli viss ein person har ansvaret for to skular.

Barnehagane:
I merknadane til budsjettframlegget frå rådmann er det lagt inn at ein held fram med tilbodet om kulturskulen inn i barnehagen, og det er bra. Vidare går det fram at ein har lagt inn ekstra ressursar til målretta språkutvikling. Dette har Utdanningsforbundet Samnanger etterlyst lenge fordi tidleg innsats er viktig. Men ein ser framleis eit behov for spesialkompetansen ein logoped har.

Kompetansehevingsprosjektet ***"De utrolige årene"*** vert finansiert med fondsmidlar øyremerka for dette. Heile barnehagepersonalet vert i samarbeid med PPT teken med på programmet som går på sosial kompetanseåtferd. Samnanger har eit godt kvalifisert personale, og dette vil styrke personalet i barnehagen ytterligare. Dette er i tråd med tidleg innsats og svært positivt. Me ser at det vil bli bruk for vikarar for å få gjennomført dette prosjektet og ser at vikarkutt kan virka negativt inn på kvaliteten i barnehagen under prosjektet og elles i kvardagen. Behovet for vikarar er viktig for å gjennomføra planlagde aktiviteter og oppretthalde god kvalitet i barnehagen.

Når det gjeld utstyr, er det ynskje om eit nettbrett til kvar avdeling. Dette vil hjelpa å oppfylle målet i rammeplanen når det gjeld at barna skal utvikla IKT kompetanse.

Med venleg helsing

Katja Oberle
-for styret i Utdanningsforbundet Samnanger -